

---

# Kristne grupper si oppfatning av den norske seksualundervisninga

---

Ein kvalitativ studie av informantar frå Den norske kyrkja, Den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja i Bergen si oppfatning av den offentlege seksualundervisninga i Norge

Arnborg Karin Grinde

Masteroppgåve i Religionsvitenskap



Haut 2023

RELV350

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap Universitetet i Bergen



## Abstract:

The topic of sexual education is thought of as not equally controversial in Norway as in several other Western countries. However, several complaints and criticisms have been voiced against the current public sexual education in Norway by Christian parents and communities. This tells us that certain Christian groups are in opposition of what they perceive as the way sexual education is being conducted in public schools in Norway. This master's thesis answer the following question; "What views have representatives from the Norwegian Church, the Catholic Church and the Methodist Church in Bergen of sexual education in Norwegian public schools, and what is the background of these views?"

The question is answered through qualitative semi-structured interviews of four representatives of the Norwegian Church, three representatives of the Catholic church and three representatives of the Methodist Church in Bergen. These interviews have been analysed through a thematic content analysis and discussed in the light of social identity theory, feminist theory, queer theory and relevant background material. There is a consensus among all the informants that sexual education is important, and that children need to be educated in topics connected to gender and sexuality. However, the informants from the Norwegian Church seems to have greater trust in the abilities of teachers and public schools to conduct sexual education objectively and appropriately than those from the other churches. The different churches have different histories and different connections to the Norwegian society and therefore their social identity and intergroup relations are not the same. This is also true for their positioning towards heteronormative structures in society.

This project will contribute to a better understanding of what Christians believe to be objecting against when they protest sexual education in Norwegian public schools. By researching several different Christian denominations in the same city, the thesis also showcases the diversity of Christianity in Norway. Because of the size of the sample it is not possible to generalise about the Christian perception of public sexual education in Norway, but one can get insights into what perceptions exist in the different groups and lay the ground for future research.

**English title: Christian Groups' Perception of Sexual Education in Norway**



## Forord

Etter eit år med historie og fem år på lektor i religionsvitskap er mi tid på Universitetet i Bergen snart over for denne gang. Eg må innrømme at sjølv om det skal bli godt å verte ferdig med ei lang studietid, har ho samstundes gått alt for fort. Masteråret har bydd på både oppturar og nedturar. Eg vil likevel takke medstudentane mine for å ha gjort dette og dei tidlegare åra på UiB minnerike og kjekke. Spesiell takk går til studievenninnene mine Marie, Thea og Mina. Dei har vore gode støttespelarar i denne perioden, med fine samtaler og kloke råd.

Eg vil også takke informantane mine som stilte villig opp til prosjektet. Utan dykk ville ikkje dette vore mogleg.

Eg vil særleg takke min tolmelige, dyktige og motiverande rettleiar Christian Mauder for å hatt trua på meg og prosjektet. Han har heile tida vore tilgjengeleg for alle slags spørsmål og mas. Utan hjelpa hans ville eg nok aldri komme i mål.

Takk også til støtte og hjelp frå familien som har gjort det mogleg for meg å kome heim til Balestrand i innspurten av innlevering. Takk til mamma som stadig prøver å finne nye måtar å motivere meg på. Og ikkje minst takk til pappa som har brukt store deler av fritida si på å korrekturlese over 100 sider med masteroppgåve. Takk og til mine bestevenninner heime i Balestrand som har gitt meg høgst nødvendige pausar frå skrivinga når det trengst. Og som alltid har kome med støttande og oppmuntrande ord når eg sjølv har vore pessimistisk.

Til slutt vil eg takke min fantastiske og forståelsesfulle forlovede, Arild, som har bidrege til at masterperioden har vore tusen gongar lettare. Og som har gitt meg lov å sitte oppe og skrive på alle tidspunkt i døgnet sjølv om han skulle på jobb klokka åtte.

Balestrand, 31. August 2023



## Innholdsfortegnelse

<b>1. Introduksjon</b> .....	1
<b>1.1 Aktualitet og grunngjeving</b> .....	1
<b>1.2 Problemstilling</b> .....	2
<b>1.3 Omgrepsavklaring</b> .....	3
1.2.1 <i>Heilskapleg seksualundervisning</i> .....	3
1.2.2 «Skeiv» og «LHBTQI» .....	4
<b>1.3 Oppgåva sin struktur</b> .....	4
<b>2. Bakgrunn</b> .....	6
<b>2.1 Dei utvalde kyrkjesamfunna si utvikling i Norge og Bergen, og synet på seksualitet</b> .....	6
2.1.1 <i>Den norske kyrkja i Norge og i Bergen</i> .....	6
2.1.2 <i>Den Romersk-katolske kyrkja i Norge og Bergen</i> .....	7
2.1.3 <i>Metodistar i Norge og i Bergen</i> .....	8
<b>2.2 Dei aktuelle kristne gruppene sitt syn på seksualitet og seksualundervisning</b> .....	9
2.2.1 <i>Den norske kyrkja</i> .....	10
2.2.2 <i>Den romersk-katolske kyrkje</i> .....	14
2.2.3 <i>Metodistkyrkja</i> .....	17
<b>2.3 Historisk utvikling av skulen og seksualopplysninga i Norge</b> .....	20
2.3.2 <i>Oversikt over seksualitetsundervisning i læreplan etter kunnskapsløftet 2020</i> .....	23
<b>2.4 Norsk og Internasjonal forskning</b> .....	24
2.4.1 <i>Støle-Nilsen (2022), Goldschmidt-Gjerløw (2022) og Bartz (2007) forskning av dagens seksualundervisning i Norge</i> .....	25
2.4.2 <i>Dent og Maloney (2017), Cameron et al. (2019) og foreldre sine oppfatningar av seksualundervisning</i> .....	28
2.4.3 <i>Svendsen (2018), Yu og Lee (2018) og helse mot moral i seksualundervisning</i> .....	29
<b>2.5 Oppsummering</b> .....	32
<b>3. Teori</b> .....	33

<b>3.1 Sosial identitetsteori</b> .....	33
3.1.1 <i>Sosial identitetsteori</i> .....	34
3.1.2 <i>Inngrupper og utgrupper</i> .....	35
3.1.3 <i>Meta-kontrast prinsippet og inngruppas status</i> .....	36
<b>3.2 Feministisk teori og kjønn</b> .....	37
3.2.1 <i>Feminismen sin vekst og feministisk teori</i> .....	38
3.2.2 <i>Feministisk teori og kjønn</i> .....	39
<b>3.3 Skeiv teori</b> .....	41
3.3.1 <i>Skeiv teori</i> .....	41
3.3.2 <i>Det heteronormative system</i> .....	41
3.3.3 <i>Skeiv teori og religionsvitskap</i> .....	42
<b>3.4 Skeiv og feministisk teori sin analyse av heteronormativitet</b> .....	43
3.4.1 <i>Heteronorma i det moderne samfunnet og skulen</i> .....	43
3.4.2 <i>Heteronorma i religion, kristendom og samfunnet sin livslaupsmodell</i> .....	44
<b>3.5 Oppsummering</b> .....	46
<b>4. Metode</b> .....	47
<b>4.1 Kvalitative metoder og intervju</b> .....	47
4.1.1 <i>Kvalitative metoder</i> .....	47
4.1.2 <i>Intervju</i> .....	48
4.1.3 <i>Semistrukturerte intervju</i> .....	49
<b>4.2 Intervjuguide</b> .....	50
4.2.1 <i>Intervju og intervjuguide</i> .....	50
4.2.2 <i>Pilotintervju</i> .....	51
<b>4.3 Datainnsamling</b> .....	52
4.3.1 <i>Rekruttering av informantar</i> .....	52
4.3.2 <i>Utval av informantar</i> .....	53
<b>4.4 Presentasjon av informantane</b> .....	54



4.4.1 Den norske kyrkja .....	54
4.4.2 Den romersk-katolske kyrkja .....	55
4.4.3 Metodistkyrkja .....	56
<b>4.5 Intervju og gjennomføring .....</b>	<b>57</b>
4.5.1 Gjennomføring av intervju .....	57
4.5.2 Forskarrolla .....	58
4.5.3 Transkribering .....	60
<b>4.6 Forskingsetiske omsyn .....</b>	<b>60</b>
<b>4.7 Forskinga sine kvalitetskriterier .....</b>	<b>62</b>
<b>4.8 Analyse .....</b>	<b>64</b>
<b>4.9 Oppsummering .....</b>	<b>66</b>
<b>5. Presentasjon og Analyse .....</b>	<b>67</b>
<b>5.1 Seksualundervisning i skulen .....</b>	<b>67</b>
5.1.1 Den norske kyrkja .....	67
5.1.2 Den romersk-katolske kyrkja .....	70
5.1.3 Metodistkyrkja .....	74
5.1.4 Samanlikning og drøfting .....	77
<b>5.2 Seksuelle normer .....</b>	<b>82</b>
5.2.1 Den norske kyrkja .....	82
5.2.2 Den romersk-katolske kyrkja .....	84
5.2.3 Metodistkyrkja .....	90
5.2.4 Samanlikning og drøfting .....	93
<b>5.3 Seksualundervisning i Kyrkja .....</b>	<b>98</b>
5.3.1 Den norske kyrkja .....	98
5.3.2 Den romersk-katolske kyrkja .....	101
5.3.3 Metodistkyrkja .....	103
5.3.4 Samanlikning og drøfting .....	106

<b>5.4 Oppsummering</b> .....	110
<b>6. Avslutning og vegen vidare</b> .....	111
<b>6.1 Funn i oppgåva</b> .....	112
<b>6.2 Vegen vidare</b> .....	113
Bibliografi.....	114
<b>Vedlegg 1: Intervjuguide</b> .....	124
<b>Vedlegg 2: Informasjonsskriv</b> .....	125
<b>Vedlegg 3: Sex og Samfunn Ressurshefte</b> .....	129



# **1. Introduksjon**

## **1.1 Aktualitet og grunngjeving**

I Norge og Norden har ikkje seksualundervisning vore rekna som like kontroversielt som i andre vestlege land. Det er gjerne stor semje i Norge om at ein skal lære vekk informasjon om prevensjon, kjønnsjukdommar og andre praktiske problemstillingar samt kjenslemessige faktorar som omhandlar korleis sex og seksualitet kan opplevast for det enkelte individ (Bartz, 2007, s. 18-19; Svendsen, 2018, s. 137). Skeiv og LHBTQI tematikk har også stadig fått meir plass og er vorte teke meir omsyn til i den offentlege seksualundervisninga (Støle-Nilsen, 2022, s. 30-31). Det har vorte gjort forskning på oppfatningar kristne foreldre og leiarar i kyrkjer i USA har angåande seksualundervisning. Her kjem det fram ei meir liberal innstilling til seksualundervisninga enn det politikarar har anteke og som lovene reflekterer (Dent & Maloney, 2017, s. 152). Sjølv om det ikkje har vore gjort like tydeleg forskning på kristne i Norge har fleire religiøse og kristne miljø gjennom ulike medium uttrykt kritikk eller usemje mot seksualundervisninga. Bartz (2007) påpeiker at seksualundervisninga ikkje er tilpassa det han kallar konservative religiøse familiar og kan stride mot deira verdiar utan moglegheit for fritak (Bartz, 2007, s. 28). Eit nyleg eksempel er ei foreldregruppe i Kristiansand som ønsker fritak frå denne undervisninga. Dei tykkjer at elevane er for unge i høve til mykje av tematikken som blir presentert. Difor ber dei heller om å få moglegheita til å ta eige ansvar for seksualundervisninga (NRK, 2023). Eit anna eksempel på motstand er Facebook-gruppa «Kristent Foreldrenettverk». Innan denne gruppa er det fleire som er kritisk til organisasjonen «Sex og politikk» sin innblanding i seksualundervisninga (Johansen, 2023). Sex og politikk beskriv seg sjølv som «en ideell og partipolitisk uavhengig medlemsorganisasjon som jobber for å styrke og informere om seksuell og reproduktiv helse og rettigheter, både i Norge og internasjonalt». (Sex og politikk, u.å.a). Sex og politikk tilbyr skular gratis materiale til seksualundervisninga kalla «Uke 6» sidan undervisninga gjerne vert gjennomført den sjette veka i året. Uke 6 er materiell for alle klassetrinn tilpassa LK20 og er spesielt undervisning knytt til det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring (Sex og politikk, u.å.b; Johansen, 2023). Over halvparten av grunnskulane i Norge var registrerte for bruk av Uke 6 i skuleåret 2022/2023 (Sex og politikk, u.å.b). I den kristne dagsavisa Vårt land vert det rapportert at fleire i «Kristent Foreldrenettverk» tykkjer opplegget frå Sex og politikk fremmar ei «kjønnsforvirrande undervisning». Kritikken går på at undervisninga vidarefører eit ideologisk syn på kjønn som ikkje er basert på naturvitskap. Nokre av dei vel å kalle Uke 6 eit overgrep mot barn. I tillegg til dette er fleire usamde i korleis tema rundt samtykke, nakenbilete og porno

vert presentert i klasserommet (Johansen, 2023). Yu og Lee (2018) beskriv seksualundervisning inspirert av kristne verdiar som heteronormative og monogame (Yu & Lee, 2018, s. 80). Det er ikkje uvanleg å tenke seg at kristne difor opponerer mot ei seksualundervisning som presenterer eit mangfald rundt seksualitet og kjønn utover det heterofile og det binære med mann og kvinne. Derimot viser Svendsen (2018) til at luthersk kristendom i Sverige ikkje er oppfatta til å vera i konflikt med offentleg svensk seksualundervisning (Svendsen, 2018, s. 147). Her er seksualundervisninga skildra som meir ekskluderande for religiøse minoritetar (Svendsen, 2018, s. 139-140).

## **1.2 Problemstilling**

Vi ser dermed at det er ein aktiv debatt og konflikt rundt seksualundervisninga i Norge. Her står blant anna enkelte kristne grupper i opposisjon til korleis dei oppfattar seksualundervisninga i den offentlege skulen går føre seg. I andre land som USA er denne konflikten vore meir forska på. Resultata herifrå viser at kristne reaksjonar til seksualundervisninga er meir komplekse enn ein først kanskje ville trudd. I Norge har vi ikkje mykje synleg forskning på emnet, og vi veit ikkje korleis ulike kristne kyrkjer i Norge posisjonerer seg i forhold til seksualundervisninga. Difor tykte eg det ville vore interessant å undersøke kva oppfatningar medlemmer i både Den norske kyrkja og frå minoritetskyrkjer som Den romersk-katolske kyrkje og Metodistkyrkja i Bergen hadde til offentleg seksualundervisning. Dette prosjektet kan bidra til ei betre forståing for kva kristne oppfattar dei protesterer mot når dei kritiserer seksualundervisninga. Prosjektet viser også at desse oppfatningane varierer på tvers av grupper, noko som også fortel oss noko om det kristne mangfaldet i Norge. Dei teoretiske perspektiva bidreg også til å forstå kristen identitetsforming i Norge. Som kommande lektor i religionsvitskap kan dette også hjelpe meg personleg som lærar. Det gjev meg eit meir nyansert bilete av bekymringane kristne foreldre har når det kjem til seksualundervisning, og kan hjelpe meg å gjere seksualundervisninga meir inklusiv. Grunna størrelsen og tida til dette prosjektet var det ikkje mogleg å få eit generalisert resultat på kristne sin oppfatning av seksualundervisninga. Men prosjektet kan vera med å gi ein peikepinn på kva tankar som eksisterer innan dei ulike miljøa og bidra til framtidig forskning. Prosjektet mitt har då sett som føremål å undersøke og gje svar på følgande problemstilling:

Kva oppfatningar har representantar frå Den norske kyrkja, Den romersk-katolske kyrkje og Metodistkyrkja i Bergen av den offentlege seksualundervisninga i norsk skule, og kva er bakgrunnen til desse?

For å svare på problemstillinga legg eg og til tre forskingsspørsmål som rettleiande for strukturen i oppgåva:

1. Kva oppfatning har informantane av seksualundervisninga i den offentlege skulen?
2. Korleis knyt informantane sine verdiar til dei seksuelle normene i samfunnet?
3. Kva oppfatning har informantane av korleis dei som kyrkje formidlar sin seksualetikk og verdiar knytt til seksualitet?

### **1.3 Omgrepsavklaring**

#### *1.2.1 Heilskapleg seksualundervisning*

Lektor Marianne Støle-Nilsen definerer i «Helhetlig seksualitetsundervisning i skolen» (2022) seksualundervisning eller seksualitetsundervisning kort som «undervisning som omhandlar seksualitet» (Støle-Nilsen, 2022, s. 17). Støle-Nilsen (2022) referer også til Verdens helseorganisasjon sin definisjon på seksualundervisning som er presentert i strategien til regjeringa for seksuell helse, med tittelen «Snakk om det!»:

Seksualitetsundervisning defineres av WHO Europa som en livslang prosess hvor individet tilegner seg informasjon og danner egne holdninger og verdier. Seksualitetsundervisning etter denne standarden omfatter temaer som seksuell utvikling, seksuell og reproduktiv helse, relasjoner mellom mennesker, følelser, intimitet, kroppsbilde og kjønnsroller. Det vektlegges at undervisningen skal respektere menneskerettigheter og mangfold, tilpasses barn og unges alder, kunnskapsbehov og kulturbakgrunn, oppmuntre til kritisk tenking og kommunisere en positiv livsløpstilnærming til seksualitet. Undervisningen skal være fundert i vitenskapelig informasjon og bør diskutere konsekvenser av at menneskerettigheter/ seksuelle rettigheter krenkes. (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 15)

Støle-Nilsen (2017) legg også vekt på omgrepet «heilskapleg» seksualundervisning for å skildre ei undervisning som skjer over tid og som rommar alle emne og problemstillingar ein kan knyte til seksualitet. Dette skal gi barn og gi unge eit positivt forhold til seksualitet der dei kan leve eit godt liv og ta sjølvstendige val i møte med andre (Støle-Nilsen, 2017, s. 18). Seksualundervisninga er forankra både i den overordna delen av læreplanen og i læreplan for fag. Ho fungerer som eit tverrfagleg tema fordelt mellom fleire fag og fleire trinn (Støle-Nilsen, 2022, s. 18). Støle-Nilsen (2022) hevdar at ein heilskapleg seksualundervisning som ei danningstilnærming burde inkludere tre ulike tilnærmingar i eitt (Støle-Nilsen, 2022, s. 45). Den første tilnærminga er ei helsemessig tilnærming med fokus på tema som «kondombruk,

forekomst av seksuelt overførbare infeksjoner og forekomst av fremprovosert abort» (Støle-Nilsen, 2022, s. 35). Så må ein inkludere ei kriminalitetstilnærming som vektlegg på å «opplyse om og forebygge kriminell seksualatferd, som for eksempel seksuelle overgrep og voldtekt» (Støle-Nilsen, 2022, s. 37). Til slutt må ei heilskapleg seksualundervisning også ha ei kjønn og mangfaldstilnærming som «kjennetegnes av en oppfatning av at formålet med seksualitetsundervisningen er at alle elever, uavhengig av kjønn, kultur, identitet og seksuell orientering, opplever at de er inkludert, akseptert og informert om kjønns- og seksualitetsmangfold» (Støle-Nilsen, 2022, s. 45).

### 1.2.2 «Skeiv» og «LHBTQI»

«Skeiv» har, sidan første dokumenterte bruk på 1500-talet, vore eit omgrep brukt for å skildre og legge skam på identitetar, verdier og praksis utanfor grensene akseptert av samfunnet (Oxford, 2023; Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Skeivheit blei sett på som motsatsen til det som er rekna som samfunnet sine normer. Omgrepet var tidleg brukt for å skilje mellom kva som var bra og dårleg. Her ønskte ein å oppmuntre individ til å rette seg etter desse normene (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Utover 1990-talet har omgrepet «skeiv» vorte teke tilbake av aktivistar og akademikarar og rekonstruert for å representere ein slags motstand mot dei normative kreftene i samfunnet (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450; Britnall, 2013, s. 52; Jagose, 1996, s. 1-2). Ein ville endre «skeiv» frå å representere noko undertrykkande til noko positivt, politisk og eit føretrekt bilete av sjølvstet (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). «Skeiv» blir også brukt til å summere opp alle seksualitetar som ikkje er heterofile, slik som lesbisk, homofil, biseksuell, transkjønna, interseksuell og aseksuell (Britnall, 2013, s. 52; Schippert, 2011, s. 70).

LHBTQI er ei direkte forkorting for lesbisk, homofil, bifil, trans, queer og interkjønn. Bokstavsamlinga kan også vere i kortare eller i lengre form og inkludere for eksempel «A» for aseksuell (Hines, 2022, s. 97). Omgrepa «Skeiv» og «LHBTQI» brukar eg om kvarandre gjennom prosjektet. Dette er også omgrep informantane mine tek i bruk.

## 1.3 Oppgåva sin struktur

Oppgåva er delt inn i seks kapittel inklusive dette introduksjonskapittelet. I neste kapittel skal eg presentere relevant bakgrunn knytt til utviklinga av dei tre aktuelle kyrkjene i Norge og i Bergen. Eg skal også skildre desse kyrkjesamfunna sine offisielle syn på seksualitet og seksualundervisning. I tillegg skal eg forklare utviklinga av seksualundervisninga i Norge og kvar vi står i dag i forhold til læreplanen. I slutten av kapittelet skal eg presentere relevant forskning omkring både seksualundervisning og kristne sine oppfatningar av denne frå USA, Norge og Norden. Sidan kristne si oppfatning av seksualundervisning er underrepresentert i

norsk forskning vil denne for det meste kun ta for seg religiøse minoritetar si oppleving av undervisninga. Difor vert forskinga frå USA viktig for analysen.

I det tredje kapittelet presenterer eg relevant teori som eg tek i bruk i analysen. Først skal eg skildre sosial identitetsteori som skal bidra til å forklare korleis informantane opplever deira kristne identitet er med på å påverke deira oppfatning av den offentlege seksualundervisninga. Deretter skal eg presentere feministisk teori og skeiv teori som forklarar og kritiserer heteronormative strukturar som styrer forventingar og forståingar samfunnet har av seksualitet. Eg skal i det fjerde kapittelet gjere greie for metodiske val eg har gjort i oppgåva samt presentere informantane og intervjuprosessen. Eg utførte semistrukturerte intervju med ein intervjuguide. Eg presenterer informantane kyrkje for kyrkje, og skildra deira stilling og omtrentleg alder samstundes som dei er anonymiserte. Til slutt beskriv eg valet mitt av å utføre ein tematisk innhaldsanalyse.

Det femte kapittelet inneheld presentasjonen av mine funn, analyse og drøfting. Dette gjer eg ved å dele funna i tre forskjellige delkapittel. Desse skal svare på kvart forskings spørsmål og er som følgjande: Seksualundervisning i skulen, seksuelle normer og seksualundervisning i kyrkja. Etter å ha presentert funna avsluttar eg kvart delkapittel med ein komparativ analyse. Her drøftar eg funna i lys av bakgrunn og teori. Der viser eg blant anna til at alle informantane frå dei ulike kyrkjene har eit ønske om ei god og informativ seksualundervisning som kan bidra til at dei unge får eit sunt forhold til eigen seksualitet. Derimot viser det seg at det er vekslende tillit til om den norske skulen gjennomfører seksualundervisninga på ein god måte. Der Den norske kyrkja hadde eit meir uproblematisk syn på seksualundervisninga hadde Metodistkyrkja og særleg Den katolske kyrkja eit meir kritisk blick. Gjennom sosial identitetsteori reflekterer eg korleis informantane sin tilknytning til sin kristne identitet formar deira oppfatning av den offentlege seksualundervisninga. Det kristne kyrkjesamfunnet vert ein del av deira sosiale inngruppe medan den offentlege skulen vert ei utgruppe. Forholda i desse intergrupperelasjonane skil seg utifrå kva kyrkjesamfunn informantane høyrer til. Eg nyttar også feministisk teori og skeiv teori til å reflektere over korleis informantanes oppfatning av kjønn og heteronormative strukturar påverk deira seksualetikk og korleis dei stil seg til seksualundervisninga. Til slutt kjem ei oppsummering av alle mine hovudfunn. Eg avsluttar det sjettemte kapittelet med ei oppsummering og stadfesting av konklusjonen i analysen som var drøfta i lys av teori og bakgrunn. Til slutt viser eg til moglege forslag til vidare forskning blant anna relatert til kristne samfunn i Norge si oppfatning og relasjon til seksualundervisning.



## **2. Bakgrunn**

Eg skal i dette kapitlet presentere historiske utviklinga til dei tre aktuelle kyrkjesamfunna i Norge og Bergen. Deretter også relevant bakgrunn til generelle oppfatningar hjå desse med tanke på seksualitet og seksualundervisning. Eg inkluderer offisielle synspunkt på seksualitet og seksualundervisning for å illustrere forventna oppfatning til informantane. Vidare skal eg gi ei oppsummering av seksualopplysning og seksualundervisning. Til slutt går eg gjennom relevante deler av norsk og internasjonal forskning som fokuserer på kristne og andre religiøse sine oppfatningar av seksualundervisninga.

### **2.1 Dei utvalde kyrkjesamfunna si utvikling i Norge og Bergen, og synet på seksualitet**

Vedtaket av dissenterlova i 1845 let fleire religionssamfunn drive religionsutøving. Ein kristen pluralisme kunne blomstre (Andreassen, 2018, s. 64-65; Ulvund, 2017). Likestilt religionsfridom vart likevel ikkje formell før grunnlovsendinga i 1964 (Ulvund, 2017, s. 11). Dissenterlova førte med seg at Den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja fekk vekse i Norge og i Bergen. Den norske kyrkja skilte seg etter kvart frå staten. Utviklinga desse tre ulike kyrkjesamfunna har hatt i Norge og i Bergen er med på å gi eit bilete av bakgrunnen til mine informantar sin oppfatning av samfunnet rundt seg vidare seksualundervisninga i den skulen, og her skal eg gi eit historisk overblikk av desse.

#### *2.1.1 Den norske kyrkja i Norge og i Bergen*

Norge var romersk-katolsk inntil den dansk-norske kongen Christian III (k. 1536-1559) innførte den evangelisk-lutherske kyrkja gjennom reformasjonen i 1536-1537 (Dokka, 2018, s. 59; Oftestad & Sødal, 2002, s. 99). Evangelisk-lutherdom kjem frå den reformatoriske bevegelsen utløyst i den tyske byen Wittenberg av munken Martin Luther (1483-1546) (Oftestad, 2002, s. 79-81). Som følgje av dissenterlova fekk den evangeliske-lutherske kyrkja namnet «statskyrkja» for å skilje den frå andre kyrkjesamfunn. Den fekk seinare namnet «Den norske kyrkja» etter «Lov om Den norske kirkes ordning» frå 1953 (Nilsen, 1993, s. 129). Før kyrkje og stat skilde lag i 2012 hadde både kommunane og staten ansvaret for viktige kyrkjelege oppgåver (Nilsen, 1993, s. 130; Dokka, 2018, s. 57). Den norske kyrkja er skildra som ei evangelisk-luthersk folkekyrkje, stadfesta i grunnlovsendingane i 2012 (Nilsen, 1993, s. 129; Dokka, 2018, s. 57; Oftestad & Sødal, 2002, s. 99). Definisjonen av «folkekyrkje» er uklar, men Dokka (2018) hevdar at det må bety at Den norske kyrkja er knytt til det norske folk og kan sjåast på som for folk flest (Dokka, 2018, s. 57).

Den norske kyrkja har i dag elleve bispedøme med ein tolvte leiande biskop på toppen (Dokka, 2018, s. 77). Bispedøma er inndelt i prosti med prostar og sokn med sokneprestar (Dokka, 2018, s. 78). I 2012 la det offentleg oppnemnde «Gjøannes-utvalet» leia av fylkesmann Kåre Gjøannes forslag til ei grunnlovsending der kyrkja og staten skulle skiljast. Målet var ei sjølvstendigjering av Den norske kyrkja. Denne prosessen vart fullført rundt årsskiftet 2016/17. Den norske kyrkja var ikkje lenger ei statskyrkje, men framleis grunnlovsfesta som folkekyrkje (Dokka, 2018, s. 69-70). Ved utgangen av 2022 var 3 499 092 eller ca 63,7 % av den norske befolkninga medlemmer av Den norske kyrkja (Den norske kirke, 2023c).

Vestland fylke er underlagt Bjørgvin bispedøme med hovudsete i Bergen (Valkner, 1970, s. 167; Supphellen, 1970, s. 183). Dei 25 meinigheitene i Bergen er igjen under Bergen kirkelege fellesråd (Den norske kirke, 2023b). Rådet består av ein person frå kvar meinighet, ein representant oppnemnt av biskopen og ein representant frå kommunen (Den norske kirke, 2023a). Rådet har ansvar for alle kyrkjebygg og gravplassar og dei administrative oppgåvene til meinigheitene (Den norske kirke, 2023b). Bjørgvin bispedøme har i dag omkring 451 899 medlemmer (Statistisk sentralbyrå, 2022).

### *2.1.2 Den Romersk-katolske kyrkja i Norge og Bergen*

Den katolske kyrkja oppstod etter at Olav den Heilage (konge 1015-1028) fullførte ei gradvis kristning. Erkebispesetet i Nidaros og fire øvrige bispesete vart oppretta i 1152 (Hadland, 2018, s. 102; Leer-Salvesen, 2002, s. 40). Etter reformasjonen i 1537 vart romersk-katolsk religionsutøving forbode (Hadland, 2018, s. 102; Leer-Salvesen, 2002, s. 41). Den katolske kyrkja fekk i 1843 løyve til å danne eigen kyrkjelyd i Christiania. Med dissenterlova fekk dei spreie seg vidare og opprette misjonsstasjonar i landet (Müller, 2011, s. 46). Desse første katolikkane var først og fremst utanlandske europearar som jobba som handtverkarar, handelsfolk og diplomatar. (Müller, 2011, s. 50; Hadland, 2018, s. 102). Etter kvart konvertere også ein del nordmenn (Wisløff, 1974, s. 36). Messene gjekk først føre seg på latin. «Det andre vatikankonsil» frå 1962-1965 hadde som føremål å oppdatere Den katolske kyrkja der ein mellom anna innførte messe og liturgi på folkespråket. Det var først no den romersk-katolske kyrkja i Norge vaks ordentleg (Hadland, 2018, s. 102). Etter kvart som katolikkar i Norge fekk norskfødde barn og fleire i landet konverterte var meinigheitene norskprega fram til 1970-talet. Etter fleire innvandrarbølger i Norge frå 1970-talet opplevde ein større mangfald. Å ta venleg imot katolikkar frå andre land er noko norske katolske meinigheiter har teke på seg som si oppgåve (Müller, 2011, s. 50). Grunna fleirnasjonalitet og eit mindretal av nordmenn finns katolske messer på fleire språk (Hadland, 2018, s. 101). Det å dele kyrkja si tru og liv i

fellesskap har vorte viktig for katolske meinigheitar. Dei jobbar også aktivt for ulike tilbod for unge for å hindre seinare fråfall (Müller, 2011, s. 50-51). Våren 2023 var det registrert 165 700 katolikkar i Norge (Regjeringen, 2023) Bispedømme finn vi i Tromsø, Trondheim og Oslo. Alle katolikkar sør for Dovre er under Oslo bispedømme. Dette tilseier 90% av alle medlemmen inklusive Den katolske kyrkja i Bergen (Hadland, 2018, s. 102).

Christopher Holfeldt-Houen vart i 1858 sendt til Bergen og oppretta St. Pauls menighet (Eidsvig, 2008, s. 11; Brodersen, 2008, s. 6). St. Pauls menighetsskole var i drift frå 1873 (Høgh, 2008, s. 106) og St. Pauls kyrkje vart innvia i 1876 (Müller, 2011, s. 46; Eidsvig, 2008, s. 14). I dag er St. Pauls barne- og ungdomsskule eit bygg i tilknytning til kyrkjebygget innvia i 1991 (Høgh, 2008, s. 125). Frå februar 2016 var det registrert over 19.000 frå St. Pauls menighet (St. Paul Menighet, 2016).

### *2.1.3 Metodistar i Norge og i Bergen*

Metodismen oppstod som ein vekkingsbevegelse innan den anglikanske kyrkja i England danna av presten John Wesley (1703-1791) i 1738 (Wisløff, 1974, s. 104, 106; Haddal, 1977, s. 11; Wendel, 2018, s. 151-153). Wesley møtte kritikk frå den anglikanske kyrkja og fekk ikkje lov å bruke preikestolen til bodskapen sin. Dette fordi han blant anna forkynte frelse gjennom tru aleine, noko kyrkja meinte undergrov moralen (Wendel, 2018, s. 152). Wesley og tilhengarane hans tok forkynninga vidare til Nord-Amerika. Her ordinerte Wesley sjølv predikantar (Haddal, 1977, s. 11-12). Etter den Amerikanske frigjeringskrigen vart metodistane organisert som eige kyrkjesamfunn i 1784 som «The Methodist Episcopal Church» (Haddal, 1977, s. 11-12; Wendel, 2018, s. 151).

Metodistkyrka kom til Norge først frå USA via sjømannen Ole Peter Petersen (1822-1901) i 1849 (Haddal, 1977, s. 18; Bernhardt, 1956, s. 13). Petersen vart ordinert prest i 1849 og starta forkynning (Wendel, 2018, s. 153; Haddal, 1977, s. 25-27). Den første samfunnet i Norge vart organisert av Petersen i Sarpsborg 1856. Dette var elleve år etter dissenterlova og var den første kyrkja etter Den katolske kyrkja som tok lova i bruk (Bernhardt, 1956, s. 21; Wendel, 2018, s. 153). Metodistkyrkja spreidde seg etter kvart utover heile landet (Wendel, 2018, s. 154). I 1876 vart «Årskonferansen» organisert første gong. Dette er kyrkja si største myndigheit i Norge. Under årskonferansen er prestar, diakonar og lekfolk frå meinigheitar og kyrkja sine institusjonar samla. Aktuelle saker vert drøfta og vedtekne. I tillegg er det val på representantar til diverse styre og verv (Ekeberg, 1956, s. 32-33; Wendel, 2018, s. 157; Sødal, 2002, s. 206; Borgen, 1993, s. 241). Innan kvar meinigheit er det også ein kvartalkonferanse der ein vel meinighetsråd og tek lokale avgjerder (Wisløff, 1974, s. 109-110; Sødal, 2002, s. 206). På

internasjonal basis vert det halde ein såkalla generalkonferanse i USA. Dette er greina av metodisme som kyrkja i Norge tilhøyrrer (Wendel, 2018, s. 157; Wisløff, 1974, s. 110). Metodistkyrkjene møtes også kvart fjerde år i det dei kallar «sentralkonferansen» som er fordelt i kvart sitt distrikt i verda. Norge går under Norden som omfattar Nord-Europa og Eurasia (Wendel, 2018, s. 157; Sødal, 2002, s. 206).

Metodistkyrkja er underlagt «The United Methodist Church» med hovudsete i USA og hadde 9537 tilskotsteljande medlemmer registrert vår 2023 (Regjeringen, 2023; Wendel, 2018, s. 155). Metodistkyrkja deler ofte medlemmene i «vedkjennande» og «døypte». Begge medlemsskapa skjer gjennom dåp og er juridisk sett medlemmer av Metodistkyrkja. Men dei døypte medlemmene har ikkje medbestemmelse i kyrkja sitt liv, men samstundes mindre forpliktingar enn bekjennande medlemmer (Wendel, 2018, s. 156). Det blir gjerne sagt at Metodistkyrkja har fleire venner enn medlemmer, og at det er mange som jamleg deltek i gudstenester og andre aktivitetar utan å bli medlemmer (Wendel, 2018, s. 155). Metodiskyrkja ser og seg sjølv som ei brbyggarkyrkje og har godt samarbeid med andre kyrkjesamfunn og kyrkjeunionar. I 1997 inngjekk Metodistkyrkja og Den norske kyrkja avtale om anerkjennelse av kvarandre sin dåp, nattverd og presteteneste (Sødal, 2002, s. 206).

I 1879 vart den første meinigheita oppretta i Bergen. Denne vart kalla Første metodistmenighet (Halvorsen et al., 1990, s. 5). Meinigheita delte seg i 1890 der den andre meinigheita vart kalla Centralkirken (Haddal, 1977, s. 97). Centralkirken fekk innvia kyrkje i 1918 og utvikla seg etter kvart til å bli den sterkaste metodistmeinigheita i Skandinavia (Haddal, 1977, s. 97). Første Metodistmenighet hadde ca. 500 medlemmer i 2007 (Metodistkirken i Fyllingsdalen, u.å.) og Centralkyrkja har ca. 285 bekjennende og 850 døypte medlemmer i dag (Centralkirken, 2023).

## **2.2 Dei aktuelle kristne gruppene sitt syn på seksualitet og seksualundervisning**

Den norske kyrkja, Den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja har alle tre ulike bakgrunnar om sin framvekst i Norge og i Bergen. Dei har også ulike bakgrunnar og utviklingar i møte med synet på seksualitet. Etter kvart som samfunnet utvikla seg og skulen gjekk over til å bli drive av staten mista kyrkja statusen som moralsk og etisk vegvisar. Det er ein del etiske skiljelinjer både mellom og internt i ulike trussamfunn. Den norske kyrkja har typisk vore mindre konservativ enn andre kyrkjesamfunn. Det er også liberale krefter i opposisjon til meir konservative internt i kyrkjesamfunna (Repstad, 2018, s. 44-45). Repstad (2018) hevdar dei mest intense kyrkjelege diskusjonane i dag hovudsakeleg går på rett moralsk praksis. Kvinnelege prestar, abort og homofili vert nemnd som dei viktigaste tema dei siste 50-60 åra (Repstad, 2018, s. 44). Mine informantar legg vekt på at det framleis går føre seg endringar når

det gjeld synet på seksualitet og seksualundervisning. Dei reflekterer over korleis dei som enkeltpersonar, men også kyrkjefamfunn må ta stilling til desse tema. I det vidare skildrar eg kyrkjene sine offisielle syn på seksualitet, samliv og aktuelle tema ein gjerne møter i den norske seksualundervisninga. I tillegg viser eg til bakgrunnen for desse oppfatningane.

### *2.2.1 Den norske kyrkja*

Den norske kyrkja har sidan slutten av 1800-talet hatt interne usemjer. Nokre teologar var meir kulturopne og ville følgje samfunnsutviklinga medan andre protesterte mot nye idear (Dokka, 2018, s. 64). Etter debatten om helvete i 1953, også kalla «helvetesstriden», har Den norske kyrkja opplevd interne konflikstar rundt saker som abortlov, kvinnelege prestar og homofile og lesbiske rettar. Slike interne diskusjonar reflekterer eit teologisk mangfald innan Den norske kyrkja (Dokka, 2018, s. 66; Elstad, 2005, s. 92).

Ekteskapslova, som kom i 2008, gav individ av same kjønn lov til å gifte seg og likestilte homofile og heterofile ekteskap. Etter dette oppnemnte Bispemøtet eit samlivsetisk utval som hadde som «oppgave å utrede Den norske kirkes forståelse av ekteskapet som institusjon i et teologisk, kulturelt og rettslig perspektiv» (Bispemøtet, 2013, s. 3). «Samlivsutvalget» bestod av tolv biskopar, professorar og andre fagpersonar. Utgreiinga er skildra under ein rapport med namnet «Sammen» som var publisert 11. februar 2013. Her kjem fram både kva utvalet var einige om og der det var ulike syn (Bispemøtet, 2013, s. 10 & 12; Strand, 2019, s. 11). Ein har forsøkt å drøfte samlivspørsmålet i lys av bibelske tekstar, tankar rundt luthersk identitet og erfaringar i møte med samfunnsutviklinga (Bispemøtet, 2013, s. 3). Bispemøtet håpar dette kan bidra som ein nyttig ressurs i diskusjonar rundt viktige spørsmål som angår personar og fellesskap i kyrkja og samfunnet (Bispemøtet, 2013, s. 3). Eit fleirtal i utvalet meinte i 2013 at kyrkja burde tillate viing av likekjønna og vedta ein liturgi som samsvarer med dette synet (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 183; Strand, 2019; Bispemøtet, 2013, s. 7). Sjølv om hovudfokuset er likekjønna ekteskap skildrar rapporten også generell seksualetikk. Dette kan vera ei kjelde til fleire sider av kyrkja sin seksualetikk som mine informantar reflekterer på (Strand, 2019, s. 11; Bispemøtet, 2013).

I 1938 kom ei lov som gav løyve til kvinnelege prestar. Men kvar einskild meinigheit kunne sjølv bestemme om dei ville gjennomføre dette (Elstad, 2005, s. 93). Det vart difor utdanna fleire kvinnelege teologar som ikkje fekk moglegheit til å verte vigsla som prest. Etter 1956 var det ikkje lenger høve til å reservere seg (Elstad, 2005, s. 94). I 1961 var Ingrid Bjerås (1901-1980) vigsla som første kvinnelege prest (Dokka, 2018, s. 73; Elstad, 2005, s. 94). Innføringa førte til ein strid der seks biskopar erklærte seg som motstandarar av kvinnelege prestar på

grunnlag av bibelsk lære. Motstanden minka med åra og første kvinnelege biskopen Rosemarie Köhn (f. 1939) vart utnemnt i 1993 (Elstad, 2005, s. 94). I dag legg kyrkja blant anna vekt på likeverd mellom kjønna (Kyrkjerådet, 2010, s. 18)

Spørsmålet om homofili er sett på som ei etisk skiljelinje innan det kyrkjelege landskapet (Repstad, 2018, s. 44). Det offisielle synet innan kyrkja har hatt ei stødig utvikling sidan 70-talet. Bispedømet skilde mellom homofil legning og homofil praksis i eit vedtak i 1977. Her vart homofil legning sett på som greitt, medan homofil praksis ikkje vart akseptert. Etter Stortinget vedtok rettsleg status til homofilt sambuarskap vart spørsmålet også løfta i kyrkja. Det blei vedteke i kyrkjemøtet i 1995 at homofile som levde i partnerskap ikkje skulle ha stillingar i kyrkja. Forbodet vart avgrensa til kun vigsla stillingar som prestar, diakonar og kateketar i 1997 (Elstad, 2005, s. 96). I nokre tilfelle fekk den einskilde biskop ta sjølvstendig avgjersle om tilsetjing av individ i homofile partnerskap (Elstad, 2005, s. 96). Biskop Rosemarie Köhn ordinerte i 1999 Siri Sunde som første prest i lesbisk partnerskap (Bakkevig & kristiansen, 2020, s. 181). Biskop Köhn grunn gav si avgjersle i eit dokument ho kalla «Tro mot sannheten i kjærligheten». Her avslutta ho med «[...] den aller viktigste begrunnelse for min avgjørelse ligger i Jesu kjærlighet og hans inkluderende holdning til mennesker» (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 181-182). Denne avgjersla førte til meir usemje og diskusjonar. Motstandarar meinte dette var mot bibelske utsegner om samliv (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 182). Partnerskapslova vart oppheva etter Stortinget vedtok ekteskapslova som i 2008 likestilte homofile og heterofile par. I Bispemøtets samlivsetiske utval meinte eit fleirtal at kyrkja burde tillate viing av likekjønna par og vedta ein liturgi som samsvarar med dette synet (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 183). Kyrkjerådet aviste derimot dette. Vedtaket førte til at organisasjonen Åpen folkekirke vart oppretta. Den gjorde vigselriturgi for likekjønna til si fanesak då dei stilte ved valet av bispedømmeråd i 2015. Åpen folkekirken nådde fram og det vart fleirtal for vigselriturgi for likekjønna ved Kyrkjemøtet i 2017 (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 184). Teolog Sven Thore Kloster påpeiker at avgjersla har testa fleksibiliteten til medlemmene (Kloster, 2020, s. 387). Nokre motstandarar meldte seg ut av kyrkja og etablerte eigne kyrkjesamfunn. Mellom desse var organisasjonane Norsk Luthersk Misjonssamband og Normisjon. Kyrkja arbeider framleis med korleis den og dei tilsette kan leve med usemja (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 184). Begge sider hevdar å representere den sanne tolkinga av kristendommen. Kloster (2020) skildrar Den norske kyrkja som eit fellesskap av usemje og ser på kyrkja som ei eining der konfliktar og usemje får lov å utspele seg. Han meiner ikkje usemje alltid er bra, men at det kan og bidra til konstruktiv refleksjon (Kloster, 2020, s. 382-

394). Ungdommen sitt kyrkjemøte i 2018 ønskte blant anna at seksualundervisninga i kyrkja ikkje berre skulle fokusere på heteronormativt syn på kjønn og legning ettersom det jo er eit todelt syn på ekteskapet (Den norske kirke, 2018, s. 2). Mine informantar spegla generelt lite misnøye med kyrkja sin todeling. Dei viste toleranse for ulike oppfatningar så lenge dei vart ytra med respekt.

Den norske kyrkja har i følge Elstad (2005) gjennom heile historia avvist abort. Gradvis tillatinga av sjølvbestemt abort er møtt med motstand av fleire innan kyrkja. Lova om svangerskapsavbrot som kom i 1960 opna for abort på medisinsk, arvemessig og etisk grunnlag (Elstad, 2005, s. 95). Biskopar responderte i 1971 med å slå fast at abort var imot femte bodet: «Du skal ikkje slå i hel» (2 Mos 20,13, Bibel 2011; Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 78). Dei diskuterte også om ein lovgiving der foster ikkje har rettsvern fører til at samfunnet også tillet å rydde «etisk ukvalifiserte» av vegen (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 78-79). Først i 1978 kom lova om sjølvbestemt abort. I 2002 bidrog den humanitære bistandsorganisasjonen med kyrkjeleg bakgrunn, Kirkens Nødhjelp, til abortspørsmålet. Dette gjorde dei gjennom å behandle eit dokumentet som omhandla reproduktiv helse og seksualisert vald. Kirkens Nødhjelp skildra her blant anna eit vedtak om at «retten til trygg abort» var ein del av «kvinnens rett til helhetlig reproduktiv helse» (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 89). Bakkevig og Kristiansen (2020) hevdar at få vart sjokkerte av vedtaket. Det var berre ei lita gruppe på ytste høgreflanke som reagerte (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 88-89). Av dei som motsette seg vedtaket var blant anna den kristne avisa Dagen sin sjefsredaktør Vebjørn Selbekk. Han meinte Kirkens Nødhjelp vende ryggen til dei svakaste av dei svake når dei «kjøpte» førestillinga om at kvinna, og ikkje fosteret, var den svake parten (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 88-89). Generalsekretæren i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland, svarte Selbekk ved å påpeike at «Det er kunnskapsløst å tro at forbud bidrar til at aborter ikke skjer [...] Den holdningen tar flere menneskeliv» (Bakkevig & Kristiansen, 2020, s. 89). Abort var eit tema berre ein av dei fire informantane frå Den norske kyrkja var særleg innom.

Informantane set fokus på at alle menneske er skapt like verdifulle og elska av Gud. Dette er ein tanke som også er reflektert i samlivsutvalet. Her er mennesket skildra som eit sosialt vesen som trivs best i fellesskap og i samliv med andre menneske (Bispemøtet, 2013, s. 14). Denne trongen til fellesskap kjem i følge samlivsutvalet av at Gud har skapt oss til å leve i fellesskap. Formålet er at ein skal vidareføre det livet ein har fått i gåve av Gud (Bispemøtet, 2013, s. 15). Fleire av informantane referer til både samliv og livet fått av Gud som ei gåve. Dei nemner også kjærleiken til kvarandre og Gud som ein del av seksualetikken. Det å elske Gud og din neste er

også eit kriterium for samlivet ein har med kvarandre i følgje Samlivsutvalet. Difor må også ekteskapsinstitusjonen baserast på dette (Bispemøtet, 2013, s. 42). I følgje bibelen så skal også nestekjærleik vere den grunnleggande praksisen i forhold til andre menneske (Bispemøtet, 2013, s. 59).

I utvalet vert seksualdrifta skildra som viktig for dette fellesskapet og samlivet (Bispemøtet, 2013, s. 15). Seksualdrifta er eit av dei biologiske grunnlaga for samlivet for at mannen og kvinna skal trekkjast mot kvarandre og reprodusere. Dette vert i følgje dei skildra i mosebøkene vedrørande skapinga. Her vert kvinna skapt gjennom ribbeinet til mannen fordi mannen ikkje skal vere aleine (Bispemøtet, 2013, s. 15). Sjølv om det ikkje står eksplisitt i skapingsforteljinga legg også utvalet vekt på at dette seksuelt baserte samlivet handlar om intimitet, fortrulegheit, anerkjenning, støtte og respekt. Ein kjem som menneske nær kvarandre på ein heilt spesiell måte gjennom seksualdrifta, og det nære samlivet handlar også om sårbarheit og kjærleik (Bispemøtet, 2013, s. 16). Det blir også peikt på at det i kyrkje eksisterer ein akseptert ueinigheit mellom om seksualiteten kan skje utanfor ekteskapet eller ikkje. Der den eine sida meiner seksuelt samliv kun høyrer heime innan eit ekteskaps rammer, medan den andre sida tenker slike formelle rammer ikkje er like nødvendig. Dei hevdar det einaste ein treng er å knyte samlivet til verdiar som «kjærlighet, ansvar, respekt, forplikting og langsiktighet (Bispemøtet, 2013, ss 69-70). Dette var også reflektert blant nokre av mine informantar frå Den norske kyrkja. At seksuelt samliv er noko sårbart som burde innehalde kjærleik er også noko dei fleste informantane meiner. I tillegg til dette viser dei til at seksualiteten også kan vera skadeleg om den vert misbrukt. Dette er også skildra av utvalet, der dei viser til korleis seksualdrifta kan rive opp og øydelegge fellesskap. Seksualitdrifta kan «være egoistisk, destruktiv og ødeleggende, både for en selv og for andre» (Bispemøtet, 2013, s. 17). Dette ved at ein ikkje tenker på andre menneske, og berre gjer kva ein sjølv har lyst til. Noko anna som også er skadeleg for seksualiteten og menneskesynet er bruken av sex som ei handelsvare der menneske eksponerer seg sjølv seksuelt for å gi profitt til aviser, hudkremar og liknande. Kor attraktiv ein er har fått stor betydning og har forma synet på kroppen med urealistiske forventningar til utsjånad (Bispemøtet, 2013, s. 19). Seksualiteten vert slik devaluert til ei upersonleg kraft og fører til at synet på seksualitet manglar moralske og etiske forhold (Bispemøtet, 2013, s. 63).

Informantane frå Den norske kyrkja skildra også kyrkja si rolle i seksualundervisninga. Denne finn ein hovudsakleg berre som ein liten del av konfirmasjonsundervisninga. Alle var einige om at seksualundervisning ikkje var kyrkja sitt hovudansvar, men at kyrkja kunne supplere med andre perspektiv og vinklingar. Kun ein av informantane hadde gjennomført slik undervisning



og refererte ikkje direkte til bruk av ein spesifikk ressurs, men nemner at rettleiing om seksualundervisning kan finnst i Den norske kyrkja sin plan for trusopplæring som er utvikla av kyrkjerådet. Plan for trusopplæring er både ein rammeplan og eit ressursdokument som skal bidra til oppfølging av døypte medlem av Den norske kyrkja mellom 0 og 18 år (Kyrkjerådet, 2010, s. 4). I følgje Kyrkjerådet (2010) er Plan for trusopplæring «ein reiskap for kyrkjelydar, sokneråd, tilsette, frivillige, barne og ungdomsorganisasjonar og andre som har ansvar for trusopplæringa i kyrkjelyden» (Kyrkjerådet, 2010, s. 4). Ein del av innhaldet til trusopplæringa inkluderer sentrale dimensjonar ved menneskelivet der punkta kropp, sjølvbilete og identitet, kjærleik, seksualitet og samliv og kjensler og grenser er inkludert (Kyrkjerådet, 2010, s. 17). Her vert det blant anna oppmuntra til at ein utarbeidar kurs- og ressursmaterieill som «tek opp tema som til dømes grenseoverskridande åtfærd og maktforhold» (Kyrkjerådet, 2010, s. 30). Dette er også alle punkt mine informantar frå Den norske kyrkja er innom i sine intervju.

### *2.2.2 Den romersk-katolske kyrkje*

Den romersk-katolske kyrkja har halde oppe eit tradisjonelt syn på seksualitet og samliv. Men samlivsetiske spørsmål har samstundes vore under stor debatt. Nokre står framleis fast ved at Den katolske kyrkja ikkje kan tilpasse etikken etter korleis menneske vel å leve (Leer-Salvesen, 2002, s. 72). Det har vore gjort nylege forsøk på å forklare kvifor seksualetikken og retningslinjene framleis gjev mening i det moderne samfunnet. Pave Johannes Paul II (p. 1978-2005) har prøvd å grunngi Den katolske kyrkja sitt syn på sex og samliv ved bruk av etikk og moral i ei undervisning han kalla Kroppens Teologi (Andvik, 2022, s. 12). Johannes Paul II er beskriven som både teologisk konservativ og radikal gjennom eit omfattande internasjonalt engasjement og oppgjer med deler av kyrkja si fortid. Johannes Paul II ønskte derimot ikkje for mykje tilpassing til moderne tankar om teologiske og etiske spørsmål. Han forsvarte tradisjonen når det kom til kvinnelege prestar, sølibat og familie og- seksualetikk (Leer-Salvesen, 2002, s. 65-66). Eirik Andvik har i eit samarbeidsprosjekt mellom St. Pauls menighet og St. Rita radio<sup>1</sup> utvikla eit hefte som beskriv og forklarar Kroppens Teologi. Målet er at lesaren skal høyre og forstå bakgrunnen for kyrkja sin samlivsetikk (Andvik, 2022, s. 1-2). Denne etikken reflekterer då også særleg meiningane til informantane frå Den katolske kyrkja i Bergen.

Andvik (2022) legg vekt på at moral og reglar pålagt av Gud ikkje berre skal gjera Gud nøgd, men for å gjera mennesket lykkeleg. Dessutan viser han til at Johannes Paul II også hevda at etikk og moral er noko som kjem innanfrå mennesket på grunn av korleis vi er skapt. Difor kan

---

<sup>1</sup> Katolsk nettradio: <https://www.katolskradio.no/oss>

vi kjenne igjen det gode på eiga hand også (Andvik, 2022, s. 1). Ein del av Johannes Paul II sitt føremål med Kroppens Teologi var å rasjonalisere og forklare seksualetikken for unge menneske. Han meinte unge måtte få ein grunngeving av seksualetikken som gav meining for at dei skulle følgje Den katolske kyrkja sin samlivsetikk og sjå «skjønnheten i kirkens lære» (Andvik, 2022, s. 2). Det blir skildra at kroppen kan fortelje oss noko om Gud ved at menneske etter den katolske trua er eit bilete på Gud. Mann og kvinne er skapt til å vera ein kropp og foreininga mellom dei er ein del av Guds kjærleik og foreining mellom menneske (Andvik, 2022, s. 3-5). Det blir lagt vekt på tre komponentar som er viktige for at denne seksuelle foreininga skal vera ekte. Foreininga skal vera komplementær, ei total gåve og livgivande. Komplementær inneber at mannskroppen og kvinnekroppen utfyller kvarandre som nøkkel i ein lås og at utforming av kroppane ikkje gjev meining utan kvarandre. Ved den totale gåva er det meint at mannen og kvinna gjev seg som gåver til kvarandre under seksuelt samleie. Mannen og kvinna viser gjensidig tillit og gir seg totalt til kvarandre ved å vere nakne og sårbare. Dette er ei gåve dei gjev kvarandre for resten av livet. Til slutt er gåva livgivande sidan seksuelt samleie mellom mann og kvinne kan føre til nytt liv. Alle tre komponentane skildrar i følgje Kroppens Teologi mennesket sin relasjon til Gud sidan Gud skapte menneske og dei fysiske komponentane som har gjort dei i stand til å skape barn. Seksualiteten er skildra som ei gåve frå Gud til menneske og eit bilete på korleis Jesus Kristus gav sitt liv for mennesket på eit kors (Andvik, 2022, s. 5-7). Kroppens Teologi spesifiserer også at Gud ikkje er mot sex, men ønskjer at menneske skal ha god sex (Andvik, 2022, s. 8).

I følgje Kroppens Teologi slår katolsk lære fast at sex er noko som skal skje innan ekteskapet for at den skal kunne være eit bilete av den totale gåva Kristus gav når han gav seg sjølv til menneske. Utan rammene i ekteskapet held paret moglegheitene opne for å forlate kvarandre. Dette er ei gåve berre mellom to personar slik at utruskap, skilsmisse og gjengifting blir uaktuelt (Andvik, 2022, s. 10-11). Relasjonen mellom mannen og kvinna vert også skildra gjennom Paulus brev til Efeserene: «Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp. Dette er eit stort mysterium; eg tenkjer på Kristus og kyrkja» (Ef 5, 31-32; Andvik, 2022, s. 4-5). Paulus si lære er også noko informantane mine viser til når dei skildrar sin seksualetikk. I Den katolske kyrkja varer ekteskapet mellom mann og kvinne evig. Skilsmisse blir ikkje anerkjent. Løftet om ekteskap til døden skil dei ad skal oppfattast bokstaveleg. Så lenge begge partar lever kan ikkje dei heller gifte seg på nytt (Andvik, 2022, s. 11; Leer-Salvesen, 2002, s. 52-55). Ekteskap kan annullerast dersom det er oppstått under feil premisser (Andvik, 2022, s. 11). Men om ekteskapet inneheld vald og mishandling er det tilrådd

å flytte ifrå kvarandre enn å ta ut skilsmisse (Andvik, 2022, s. 12). Kyrkja kan gje ektefellene «kyrkjeleg separasjon». Dette er ikkje juridisk bindande, men ein moralsk aksept til å flytte frå kvarandre (Leer-Salvesen, 2002, s. 53). Ekteskap og samlivsspørsmål har vore mykje diskutert i moderne tid. Fleire har opplevd skilsmisse eller hatt vanskar med å følgje kyrkja sin seksualetikk (Leer-Salvesen, 2002, s. 54).

I følgje Kroppens Teologi kan verken onani eller porno reknast som del av den totale gåva. Å tilfredsstille seg sjølv er sett på som ei egoistisk handling, medan porno er å bruke andre menneske som objekt for å tilfredsstille seg sjølv. Onani gjev eit forvrengt bilete av sex, og hjelper deg ikkje til å bli ein god ektefelle (Andvik, 2022, s. 11). Informantane frå Den katolske kyrkja fordømte også pornografi og var skeptiske til framstillinga den offentlege seksualundervisninga hadde av denne.

Vatikanet stadfesta i 2003 at dei heilage skriftene fordømmer homoseksualitet. Dette er ein einstemmig tradisjon i Den katolske kyrkja og høyrer under moralen til tidlege kristne forfattarar (Newsheiser, 2015, s. 123). Partnerskap eller ekteskap mellom homofile par er såleis ikkje anerkjent (Leer-Salvesen, 2002, s. 54). Kroppens Teologi meiner og at både bibelen og kyrkja er tydelege på at seksuelle handlingar mellom personar av same kjønn er i strid med seksualiteten sin intensjon. Likekjønna sex kan ikkje vere livgivande og personar av same kjønn er i følgje Kroppens Teologi ikkje komplementære. Sidan potensialet til å skape nytt liv er ein del av gåva ektefellene gjev kvarandre kan ikkje seksuelle handlingar mellom same kjønn reknast som ei ekte foreining (Andvik, 2022, s. 12). Andvik (2022) set også lys på at det har vore gjort mykje urettmessig trakassering og diskriminering mot homofile gjennom historia, der dei har vore stempla som «sjukelege» og umoralske. Grunna dette gjer samfunnet og kyrkja rett i å be og tilgjeving for den dårlege måten dei har behandla homofile (Andvik, 2022, s. 13). Kroppens Teologi påpeiker at Gud framleis elsker alle menneske slik dei er og ønskjer alle skal oppleve kjærleik, men at kjærleik også kan opplevast utan sex (Andvik, 2022, s. 12-13). Her visar ein til at både heterofile og homofile har i følgje katolsk lære umoralske seksuelle lyster som ein ikkje kan leve ut (Andvik, 2022, s. 12). Kroppens Teologi konkluderer med at all lengsel er lengsel etter Gud, og det kun er Gud som kan tilfredsstille menneske (Andvik, 2022, s. 13). Kroppens Teologi hevdar og at kjønn er ikkje noko vi opplever eller føler, men er bestemt av kroppen vi er skapt med. Her blir fastlåste kjønnsroller og førestillingar om kva gutar og jenter skal vere og interessere seg for eit mogleg problem og grunnen til at enkelte føler dei er født i feil kropp (Andvik, s. 14). Dette synet på kjønn og kjønnsroller var også reflektert i fleire av informantane mine sine utsegn.

Den katolske kyrkja avviser all form for tekniske og hormonelle typar for prevensjon (Leer-Salvesen, 2002, s. 72; Andvik, 2022, s. 15). Når ein tek i bruk kunstig prevensjon gjer ein potensielt livgjevande handling til ei steril handling. På denne måten held ein igjen ein viktig del av gåva. Ein gjev ikkje seg til kvarandre totalt og dette er dermed ikkje ei ekte foreining (Andvik, 2022, s. 15). Kyrkja rår som eit alternativ til å avstå frå seksuelle handlingar i fruktbare periodar for å unngå graviditet (Leer-Salvesen, 2002, s. 72; Andvik, 2022, s. 15) Andvik (2022) påpeiker at vi i dag har ganske nøyaktige metodar for å finne ut når kvinna er fruktbar (Andvik, 2022, s. 15). Abort vert fordømt som ei alvorleg synd sidan det blir jamført med å ta eit liv (Leer-Salvesen, 2002, s. 72).

### *2.2.3 Metodistkyrkja*

Det gamle og nye testamentet er rettleiaren til Metodistkyrkja når det gjeld tru og liv. Desse inneheld alt som er nødvendig til frelse i følgje metodistisk skriftsyn (Borgen, 1993, s. 236). Det er også andre skrifter som har autoritet. Dette gjeld hovudsakeleg grunnleggaren John Wesley sine preiker, læreskrifter og direkte tolkingar av bibelen (Borgen, 1993, s. 236-237). Innhaldet og reglane i desse skriftene er derimot ikkje rekna som tidlause læringsavgjersler og er opne for nytolkingar. Sjølv om tradisjon er viktig, blir det og lagt vekt på at ein skal knyte fornuft og erfaring i tolkinga (Borgen, 1993, s. 237). Wesley-forskar Albert C. Outler lanserte omgrepet «kvadrilateralen» for å skildre denne teologiske grunnmuren. Denne består av fire element: skrifta, fornufta, tradisjonen og erfaringa. Gud sin vilje blei openbert i bibelen eller skrifta. Denne blir vidare belyst gjennom den kristne tradisjonen. Ho blir gjort levande gjennom personleg erfaring og stadfesta gjennom rett bruk av fornufta (Wendel, 2018, s. 160). Wesley meinte kristne burde «leve reint» og halde seg unna freistingar. Døme på dette var misbruk av Guds namn, alkohol, baktale, slost og delta i aktivitetar som ikkje bidrog i kjærleik til Gud. Sjølv om metodistar i dag ønsker å uttrykke seg annleis og ta tak i andre etiske utfordringar vil dei samstundes leve i samsvar med bibelen sine retningslinjer (Sødal, 2002, s. 208). Bibelen har altså autoritet, men dei ønskjer også å tale til notida samstundes som dei søker inspirasjon i kyrkja si historie (Borgen, 1993, s. 241). Disiplinens bok frå 2016 er Metodistkyrkja sitt noverande offisielle uttrykk for lære og doktrine. Innhaldet stammar tilbake til 1785 og diskuterer ulike aktuelle tema som dukka opp medan kyrkja stadig vaks. Formatet til noverande bok stammar frå 1972 etter danninga av The United Methodist Church i 1968 (Johnson, 2017, s. 11). Det er mogleg å gjere endringar i Disiplinens bok under kvar Generalkonferanse kvart fjerde år og oppdaterte utgåver vert gjevne ut (Johnson, 2017, s. 11). Her finn ein blant metodismen sine offisielle retningslinjer angående homoseksualitet, likekjønna ekteskap og

ordinasjon av LHBTQI-menneske (Johnson, 2017, s. 11). I Disiplinens bok finn ein og «dei sosiale prinsipp» som er eit av kyrkja sine viktigaste dokument. Dette er eit sett med rettleiingar rundt aktuelle miljørelaterte, samfunnsmessige og sosiale problem som kan saman med Disiplinens bok utvikle og endre seg ved kvar generalforsamling (Metodistkirken i Norge, 2023a; The United Methodist Church, 2016, s. 105).

I Disiplinens bok og vidare dei sosiale prinsipp vert seksualitet skildra som Guds gåve til alle menneske (The United Methodist Church, 2016, s. 112; Johnson, 2017, s. 12). Ein oppfatning som også var delt av mine informantar. Samleie vert skildra som berre akseptabelt innafor eit monogamt, heterofilt forhold (The United Methodist Church, 2016, s. 112; Johnson, 2017, s. 12). Eit ekteskap frelst av Gud er ein heilag pakt som skal innehalde kjærleik, gjensidig støtte og trufastheit. Dette gjeld også både om ekteskapet resulterer i barn eller ikkje. Eit livslangt, trufast ekteskap er ein del av Guds plan, men skilsmisse er eit beklageleg utfall om eit ekteskap havarerer. Ein kan også gifte seg på nytt etter skilsmisse (The United Methodist Church, 2016, s. 111; Johnson, 2017, s. 12). Dei sosiale prinsipp fordømmer alt som dei ser på som misbruk av «Guds gode gåve» som er den menneskelege seksualiteten (The United Methodist Church, 2016, s. 114). Slikt misbruk er blant anna alle former for seksuelle overgrep, vald og seksuell utnytting. Kyrkja må også vere ein trygg stad for menneske som er offer for dette (The United Methodist Church, 2016, s. 113-114; Øgreid, 2006, s. 52). I tillegg vert det lagt vekt på at dette misbruket også gjelder alle former for seksuell trakassering og uønska seksuell merksemd (The United Methodist Church, 2016, s. 114). Kommersialisering, misbruk og utnytting av seksualiteten vert også fordømt av dei sosiale prinsipp. Det vert også set fokus på eit ønske om globale reglar som forbyr seksuell utnytting av barn og beskyttar og hjelper misbrukte barn (The United Methodist Church, 2016, s. 112-113).

I tillegg til dette er også einslege sin integritet satt i fokus i Dei sosiale prinsipp, der ein fordømmer diskriminering mot personar som er einslege på bakgrunn av at dei er einslege (The United Methodist Church, 2016, s. 112). Eit av informantane diskuterte også korleis fokus på ekteskap som eit av livets store mål kunne føre til at menneske som av ulike grunnar er einslege kan føle seg mindre verdsett.

Dei sosiale prinsipp avviser også diskriminering eller forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn, og meiner mann og kvinne skal vere likestilt. Det er stadfesta at begge kjønn skal ha like moglegheiter, og kvinner og menn skal dele makt og respektere kvarandre (The United Methodist Church, 2016, s. 112). Etter Generalkonferansen i 1956 har det vore opna for kvinnelege prestar i Metodistkyrkja (Wendel, 2018, s. 165). Eit av mine informantar var også

oppteiken av at det i dagens samfunn er for tronge kjønnsroller der det er ulike forventingar til kvinner og menn sine interesser og potensielle arbeid berre på bakgrunn av kjønn. Dette tykte han var lite hensiktsmessig og restriktivt.

Abort er også eit tema løfta der Dei sosiale prinsipp er imot abort som ein form for prevensjon grunna verdien til det ufødde livet. Starten og slutten av livet er skildra som Gudgitte grenser for menneske sin eksistens, og det ufødde liv er heilag. Derimot viser dei til nokre unntak der dei aksepterer dei abort situasjonar der mors liv er i fare (The United Methodist Church, 2016, s. 114-115; Øgreid, 2006, s. 60-61).

Alle former for pornografi vert også dømt i dei sosiale prinsipp som ein type mishandling av seksualiteten. Porno var og eit eksempel drege opp av mine informantar. Pornografi er skildra i dei sosiale prinsipp som bilete som forstyrrar seksualitetens godheit og som er skadeleg mot sunne seksuelle forhold. Det er ein oppfatning av at pornografi seksuelt utnyttar og objektifiserar både kvinner og menn. Her vert det også løfta bekymringar rundt den stadige veksten av internettporno og korleis dette kan påverke unge menneske og ekteskap (The United Methodist Church, 2016, s. 118). Porno sin lette tilgjengelegheit for unge var også ein bekymring for fleire informantar.

Dei sosiale prinsipp viser også til behovet for ein omfattande, alderstilpassa og faktabasert seksualundervisning for barn, unge og vaksne (The United Methodist Church, 2016, s. 112-113). Mine informantar frå Metodistkyrkja tykte også det var viktig med ein god seksualundervisning både i det offentlege, men også i eiga kyrkje gjennom konfirmasjonsundervisninga.

Metodistkyrkja har i likskap med Den norske kyrkja utvikla synet på seksualitet (Wendel, 2018, s. 165). Som Disiplinens bok (2016) stadfester så har Metodistkyrkja måtte møte kulturelle skift i både USA og Europa angående kjønn og seksualitet (The United Methodist Church, 2016, s. 23). Dette har resultert i sterk splitting mellom medlemmane (Wendel, 2018, s. 165). Ei utfordring når Generalkonferansen skal ta avgjersler angående seksualitet og samliv er at desse skal passe for medlemskyrkjer over heile verda. Wendel (2018) set spørsmål om menneskeleg seksualitet blir for vanskeleg i ei så mangfaldig og verdsomspennande kyrkje og vert ei kjelde til djup smerte og usemje (Wendel, 2018, s. 166).

Homoseksualitet har vore eit aktuelt tema sidan versjonen av Disiplinens bok frå 1972. Offisielt stadfestar Metodistkyrkja at homofil praksis ikkje er foreinleg med kristen lære (The United Methodist Church, 2016, s. 226; Johnson, 2017, s. 10-13). Ekteskap mellom to av same kjønn

er ikkje mogleg og homofile har heller ikkje høve til å bli ordinert i vigslande stillingar (The United Methodist Church, 2016, s. 226; Wendel, 2018, s. 165). Samstundes held kyrkja fast ved at kyrkjemedlem ikkje skal fordømme eller avvise homofile medlemmer og venner. Kyrkja stadfestar alle menneske har rettigheter og er motstandarar av mobbing og hatkriminalitet basert på seksuell legning og kjønnsidentitet (The United Methodist Church, 2016, s. 113, 119; Johnson, 2017, s. 12). Fleire innan kyrkja meiner ekskludering av homofile er urettferdig medan andre igjen meiner dette er å vere trufast mot bibelen og kristen tradisjon (Johnson, 2017, s. 10). Spørsmål om meir inkludering av homofile og likekjønna vigsel har vore teke opp ved fleire Generalkonferansar (Wendel, 2018, s. 165). Om likekjønna samliv skal godtakast på lik linje som samliv mellom mann og kvinne skal fastslåast på Generalkonferansen i 2024. Denne vart utsett i 2020 grunna Covid-19 (Skartveit, 2022). I Generalkonferansen i 2016 kom bisperådet med eit dokument kalla «A way forward». Dokumentet uttrykte bekymring for kyrkja sine usemjer rundt emnet og risiko for splittingar. Difor foreslo dei også å halde ein ekstraordinær Generalkonferanse i 2019, men denne førte ikkje til eit endeleg svar på spørsmålet (Wendel, 2018, s. 165-66; Metodistkirken i Norge, 2023b). Slike splittingar skjedde i starten av 2022 då eit ukjent tal konservative medlemmer i den amerikanske kyrkja braut ut og oppretta kyrkjesamfunnet «Global Methodist Church» fordi dei vart lei av å vente på avgjerla rundt likekjønna ekteskap (Skartveit, 2022). Mine informantar uttrykte misnøye med kyrkja sine indre konflikter rundt emnet. Dei slo fast at ekteskapet berre var mellom mann og kvinne, og meinte dette reflekterte haldninga til fleirtalet i meinigheita deira.

### **2.3 Historisk utvikling av skulen og seksualopplysninga i Norge**

Seksualundervisninga starta med det nøytrale og strengt naturvitskapsbaserte faget forplantingslære i 1939 (Nordberg, 2021; Berg, 2002, s. 16). I dag diskuterer ein også emosjonelle faktorar ved seksualiteten og temaet er spreidd utover ulike fag som naturfag, samfunnsfag, KRLE, kroppsøving, engelsk og i det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring (Kunnskapsdepartementet, 2017). Seksualitet er også framleis eit sentralt tema i det norske kyrkjelandskapet (Røthing, 2005, s. 257).

Eg skal skildre den tidlege seksualopplysninga og seksualundervisninga si utvikling i skulen for å vise spenningar, konflikter og drøftingar som tidlegare og framleis er del av denne utviklinga. Og til slutt presentere seksualundervisning etter dagens læreplan.

### *2.3.1 Seksualundervisningas utvikling før LK20*

Fokus på opplysning rundt seksualitet frå eit vitenskapleg synspunkt vaks betrakteleg under mellomkrigstida og enda meir etter 2. verdskrig (Nordberg, 2021). Kampen om å betre seksualopplysninga var ført både gjennom det medisinske miljøet og i den offentlege moral- og samfunnsdebatten (Berg, 2002, s. 15). Blant forkjemparane var lege og seinare helsedirektør Karl Evang (1902-1981) (Nordberg, 2021). Han meinte det var ein tydeleg mangel på medisinsk kunnskap om seksualitet blant norske arbeidararar og presenterte dette som eit helsemessig problem (Nordberg, 2021). I resten av Norden, USA og den vestlege verda var også helse og hygiene eit argument for betre seksualopplysning (Svendsen, 2018, s. 140). Kyrkja hadde vore rettesnor for korrekt seksualitet og den borgarleg-kristelege seksualmoralen vart oppfatta som ein motstandar i kampen for seksualundervisning (Nordberg, 2021). Evang meinte kyrkja sin seksualmoral medførte skuldkjensle hjå menneske for aktivitet som eigentleg var naturleg (Nordberg, 2021). Han påstod at eit godt seksualliv ville ha positive effektar for samfunnet (Nordberg, 2021). Evang hadde tru på å fremme seksualopplysning via vitenskapleg fundert kunnskap. Dette vidareførte han i etterkrigstida og som helsedirektør (Nordberg, 2021). Frå 1950 blei faget forplantingslære ein obligatorisk del av naturfagundervisninga (Schjetne, 2011, s. 7). Seksualopplysninga skulle vera faktabasert og grundig og formast av medisinsk og psykologisk ekspertise. Det var nokre som gjorde motstand mot forplantingslæra. Den pietistiske teologen Olav Valen-Senstad (1904-1963) meinte blant anna dette ville føre med seg for mykje «seksualitet». Han frykta at kunnskap om prevensjon, sex-teknikkar og homoseksualitet skulle lærast vekk (Nordberg, 2021). Evang meinte at sidan fleire ikkje hadde hatt ein sunn seksuell oppdraging var det naturleg at dei hadde ein slik irrasjonell motstand mot seksualopplysning. Han hadde vidare trua på at gjennom opplysning kunne befolkninga formast i riktig retning (Nordberg, 2021). Sidan faget ikkje kunne utfordre den kristne formålsparagrafen i skulen på 1950-talet kunne ikkje forplantingslæra innehalde kunnskap om prevensjon eller homoseksualitet. Det vart som Nordberg (2021) beskriv ei naturvitenskapleg tilnærming til seksualitet sett i ei moralsk ramme som vektla familien (Nordberg, 2021). Frigjeringsbevegelsar vart viktige for haldningar til samliv og seksualitet. På 1960-talet kom eit seksuelt opprør som utfordra ekteskapet som form (Støle-Nilsen, 2022, s. 30). På denne tida fekk også forplantingslæra kritikk frå yngre, radikale stemmer om både å vera for moraliserande og lite relevante (Nordberg, 2021). Prevensjon var ikkje eit tema i forplantingslæra og det var oppe til debatt om dette burde inkluderas. Fleire hevda dette ville oppmuntre unge til å ha sex. Dei meinte at ein burde snakke om følelsar med vektlegging på at unge måtte kjempe mot desse



seksuelle følelsane (Støle-Nilsen, 2022, s. 30). I 1972 blei homofili avkriminalisert og i 1977 vart det fjerna som diagnose. (Støle-Nilsen, 2022, s. 30). Ei ny rettleiing kalla samlivslære kom med den nye mønsterplanen av 1974 (M74) (Nordberg, 2021). I samlivslære fekk elevane kunnskap om prevensjonsmiddel og seksualitet blei forstått som samliv. Dette ville i følgje Nordberg (2021) støtte ei meir kunnskapsbasert tilnærming til seksualopplysning som samstundes sette seksualiteten inn i ein større samfunnsmessig samanheng (Nordberg, 2021). Det var ikkje gjeve noko eksplisitt undervisning om seksualitet. Det var framleis vanskeleg for konservative politikarar og kyrkja å akseptere at seksualundervisninga skulle innehalde eit positivt syn på onani, prevensjon, sex før ekteskap og homofili (Støle-Nilsen, 2022, s. 30). M74 fastslo at sjølv om elevane skulle få lære korleis prevensjon fungerer, skulle ikkje praktisk rettleiing vera ein del av undervisninga (Støle-Nilsen, 2022, s. 31; Røthing, 2005, s. 258). Dette er noko Røthing (2005) knyter til forventningane om seksuell avhald fram til ekteskapet (Røthing, 2005, s. 258). Homoseksualitet skulle berre nemnast kort, men i læreplanen frå 1987 (M87) blir homofili også knytt til forelsking på lik linje med heterofili. Skulen sitt opplysningsansvar var framleis avgrensa til forplantingslære (Støle-Nilsen, 2022, s. 31). Det vaks også fram store minoritetsgrupper med katolikkar og muslimar grunna innvandring. Aukande kulturelt og religiøst mangfald argumenterte for å minske statskyrkja sin påverknad på skulen på 1990-talet (Andreassen, 2018, s. 68).

Læreplanen i 1997 (L97) hadde fleire forandringar som klargjorde ein større sekularisering av skulen og skilje frå kyrkja. Blant desse var retningslinjene for seksualundervisning som Røthing (2005) påpeiker bryt med tradisjonelle kyrkjelege seksualitetsnormer (Røthing, 2005, s. 257). Skulen var tidlegare kyrkja sin støttespelar. No var denne endra til noko som fleire religiøse kanskje ikkje alltid kunne stole på lenger (Røthing, 2005, s. 264). L97 viste aksept for homofilt samliv ved blant anna likestilt omtale av homofilt partnerskap og heterofilt ekteskap (Støle-Nilsen, 2022, s. 31; Røthing, 2005, s. 258). Elevane skulle no for første gang få rettleiing i bruk av prevensjonsmiddel (Støle-Nilsen, 2022, s. 31). Kyrkja hadde mindre aksept for homofilt samliv og før ekteskapeleg sex enn det som vart fremma i L97 (Røthing, 2005, s. 258). Trass i nye retningslinjer i L97, varierte framleis undervisninga frå lærar til lærar. Undervisninga kunne vere farga av både av læraren og elevane sine perspektiv og bakgrunnar i tillegg til kvar i landet undervisninga føregjekk (Røthing, 2005, s. 258). Røthing (2005) problematiserer korleis retningslinjene i læreplanen kunne stride mot lærarens egne verdiar og viser til ulike strategiar lærarar med kristen bakgrunn på Sørlandet brukte for å distansere seg frå desse (Røthing, 2005, s. 258-264). Sjølv om homofile forhold er inkludert i L97, vart det framleis fokusert på

seksualitet mellom heteroseksuelle. Dette er og meir i samråd med typiske kyrkjelege verdiar (Røthing, 2005, s. 264). Seksualitet var knytt til filosofi og etikk i KRLE faget og kulturelle normer i samfunnsfag. Læreplanen påla ikkje diskusjonar om kva normer ulike religionar hadde rundt seksualitet (Røthing & Svendsen, 2009, s. 140-141). Læreplanane i KRLE/RLE held framleis fast på omgrepa «homofili» og «heterofili». Desse vart erstatta med «seksuell orientering» i læreplanane for samfunnsfag og naturfag som høyrte til Kunnskapsløftet i 2006. Dette opna for ei meir fleksibel forståing av seksualitet, samstundes som læreplanane utvida rammene for kva samliv og seksualitet er (Støle-Nilsen, 2022, s. 31-32).

### *2.3.2 Oversikt over seksualitetsundervisning i læreplan etter kunnskapsløftet 2020*

Med kunnskapsløftet 2020 (LK20) kom det nokre forandringar i læreplanen angående seksualitet og kjønn. Vi har fått ein ny læreplan der seksualundervisninga blir teke opp i fleire fag fleire stader i utdanningsløpet (Støle-Nilsen, 2022, s. 11). Under det nye tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring er mellom anna området seksualitet og kjønn aktuelt. Folkehelse og livsmeistring skal blant anna bidra med kompetanse som hjelper elevane til betre psykisk og fysisk helse gjennom ansvarlege livsval. Slik skal dei få betre sjølvbete, tryggare identitet og takle betre både medgang og motgang (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 14). Utdanningsdirektoratet (2022) gir også informasjon om korleis ein kan jobbe med tema som for eksempel demokrati, mangfald og Pride i tråd med blant anna LK20 på deira nettsider (Utdanningsdirektoratet, 2022, s. 1-2). Her referer dei til pride som «en feiring av skeiv kjærlighet, mangfold, inkludering og retten til å elske hvem man vil» (Utdanningsdirektoratet, 2022, s. 1).

Tema som går under seksualundervisninga finn ein særleg som kompetansemål i faga KRLE, samfunnsfag og naturfag og norsk, men også i fleire andre. Eit kompetansemål etter 10. klasse i den nye læreplanen i KRLE er at eleven skal kunne «gjere greie for og reflektere over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn» (Kunnskapsdepartementet, 2019a, s. 8).

I samfunnsfag blir temaet seksualitet allereie tatt opp som kompetansemål etter 2. klasse som er «samtale om kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og korleis eigne og andre sine grenser kan uttrykkjast og respekterast» (Kunnskapsdepartementet, 2019c, s. 6). Eit kompetansemål etter 4. klasse i samfunnsfag er «samtale om grenser knytt til kropp, kva vald og seksuelle overgrep er, og kvar ein kan få hjelp dersom ein blir utsett for vald og seksuelle overgrep» (kunnskapsdepartementet, 2019c, s. 8). Etter 7. klasse er det eit kompetansemål i samfunnsfag som seier elevane skal kunne «reflektere over variasjonar i identitetar, seksuell orientering og

kjønnsuttrykk, og eigne og andre sine grenser knytt til kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og drøfte kva ein kan gjere om grenser blir brotne» (Kunnskapsdepartementet, 2019c, s. 9). I kompetansemåla i samfunnsfag etter 10. trinn står det at eleven skal kunne «reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskte hendingar» (Kunnskapsdepartementet, 2019c, s. 11).

I kompetansemål etter 4. trinn i naturfag står det at eleven skal kunne «samtale om likskapar og ulikskapar mellom kjønna, om kjønnsidentitet og om korleis mennesket reproducerer seg» (Kunnskapsdepartementet, 2019b, s. 7) kompetansemål etter 7. trinn i naturfag er det eit mål at eleven skal kunne «gjere greie for fysiske og psykiske forandringar i puberteten og samtale om korleis dette kan påverke kjensler, handlingar og seksualitet» (Kunnskapsdepartementet, 2019b, s. 8). Vidare er det eit kompetansemål etter 10. trinn der eleven skal kunne «drøfte spørsmål knytte til seksuell og reprodutiv helse» (Kunnskapsdepartementet, 2019b, s. 10). Informantane mine hadde generelt ikkje eit ønske om å endre på innhaldet i noværande læreplanar. Både dei som hadde førehandskunnskap om måla og dei som ikkje utrykte på ulikt vis at alle emna som er brakt opp i læreplansmåla var nødvendige å reflektere og diskutere i lys av dagens samfunn. Informantane som hadde liten tillit til undervisninga hadde hovudsakeleg dette delvis grunna manglande oversyn over kompetansemåla, men mest fordi enkelte var uroa over korleis læraren og skulen formidla desse.

#### **2.4 Norsk og Internasjonal forskning**

Det er forska på kvaliteten av seksualundervisninga både i Norge og internasjonalt og ulike oppfatningar kristne grupperingar har av denne. Eg skal beskrive eit relevant utval der eg inkluderer forskning rundt variasjonen av innhald i undervisninga for å vise kva informantane kan reagere på. Eg har ikkje funne mykje forskning som fokuserer på norske kristne. Dette har vorte meir undersøkt i andre vestlege land som USA. Synet på seksualundervisning skil seg mellom USA og Norden. Norden er kjent for å ha ei meir liberal seksualundervisning enn mange andre vestlege land. Kristne oppfatningar av seksualundervisninga vil nok derfor vera ulik i USA og Norge. Derimot deler resultata nokre av mine informantar sine generelle oppfatningar og tankar rundt korleis seksualundervisninga burde vera. Dette kan gi meg innsikt eg kan bygge på i mi forskning. Utanlandske funn kan gi innsikt i ulikskapar og likskapar mellom dei kristne samfunna til informantane og kristne i USA. Dette får fram kva som er unikt med dei tre samfunna eg studerer i min lokale kontekst.

#### *2.4.1 Støle-Nilsen (2022), Goldschmidt-Gjerløw (2022) og Bartz (2007) forskning av dagens seksualundervisning i Norge*

Lektor Marianne Støle-Nilsen har som formål med «Helhetlig seksualundervisning i skolen (2022)» å gi oversyn over kva heilskapleg seksualundervisning inneber, kvifor det er viktig i skulen og kva oppgåva til læraren er (Støle-Nilsen, 2022, s. 45). Lærarar kan oppleve seksualundervisninga som vanskeleg sidan dei følar dei manglar kompetanse og er usikre på ansvaret sitt (Støle-Nilsen, 2022, s. 11-12). Støle-Nilsen (2022) viser til lesarinnlegg og kronikkar som ytrar ønske om meir og betre seksualundervisning (Støle-Nilsen, 2022, s. 11). Kartleggingar syner at den har vorte meir heilskapleg, men varierer for mykje (Støle-Nilsen, 2022, s. 33). Støle-Nilsen (2022) skildra som nemnt tre ulike tilnærmingar under den heilskapleg seksualundervisninga: Ein helsemessig tilnærming, Kriminalitetstilnærming og ei kjønn- og mangfaldstilnærming (Støle-Nilsen, 2022, s. 45).

Helsemessig tilnærming vektlegg at seksualitetsundervisninga skal påverke utsetjing av seksuell debut samt auke kondombruken for å redusere risikofylt åtferd som kan føre til uhelse (Støle-Nilsen, 2022, s. 36). I følgje forskning gjort på oppdrag av foreininga Sex og Politikk er det helsetilnærminga den dei fleste lærarar inkluderer i si seksualundervisning (Støle-Nilsen, 2022, s. 45). Kriminalitetstilnærminga inkluderer problemstillingar knytt til overgrep og grensetting. Dette er noko lærarar må vere bevisste på (Støle-Nilsen, 2022, s. 37). Nyare forskning viser i følgje Støle-Nilsen (2022) at skular er innoom tematikken, men den er ikkje teke opp tilstrekkeleg eller på gode nok måtar. I tillegg kan lærarar mangle rett kompetanse (Støle-Nilsen, 2022, s. 39, 41). Redd Barna publiserte i 2015 ein rapport rundt ungdom si oppfatning av valdtekt, kjønnsroller og samtykke. Her føreslo ungdommar sjølv undervisninga ikkje berre skulle vektlegge kondombruk og sjukdommar, men også snakke om sunne og trygge relasjonar. Dei meinte og ein burde reflektere meir over kjennskapen til eigen kropp og lysta til betre sex (Støle-Nilsen, 2022, s. 41-42). Informantane vurderer også grensesetting som eit viktig tema som bør inkluderast tidleg. Undervisning rundt kjønn og mangfald har, som tidlegare nemnt, vore kritisert for blant anna å ha eit sterkt heteronormativt fokus. (Støle-Nilsen, 2022, s. 41-42). Seksuell praksis er ikkje inkludert i undervisninga, men forskning viser at ein lærer meir om mannleg ereksjon og ekskluderer lubrikasjon som kjem av kvinneleg opphissing (Støle-Nilsen, 2022, s. 43). Støle-Nilsen (2022) referer også til Thode (2017). Thode finn blant anna at tema som prevensjon, seksuelt overførbare infeksjonar og graviditet tek meir plass i undervisninga framfor kjønn og seksuell orientering. Der var det også ein lærar som meinte at seksuell orientering burde ligge under kjensler og ikkje seksualundervisning. Fleire lærarar i forskinga

meinte også at undervisning om seksualitet og kjønn burde overlatast til fagfolk (Støle-Nilsen, 2022, s. 43-44; Thode, 2017). Forskinga viser at det eksisterer eit ideal om ein normkritisk, likestilt seksualundervisning som gjev ei brei forståing av seksualitet og kjønn, men at undervisninga ikkje er i tråd med dette (Støle-Nilsen, 2022, s. 44-45).

Støle-Nilsen (2022) presenterer også funn frå fleire rapportar gjort på oppdrag av organisasjonen Sex og samfunn. I ein nyare rapport ser dei endringar i oppfatninga til lærarar og elevar frå 2016 og 2017 til 2021 (Støle-Nilsen, s. 33). Sex og samfunn omtalar seg sjølv som Norge sitt største senter for seksuell og reproduktiv helse og rettar. Dei driv klinisk, undervisnings- og formidlingsarbeid og får førespurnader frå heile landet gjennom poliklinikk, telefon, e-post og chat-teneste. Chat-tenesta er utvikla slik at unge kan snakke med kvalifisert helsepersonell om sex, seksualitet og seksuell helse. Dei gjennomfører også opplæring om tema rundt seksuelt samliv og seksuell identitet (Sex og samfunn, 2016). Sex og samfunn stod bak ein eksempellressurs som informantane mine fekk sjå på i samband med intervjuet. Informantar som ønskte det fekk og informasjon om organisasjonen. Nokre informantar stilte her spørsmål om ideologisk ståstad. Sex og Samfunn har som sagt publisert fleire rapportar om lærarar og elevar sine opplevingar (Støle-Nilsen, 2022, s. 33). Denne samsvarer med Røthing (2005) som hevdar at seksualundervisning kan variere sterkt frå skule til skule og mellom lærarar (Røthing, 2005, s. 258). Det varierer sterkt kva ressursar lærarar tek i bruk. Ei undersøking frå 2021 viser at 60% av lærarane bruker forskjellige nettsider. Det er til dømes sidan 2016 registrert dobla bruk av ressursar frå Uke 6 (Støle-Nilsen, 2022, s. 34). 70% svarar at dei tek i bruk helsesjukepleiarar. 52% registrerer at dei brukar eksterne ressursar. 35% tek i bruk kollegaer som ressurs. Tilbakemeldingane viser at mange lærarar ikkje er nøgde med kunnskapen rundt seksualundervisning dei har fått i utdanninga. Dei meiner formidling og kunnskap om seksualitet må styrkast (Støle-Nilsen, 2022, s. 34). Kartleggingar viser at seksualitetsundervisninga i skulen har vorte meir heilskapleg (Støle-Nilsen, 2022, s. 33). Samstundes tyder likevel forskinga på at heilskapleg seksualundervisning framleis ikkje har fått ein dominerande plass (Støle-Nilsen, 2022, s. 45). Heteronormativitet pregar framleis undervisninga. Fleire lærarar ser heller ikkje seksualundervisninga som si primære oppgåve (Støle-Nilsen, 2022, s. 33).

Statsvitar og doktorgradsstipendiat i samfunnsfagsdidaktikk ved Universitetet i Agder Beate Goldschmidt-Gjerløw undersøker i Goldschmidt-Gjerløw (2022) «Exploring Variation in Norwegian Social Science Teachers' Practice Concerning Sexuality Education: Who Teachers Are Matters and So Does School Culture» variasjonar i utvalde lærarar si seksualundervisning

frå skuleåret 2017/2018 med hovudfokus på seksuell vald (Goldschmidt-Gjerløw, 2022, s. 163). Goldschmidt-Gjerløw (2022) finn at trass i lik læreplan, varierer undervisninga sterkt. Grunna autonomi og moglegheit til å velje blir personlege eigenskapar og kultur avgjerande for undervisning (Goldschmidt-Gjerløw, 2022, s. 171-172). Alder og kjønn betyr mykje. Yngre kvinnelege lærarar lærer typisk til dømes meir om seksuell vald og mishandling (Goldschmidt-Gjerløw, 2022, s. 175). Denne variasjonen, som også tidlegare beskrive av Støle-Nilsen (2022), er noko fleire informantar bekymrar seg for. Nokre tykkjer ansvaret for lærar og skule blir for stort. Det vil vera utfordrande for ein lærar å unngå å kommunisere personlege meiningar. Nokre informantar hadde derimot større tillit til lærarane. Dei meinte skulen oppfylte sin del av oppgåva, medan foreldre kunne supplere der det trengtest.

Jurist Tiffany Bartz har undersøkt i Bartz (2007) «Sex Education in Multicultural Norway» (Bartz, 2007, s. 17) korleis seksualundervisninga ved Sogn Vidaregåande vert utfordrande for innvandrarborn og då særleg muslimar. Mi undersøking tek føre seg kristne og ikkje muslimske informantar. Likevel kan det vera samanliknbare utfordringar når seksualundervisning møter religiøse oppfatningar. Bartz (2007) samanliknar fleire gonger norsk seksualundervisning med amerikansk. Føremålet med undervisninga er nokså lik. Døme på dette er reduksjon av uønskt graviditet, seksuelt overførbare sjukdommar og andre helseskadelege konsekvensar. Ulikskapen går derimot på tilnærming. Amerikansk undervisning er kjenneteikna av å vere meir abstinensbasert. Det vert og diskutert om seksualundervisning i det heile bør vera med i læreplanen. Abstinensbasert seksualundervisning er skildra nærare i neste kapittel. I Norge har debatten ikkje vore like omfattande. Seksualitet er meir normalisert og læreplanen legg vekt på individuelle val, prevensjon og intimitet (Bartz, 2007, s. 18-19). Bartz (2007) hevdar imidlertid at undervisninga er for fokusert mot norsk kultur og ikkje tilpassa multikulturelle elevar med ein meir konservativ bakgrunn (Bartz, 2007, s. 20-22). Sjølv om undervisninga kan stride mot verdiane til konservative elevar og familieane deira er det ikkje høve å få fritak (Bartz, 2007, s. 21). Kunnskap om andre typar seksualetikk utover den norske vert ikkje formidla i særleg grad (Bartz, 2007, s. 22). Fleire av informantane var skeptiske til ideologien bak den norske undervisninga. Dei opplevde at det ikkje var presentert alternative framstillingar. Spesielt informantane frå Den katolske kyrkja etterlyste alternative oppfatningar og at elevar sjølv fekk velje kva dei meinte var riktig.

#### 2.4.2 Dent og Maloney (2017), Cameron et al. (2019) og foreldre sine oppfatningar av seksualundervisning

Dei amerikanske sosiologane Lauren Dent og Patricia Maloney undersøker i Dent og Maloney (2017) «Evangelical Christian parents' Attitudes Towards Abstinence-Based Sex Education: 'I Want My Kids to Have Great Sex!」», evangelisk kristne foreldre i Texas sitt syn på seksualundervisning (Dent & Maloney, 2017). Dei prøver blant anna å svare på kva desse ønsker for barna si seksualundervisning (Dent & Maloney, 2017, s. 150). Dent og Maloney (2017) påpeiker at det er vanleg å tenke at kristne seier nei til ulike typar seksualundervisning, og ønsker at unge skal halde seg unna alle former for seksuell aktivitet. Her er ofte tanken at kristne ser primært på sex som noko syndefylt og ureint (Dent & Maloney, 2017, 149-150). I USA er det hovudsakeleg eit todelt syn på seksualundervisning. Dette er abstinensbasert seksualundervisning (Abstinence-based sexual education) og omfattande seksualundervisning (Comprehensive sex education).

Dei ulike formene for abstinensbasert undervisning lærer abstinens og fråhald som det moralske valet. Dette kan hindre kjønssjukdommar, graviditet og andre uønska resultat. Nokre inkluderer informasjon om prevensjon og sjukdommar, men hovudfokuset er på fråhald (Dent & Maloney, 2017, s. 151-152). Undervisning som fokuserer på fråhald og framstiller sex før ekteskapet som brot på moralske normer er også noko, som tidlegare poengtert av Evang, medfører unødvendig følelse av skam og sjølvhat (Nordberg, 2021).

Omfattande seksualundervisning lærer vekk alle former for prevensjonsmiddel og trygg sex. Her vert abstinens presentert som eit av fleire val. Dette er ofte rekna som ei meir sex-positiv undervisning (Dent & Maloney, 2017, s. 152). Dent og Maloney (2017) hevdar det er feil å påstå at dei evangeliske kristne kun ønskjer abstinensbasert undervisning. Det vert argumentert at slike fordommar gjer at politikarar ikkje tør å promotere anna enn abstinensbasert undervisning. (Dent & Maloney, 2017, s. 149). Fleire ønskte ikkje at skulane skulle gi normativ seksualundervisning, men ei form for informativ, vitenskapleg undervisning. Dent og Maloney (2017) grunngir dette med at desse foreldra reknar med at læreplanen ikkje har moglegheit til å reflektere deira eigen versjon av sex-positive haldningar (Dent & Maloney, 2017, s. 161).

Amanda Cameron er ein rådgjevar ved the Medical University Of South Carolina. Cameron forskar på i Cameron, Smith, Mercer og Sundstrom (2019) både på religiøse og ikkje-religiøse amerikanske foreldre sine perspektiv på seksualundervisninga i «It is our duty: understanding parents perspectives on reproductive and sexual health education». Cameron et al. (2019) undersøker ein spesifikk region i Sør-Carolina. Der finn dei at fleste foreldre ønsker ei

seksualundervisning utan religiøs påverknad (Cameron et al., 2019, s. 535). I likskap med Dent og Maloney (2017) finn Cameron et al. (2019) at foreldre nedvurderer abstinensbasert undervisning og ber om ei omfattande undervisning (Cameron et al., 2019, s. 535). Cameron et al. (2019) hevdar det er nødvendig å oppdatere den omfattande seksualundervisninga i Sør-Carolina på bakgrunn av funna for å imøtekomme foreldre sine krav (Cameron et al., 2019, s. 535). Dette vil blant anna bidra til betre seksuell helse og redusere høge tal av ungdomsgraviditetar og kjønnsjukdommar (Cameron et al., 2019, s. 535-538). Fleire foreldre såg på den omfattande undervisninga som skulen si plikt ovanfor elevane (Cameron et al., 2019, s. 541). Særleg fokus vart lagt på kunnskap om prevensjon, sjukdommar og andre helserelevante emne (Cameron, et al., 2019, s. 541-542). Informasjonen må også vera vitenskapleg basert, evidensbasert og framfor alt tilpassa alder. Nokre bekymringar gjekk på at enkelte emne ville komme for tidleg for yngre elevar og med manglande lærarkompetanse (Cameron et al., 2019, s. 542). Den vitenskaplege kunnskapen går særleg på anatomi (Cameron et al., 2019, s. 544). Dette er også idear som informantane mine deler. Det gjeld både dei som allereie er foreldre og dei andre. Sjølv om mine informantar har posisjonar i kristne kyrkjer er det fleire som set fokus på ei undervisninga basert på eit vitenskapleg grunnlag og elevar si modning (Cameron et al., 2019, s. 542). Fleire foreldre uttrykte at ein ikkje måtte tabulegge og stigmatisere seksualitet for å kunne gi god og korrekt informasjon (Cameron et al., 2019, s. 543). Mine informantar var også opptekne av at seksualitet ikkje måtte stigmatiserast.

#### *2.4.3 Svendsen (2018), Yu og Lee (2018) og helse mot moral i seksualundervisning*

Førsteamanuensis i pedagogikk Stine H. B. skildrar i Svendsen (2018) «The Cultural Politics of Sex Education in the Nordics» korleis seksualundervisning i Norden skil seg frå resten av verda. Svendsen (2018) si forskning påpeiker at det føreligg eit potensiale for å betre seksualundervisninga ved å ta omsyn til kritikken frå skeive eller antirasistisk kritikk (Svendsen, 2018). Svendsen (2018) hevdar korleis seksualundervisninga bruker sekulær logikk for å skilje mellom helse og moral. Her vert moralske bekymringar basert på religion sett til side (Svendsen, 2018, s. 139). Svendsen (2018) viser til ei harmonisk politisk semje når det kjem til liberal seksualundervisning i Norden (Svendsen, 2018, s. 137-138). Undervisninga i Norden er kjent som open og liberal (Svendsen, 2018, s. 137). Men Svendsen (2018) peiker likevel på kritikkverdige forhold. Dette går på at ein separerer kjønn og seksualitet og opprettheld ein heteronormativ forståing av tematikken (Svendsen, 2018, s. 139). Dette samsvarar med Røthing og Svendsen (2009) si oppfatning av at norsk seksualundervisning framhevar former for heterofil sex som det normale sjølv om det ikkje føreligg eit press som



tilseier ein moralsk seksuell standard. Dette har gjort at andre former for sex har blitt sett til sides eller vurdert som underutvikla (Røthing & Svendsen, 2009, s. 128-130). Nokre av mine informantar erkjenner at skeive og medlemmer av LHBTQI har vore underrepresentert i seksualundervisninga. Men fleire ønskte heller ikkje at homoseksualitet skulle ta for stor plass. Feministisk kritikk av seksualundervisninga i Norden har vore at den har fremma fleire vestlege og binære stereotypiar av kjønn og familiestrukturar. Mannen er den aktive part og kvinna den passive i seksuelle forhold og hensikta er å reprodusere. Slik vert handlingar som ikkje inneheld reproduksjon ekskludert (Svendsen, 2018, s. 145). Å kun basere seksualundervisning på vitskaplege fakta utan å blande inn moralske utfordringar blir debattert i USA. Her blir ofte Sverige brukt som eksempel der seksualundervisninga har fokus på god helse og ikkje inkluderer religion eller moral (Svendsen, 2018, s. 147). Svendsen (2018) argumenterer også for at seksualundervisninga i nordiske land brukar diskurs som er sentral i utøving av rasisme. Her skildrast ei tydeleg andregjering av religiøse minoritetar. Dette fører til ein seksualisert rasisme som har grunnlag i ei europeisk verkelegheitsforståing av rase og kulturell overlegenheit (Svendsen, 2018, s. 139-140). Eit eksempel på dette er forskning gjort i Sverige som viser at den dominante lutherske kristendommen ikkje er oppfatta å vera i konflikt med seksualundervisninga. Derimot ser dei på trua til ikkje-kristne religionar og innvandrarakar som ei utfordring for seksualundervisninga (Svendsen, 2018, s. 147). Ingen av mine informantar høyrer til ein synleg etnisk minoritet og diskuterte ikkje rasisme opp mot seksualundervisninga. Derimot var det nokre som opplevde at det var lite aksept for deira seksuelle normer, og at ein fri sekulær seksualitet dominerte i dag.

Professor Chong Ho Yu med doktorgrad innan blant anna pedagogisk psykologi og psykologiforskar Hyun Seo Lee undersøker i «A Multi-Disciplinary Inquiry of Secular and Christian Approaches to Sex Education» (2018) både sekulær og kristen seksualundervisning. Yu og Lee (2018) ønskjer å foreine kristne verdiar med ei omfattande seksualundervisning (Yu & Lee, 2018, s. 76). Dei skildrar seksualundervisning inspirert av kristendom som ein heteronormativ og monogam tilnærming (Yu & Lee, 2018, s. 80). Eit kristent moraliserande syn på seksualitet og kjønnsroller har vore kritisert for å vera forstyrrende og problematisk for menneske sin seksualitet (Yu & Lee, 2018, s. 77). Abstinensbasert seksualundervisning har vist lite positiv påverknad på seksuell aktivitet og haldningar blant unge. Eit negativt og restriktivt syn hindrar unge frå ei forståing av seksualitet og kunne også føre til deltaking i hemmelege seksuelle aktivitetar (Yu & Lee, 2018, s. 77-78). Sidan religiøsbasert undervisning ofte er abstinensbasert meiner Yu og Lee at kristendommen ikkje lenger kan fungere som moralsk

kompass (Yu & Lee, 2018, s. 77). Yu og Lee (2018) påpeiker at seksuell openheit viser seg å vera sunnare enn moralisering (Yu & Lee, 2018, s. 85-86). Derimot problematiserer dei oppfatninga om at dagens liberale seksualkultur skal vere det vi presenterer som norm (Yu & Lee, 2018, s. 88-89). «Hooking» eller «å hooke» beskriver Yu og Lee som når ein utfører seksuelle handlingar med framande eller kjente der ein ikkje har forventningar om at det skal resultere i eit forhold (Yu & Lee, 2018, s. 78). Ein slik «hooke kultur» er normalt blant studentar ved høgare utdanning i USA (Yu & Lee, 2018, s. 78). Amerikanske undersøkingar viser at denne kulturen startar på mellomtrinnet og varer utover høgare utdanning. Før vidaregåande er det fleire som allereie har utveksla seksuelle videoar og lagar oversyn over seksualpartnerar (Yu & Lee, 2018, s. 85). Forklaring på det tiltalande ved kulturen kan vera personleg fridom og mangel på ei forplikting knytt til den seksuelle handlinga. Det har vorte påpeika at dette har ført til seksuell objektivering av begge kjønn. Kulturen oppmuntrar blant anna menn å samle på jomfrudommen til jenter som trofé. Her har jenter har uttrykt einsemd og tomheit som resultat av seksuelle relasjonar utan forplikting eller oppriktigheit (Yu & Lee, 2018, s. 85). Slik «hooke kultur» eksisterer også i mindre grad på kristne universitet i USA. Det er vist til at studentar med sterke religiøse verdiar og med høg deltaking i religiøse aktivitetar oftare utset første samleie og reduserer risikofylte seksuelle handlingar (Yu & Lee, 2018, s. 78-79). Mine informantar problematiserer også med eigne ord «hooke» kulturen og normaliseringa av fri seksualitet i dagens samfunn. Difor tykkjer dei blant anna at seksualundervisninga burde innehalde meir refleksjon over kva indre påverknadar tilfeldig sex kan føre med seg. Sekulær undervisning oppmuntrar ofte til fri seksualitet der ungdom skal få eksperimentere og utvikle sin eigen seksuelle filosofi. Tradisjonelle seksuelle moralkodar er sett på som undertrykkande og usunn for den mentale helsa. Sidan seksuelt overførbare sjukdommar og graviditet kan førebyggast gjennom kunnskap om ulike prevensjonsmiddel er ikkje eksperimentering med seksualitet sett på som galt (Yu & Lee, 2018, s. 85-86). Sjølv om Yu og Lee (2018) erkjenner at det er fleire kristne samfunn som fokuserer for mykje på sex som noko syndefylt og gudlaust så meiner dei ikkje at kristen undervisning treng å føre med seg skam over eigen seksualitet (Yu & Lee, 2018, s. 96). Dei meiner blant anna at kristen undervisning også inneheld positive framstillingar av sex og seksualitet, så lenge dette er innafor rammene til ekteskapet (Yu & Lee, 2018, s. 96). Fleire moderne teologar meiner at seksualitet og sex ikkje er noko vondt, men eksisterer for ein god grunn. Den seksuelle foreininga mellom mann og kvinne vert samanlikna med foreininga mellom menneske og den heilage ande (Yu & Lee, 2018, s. 94). Kristen seksualetikk er ikkje nødvendigvis basert på å fjerne seksuell nytting. Den kan derimot fokusere på å oppmuntre til seksuell aktivitet innan eit langt, lykkeleg, tillitsfylt og kjærleiksbasert

forhold (Yu & Lee, 2018, s. 95). Yu og Lee (2018) argumenterer vidare for ein kristen vri på den omfattande seksualundervisninga. I tillegg til å promotere kristne verdiar og åtvare mot uheldig sexkultur, kan ein samstundes lære vekk bruk av prevensjon (Yu & Lee, 2018, s. 95-96). Yu og Lee (2018) meiner at kristen seksualetikk slik kan bidra med gode råd til dagens ungdom (Yu & Lee, 2018, s. 97). Eit slikt kristent perspektiv på seksualundervisninga og seksualitet er dei fleste informantane einige om er viktig for kristen ungdom. Fleire meiner at kristne verdiar ikkje fyller seksualiteten med skam, men viser til positive rammer og grenser den kan utforskast i. Alle tykkjer kyrkja burde involvere seg sterkare med sitt syn på seksualitet. Derimot er det usemje i kor stor plass kyrkja bør ta.

## **2.5 Oppsummering**

Den norske kyrkja var einaste tillate religionen i Norge fram til dissenterlova av 1845. Då fekk retningar som den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja vekse i Norge og i Bergen. Dette er dei tre kyrkjesamfunna informantar tilhøyrar. Alle tre har ein seksualetikk forankra i bibelsk og kristen teologi, men har ulike oppfatningar om kompromiss i høve til veksande normalisering av ein friare og opnare seksualitet. Nokre legg meir vekt på å grunngi kvifor deira seksualetikk framleis er relevant.

Etter mellomkrigstida starta utviklinga av ei seksualopplysning og seksualundervisning som ikkje lenger baserer seg på kristen seksualetikk. Seksualundervisninga i Norge er i dag tverrfagleg og har som føremål å vera heilskapleg. Læreplanen viser til kompetansemål som rettesnor, men skule og lærar har valfridom til bruk av ressursar som er nødvendige for å oppfylle desse.

Forsking både internasjonalt og i Norden viser til at både kristne foreldre og kristne samfunn ser kvifor det er viktig med ei form for seksualundervisning. Forskinga skildrar forskjellige tankar om korleis denne kunnskapen skal vidareførast. Fleir funn korresponderer med opplevinga mine informantar har av seksualundervisninga i skulen. Det finns fleire amerikanske studie som ser på spenninga mellom seksualitet og seksualundervisning i høve til foreldre og kyrkjene. Fleire konkluderer med at både foreldre og kyrkjelege leiarar har ønske om ei form for god opplæring innan seksuell helse. Dette er også noko som kjem fram i nordiske studie, der ein har ei meir open og liberal seksualundervisning.

I følgjande kapittel skal eg gå inn på dei teoretiske perspektiva eg skal bygge analysen min på.

### **3. Teori**

Dette kapittelet skal omhandle ulike teoretiske perspektiv som grunnlag for den vidare analysen min. Oppfatningane informantane mine har om den offentlege seksualundervisninga kan vera påverka både bevisst og ubevisst av kristen identitet og det kristne samfunnet dei høyrer til i tillegg til samfunnet rundt. Dette er noko eg argumenterer for at ein kan undersøke nærare ved bruk av sosial identitetsteori (SIT) og noko eg kjem inn på i første delen av kapittelet.

Vidare har informantane vore innom fleire generelle og individuelle oppfatningar rundt seksualitet som og er knytt til korleis dei trur og ønskjer den seksuelle undervisninga i skulen skal gå føre seg. Desse oppfatningane skal eg undersøke ved hjelp av ulike formar for teoriar rundt seksualitet inkludert feministiske og skeive teoriar rundt temaet. Både feministisk postkonstrukturalistisk teori og skeive teoriar undersøker kjønnsroller. Dette gjer dei nært beslekta. Gedro og Mizzi (2014) hevdar at ein separasjon av desse ikkje er hensiktsmessig (Gedro & Mizzi, 2014, s. 447). Begge rekonstruerer maktforhold ved å demontere normer og promotere politisk endring (Gedro & Mizzi, 2014, s. 449). Page og Shipley (2020) argumenterer også med at ein kombinasjon av skeiv og feministisk teori er beste måten å foreine forskingsfelt seksualitet og religionsvitskap (Page & Shipley, 2020, s. 69). Sidan dette er to ulike forskingsfelt med kvar sine respektive historier skal eg først presentere dei kvar for seg. Avslutningsvis skal eg bruke dei to teoriane for å skildre dei heteronormative systema som samfunnet og religionar gjerne baserer seg på.

#### **3.1 Sosial identitetsteori**

Sosial identitet går på at menneske opplever kven dei er basert på definerte karakteristikkar knytt til den sosiale gruppa dei høyrer til (Hogg & Abrams, 1988, s. 7). Med sosial gruppe meiner ein eit sett med to eller fleire individ som har ein felles sosial identitet og som ser på seg sjølv som ein del av den same sosiale kategorien (Stets & Burke, 2000, s. 225; ). Å vera medlem av ei sosial gruppe kan hjelpe menneske til å oppretthalde positive identitetar sidan dette gir kjensla av å høyre til noko. Kjærleik og kjensla av tilhøyrse er rekna som fundamentale psykologiske behov (Lingaas, 2021, s. 444). Eksempel på ei slik sosial gruppe kan vera religiøse grupper og samfunn som informantane mine høyrer til (Lingaas, 2021, s. 444; Herriot, 2007, s. 26). Eg skal vidare gjere greie for sosial identitetsteori og trekke inn korleis dette er relevant for prosjektet mitt og koplinga til religiøs praksis og samhandling.

### *3.1.1 Sosial identitetsteori*

Sosial identitetsteori (SIT) har sitt opphav frå teoriar rundt intergruppeforhold og konflikt og samarbeid mellom grupper i forskning gjort av sosialpsykologane Henri Tajfel (1919-1982) og John C. Turner (1947-2011). SIT utvikla seg seinare med større fokus på sjølvvet og identiteten i grupper generelt (Hogg, 2016, s. 3-4; Tajfel & Turner, 1979). Sosial identitetsteori baserer seg på at samfunnet består av ulike sosiale kategoriar med ulik status. Med sosiale kategoriar referer ein til gruppering av menneske basert på nasjonalitet, rase, sosiale klasse, yrke, kjønn og religion. Nokre kategoriar har høgare status enn andre. Kategorien eksisterer likevel ikkje isolert og oppnår berre statusen den blir vurdert mot andre grupper. Kategorien kristen betyr for eksempel ikkje like mykje som når den er sett opp for å differensiere kristne mellom sekulære eller andre ikkje-kristne. Eit individ er medlem av fleire sosiale kategoriar. Til dømes er ein av informantane mine ein ung etnisk norsk mann. I tillegg er han kristen og metodist (Hogg & Abrams, 1988, s. 14).

Psykologiprofessor Peter Herriot (f. 1939) introduserer tre komponentar til ein sosial identitet. Dette er eit kognitivt element, eit evaluerande element og eit affektivt element. Det kognitive elementet går på at ein oppfattar å høyre til ein sosial kategori. Det evaluerande elementet er når ein samanliknar denne kategorien med andre kategoriar. Det affektive elementet skildrar graden ein føler seg forplikta til kategorien (Herriot, 2007, s. 36). I det kognitive elementet er sjølvvet reflektivt og kategoriserer seg i forhold til dei ulike kategoriane som er moglege i den sosiale samhandlinga det lever i. Denne prosessen vert kalla sjølvkategorisering og er prosessen der sosial identitetsteori meiner identitet vert forma (Stets & Bruke, 2000, s. 224). Slik kan sosiale krefter påverke korleis den individuelle identitetsprosessen vert forma (Lingaas, 2021, s. 442). Medlemskap i sosiale grupper kan også føre til motsetningar mellom såkalla inngrupper og utgrupper. Dei som tilhøyrar den sosiale gruppa vert del av inngruppa. Alle utanfor er ein del av utgruppa. Her kan religion blant anna bli ein identitetsmarkør i motsetning til eit religiøst andre (Lingaas, 2021, s. 442). Ein slik intergrupperelasjon skildrar det evaluerande elementet. Det føregår då ein sosial samanlikningsprosess der menneske som er lik sjølvvet blir kategorisert som inngruppemenneske medan dei som er ulik sjølvvet er kategorisert som utgruppemenneske (Stets & Burke, 2000, s. 225). Den lågaste sjølvkategoriseringa i følgje SIT er den personlege identiteten. Det er kategoriseringa av sjølvvet som ei unik eining skilt frå andre individ. Den personlege identiteten fokuserer på måla og handlingane individet gjer som kjem frå dei sjølv og er ikkje avhengig av medlemskapet i ei gruppe. Om ein handlar utifrå personleg identitet

eller sosial identitet er bestemt av situasjonen. I ein situasjon med fokus på sosial og normativ samanlikning blir den sosiale gruppeidentiteten aktivert og overstyrer den personlege identiteten (Stets & Burke, 2000, s. 228).

### *3.1.2 Inngrupper og utgrupper*

Gjennom sjølvkategoriseringsprosessen fokuserer ein som sagt på likskapane mellom sjølvet og andre inngruppedlemmer og forskjellane mellom sjølvet og utgruppedlemmene. Då tek ein omsyn til alle haldningar, tru og verdiar, affektive reaksjonar, åtferdsnormer, talemåtar og andre eigenskapar som kan vera relevante i forhold til inngruppekategoriseringa. Her vert for eksempel kvalitetar som høyrer til inngruppa vurdert positivt medan kvalitetar tilhøyrande utgruppa vert sett på som negativt (Stets & Burke, 2000, s. 225). I dette tilfellet kan ein for eksempel sjå på informantane som menneske som tilhøyrar sine inngrupper og som driv egne sjølvkategoriseringsprosessar i samhandling med sitt kyrkjesamfunn og andre som ikkje høyrer til dette. Deira oppfatning av seksualundervisning og seksualitet vil gjerne vere sterkt påverka av kva kvalitetar som er opphøgd innan deira inngruppe som er kyrkjesamfunnet. Dette er noko dei gjerne vil halde fast ved for å knyte sjølvet deira sterkare til sitt kyrkjesamfunn (Stets & Burke, 2000, s. 225). Derimot er den sosiale identiteten og påverka av fleire andre inngrupper og utgrupper enn berre kyrkjesamfunne. Kvart individ høyrer til ein unik kombinasjon av sosiale kategoriar (Stets & Burke, 2000, s. 225). Herriot (2007) legg vekt på korleis den sosiale identiteten i gruppa påverkar oppførselen vår i sosiale situasjonar (Herriot, 2007, s. 30). Slik påverknad av dei sosiale gruppene skjer når det oppstår ein kontekst der individet får moglegheit til å samanlikne og konkurrere mot andre sosiale grupper som dei oppfattar som utgrupper (Herriot, 2007, s. 31). Kva kategori av sosial identitet ein legg vekt på kjem an på den sosiale situasjonen ein er i og kva oppfatning individet har av verda rundt seg. Ein av mine informantar frå den kristne kyrkja definerer seg nok i større grad med sin sosiale kategori som kristen nå han er i møte med sekulære. I møte med ein av dei katolske eller metodistiske informantane hadde ho nok lagt meir vekt på identiteten som luthersk kristen. Då kan ho behandle og oppfatte dei andre som utgrupper sjølv om alle har ein kristen identitet (Herriot, 2007, s. 30-31). Tilsvarande kan ein også vidareføre ein slik kontekst innanfor same kyrkjesamfunn. Her vil kanskje nokre kategorisere seg etter kven som er meir erfarne i trua i motsetning til nyomvendte og mindre erfarne. Eller ein kan fokusere på den sosiale identiteten som kvinne i motsetning til mann (Herriot, 2007, s. 31).

### *3.1.3 Meta-kontrast prinsippet og inngruppa status*

SIT hevdar også at den sosiale identiteten kjem meir i fokus om ein maksimerer både likskapane innan eiga gruppe og ulikskapane med ei utgruppe. Dette vert kalla «meta-kontrast prinsippet». For eksempel er det ikkje sikkert leiarar innan kristne samfunn har like sterk sosial identitet når dei møter nokon frå eit anna kyrkjesamfunn som i møte med sekulære eller tilhøyrande ein anna religion (Herriot, 2007, s. 32). Ein kan også maksimere slike forskjellar gjennom såkalla «depersonalisering». Med depersonalisering meiner ein tendensen til å berre fokusere på karakteristikkane til individet sin sosiale identitet og ignorere dei individuelle karakteristikkane som høyrer til den personlege identiteten. På denne måten blir forskjellane mellom menneska innan same gruppe minska og alle får like karakteristikkar. Karakteristikken blir kalla prototype når han omhandlar inngruppa til individet. Tilsvarende blir karakteristikkar tillagt utgrupper kalla stereotyper (Herriot, 2007, s. 32). Stereotyper av karakteristikkar i utgrupper som ikkje er lik inngruppa sine prototyper maksimerer dermed forskjellar og skaper splid mellom gruppene (Herriot, 2007, s. 32-33). Depersonalisering er noko individet tek i bruk for å aktivere sin sosiale identitet. Då tek dei på seg særgeheiter og oppførsel dei ser som normative i forhold til gruppa si (Stets & Burke, 2000, s. 231-232). Å drive med prototyping innan sosiale grupper fokuserer på at det er viktig med konformitet og likskap innan gruppa. Eksempel på prototyping kan vera å kle seg likt og følgje eit sett med like reglar og normer (Herriot, 2007, s. 33). Nokre karakteristikkar er meir tydelege enn andre i å skilje eit gruppemedlem frå utgrupper. Eksempel på dette er eit kristen korssmykke eller synlege kleskodar som hijab for kvinner i Islam. Nokre medlemmer brukar slike karakteristikkar meir enn andre og blir derfor særleg prototypiske. Sannsynlegvis vil leiarar i sosiale grupper vera veldig prototypiske og blir gjerne modellen og førebiletet for resten av inngruppa. På den måten kan det vera at nokre av informantane er meir prototypiske enn andre i kyrkjesamfunnet med mindre viktige roller (Herriot, 2007, s. 33). Prototyper er ikkje statiske og endrar seg etter sosiale kontekstar. Som nemnd blir andre prototyper synlege om informantane mine møter kristne frå andre grupper enn menneske frå sekulære grupper. For eksempel kan ein katolsk informant legge meir vekt på doktrine i møte med ein informant frå Den norske kyrkja, medan vektlegging av tru eller relevante sosiale problem kan vera fokus i møte med sekulære grupper. (Herriot, 2007, s. 34).

I kor sterk grad ein framhevar sosial identitet varierer også etter relevansen til utgruppa og kva trussel utgruppa er mot inngruppa sine kategoriar. Som religiøs gruppe kan ein for eksempel meine at deira tru og praksis ikkje vert respektert av det sekulære samfunnet. (Herriot, 2007, s. 34-35). Sidan den sosiale gruppa blir ein del av identiteten til individet, påverkar inngruppa sin

status i forhold til utgruppa korleis ein ser verdien av eigen identitet. Ofte gjer individet subjektive oppfatningar når det samanliknar gruppene, og desse blir ikkje nødvendigvis delt av utgruppa. Eit eksempel Herriot (2007) brukar er når fundamentalistiske grupper av andre blir oppfatta som lågt utdanna med liten status, ser dei seg sjølv som Guds soldatar på jorda (Herriot, 2007, s. 35-36). Dei som oppfattar si sosiale gruppe til å ha høg status, ser den gjerne som meir homogen og identifiserer seg sterkare. Dette fører til at ein vurderer si gruppe som meir annleis enn andre grupper og blir sterkare forplikta til gruppa og målet hennar (Herriot, 2007, s. 36). Det er meir sannsynleg at grupper med klar og sterk sosial identitet har homogene medlemmar som er like kvarandre. Dette aukar sjansen for at dei stolar på kvarandre, har betre kommunikasjon, påverkar kvarandre, samarbeider godt og handlar kollektivt (Herriot, 2007, s. 40).

Det er som sagt fleire sosiale grupper utover religiøs ståstad som bestemmer den sosiale identiteten. Derimot hevdar Lingaas (2021) at religionar skapar ein særleg sterk sosial identitet i forhold til andre sosiale grupper og tilfredstillar fleire menneskelege behov (Lingaas, 2021, s. 445). Religion er eit høgt komplisert og samansett fenomen. Den inneheld både det enkelte individ si psykologiske oppleving i tillegg til å vera ei kulturell eller sosial drivkraft som bind eit samfunn saman (Lingaas, 2021, s. 444). Religionar praktisert i grupper har også ein særleg sterk kollektiv karakter samstundes som ein religiøs identifikasjon kan vere unik ved at den omfattar eit heilagt verdssyn og eit evig medlemskap (Lingaas, 2021, s. 444-445). Gruppeidentiteten i religionar vert stabilisert av ein spiritualitet basert på delte kategoriar som tru, myter, symbol og ritual. Dette skapar og intensifiserar sosiale band mellom medlemmene. Ei slik religiøs gruppe kan vera positiv og gi likesinna eit trygt rom med ei kjensle av å høyre til. Derimot kan den også som sagt samstundes skape større splid mod utgrupper. Dette kan misbrukast og manipulere fram større konflikhtar (Lingaas, 2021, s. 445).

### **3.2 Feministisk teori og kjønn**

Ordet «feminisme» er ein kombinasjon av det franske ordet «femme» som betyr kvinne, og «-isme» som refererer til ein sosial bevegelse eller politisk ideologi (Gedro & Mizzi, 2014, s. 446). Feminismen har vore beskrive som noko som gjennom historia har komme i bølger. Det er usemje rundt kor mange og når desse oppstod (Holst, 2017, s. 42). Cullen (2005) sin mest forenkla definisjon av feminisme er «a belief in the social, political, and economic quality of the sexes or an organised activity on behalf of women's rights and interests» (Cullen, 2005, s. 174). Dette var ein bevegelse som starta med eit mål om likestilling mellom kjønna. Dette har



igjen utfordra forståinga om korleis ein kategoriserer, definerer og forstår kjønn (Gedro & Mizzi, 2014, s. 446-447).

Feministisk teori set spørsmål til privilegium og moglegheiter som er gjeve ulike grupper i samfunnet, og måten menn har hatt ei meir opphøgd stilling enn kvinner. Feministisk teori utfordrar også oppfatninga av «mannen» og det «mannlege» som det naturlege medan «kvinna» og det «kvinnelege» er den mindreverdige motsetninga som kun eksisterer i forhold til mannen (Gedro & Mizzi, 2014, s. 447).

Religionar har også i fleire tilfelle gjeve kvinna og mannen binære, ulike og faste roller der den mannlege parten gjerne har oppnådd fleire privilegium (Sky, 2007, s. 8-9). Mine informantar har også sine oppfatningar om kjønnsroller i samfunnet og tankar rundt kva kjønn er. Nokre av informantane la vekt på eit ønske om at den biologiske framstillinga av kjønn måtte vera hovudsakleg det som vart lært vekk på skulane. Fem av dei frykta og at skulen og læreplanar kunne bli for mykje prega av ideologi støtta av organisasjonar med ein agenda snarare enn informasjon basert på fakta og vitskap.

### *3.2.1 Feminismen sin vekst og feministisk teori*

Det har periodevis vorte gjort ein innsats for likestilling mellom kjønna før omgrepet «feminisme» vart sett fram på 1880-talet av den franske kvinnesaksforkjemparen Hubertine Auclert (1848-1914). Denne har vore isolert og gjeve liten effekt (Cullen, 2005, s. 173). Nokre hevdar den første bølga med feminisme starta mot slutten av 1700-talet. Andre igjen reknar at feminismen kom for fullt under kampen for kvinnefrigjeringsbevegelsen på 1800-talet (Cullen, 2005, s. 173; Holst, 2017, s. 42-45). På 1960-70 talet kom det ein reknar som den andre feministiske bølga (Holst, 2017, s. 46). Dette resulterte i det som ofte vert kalla den nye kvinnefrigjeringsbevegelsen. Den kom som følge av kampen for like rettar til arbeid, utdanning, seksuell fridom og kroppsleg autonomi i tillegg til ein aukande dialog mellom religionar og kulturar. Kvinna opplevde i perioden større økonomisk og politisk autonomi. Dette sette spørsmål rundt identitet og kva det vil seia å vere kvinne (Cullen, 2005, s. 174; Holst, 2017, s. 46-51).

I den andre bølga vaks det også fram ei oppfatning av patriarkatet som ei stor drivkraft bak kjønnsdiskrimineringa i samfunnet. Eit patriarkat er eit sosialt system der sosial, økonomisk, politisk og religiøs makt er lagt til menn (Cullen, 2005, s. 175; Holst, 2017, s. 31). Under patriarkatet er mannen skildra som norma. Kvinna er definert ut frå alt som ikkje gjer dei til mann. Ho er difor mindreverdige sidan ho avviker frå norma. Patriarkatet er eit hierarki der

mannen sit med den øvste makt og er privilegert. Kvinna er dominert og underordna (Cullen, 2005, s. 175-176). Men det må og poengterast at i dette systemet er det ikkje berre kvinner som tek skade. Fleire menn har også ein låg posisjon eller passar dårleg inn i dette hierarkiet (Cullen, 2005, s. 176).

Nokre har beskrive ei tredje bølge frå tusenårsskiftet frå 1990 og utover 2000-talet. Holst (2017) er usikker på om ein kan definere det som ei bølge, men hevdar har skjedd ei utvikling innan feminismen i perioden (Holst, 2017, s. 51). Eksempel på dette er at andre og nye stemmer blir høyrte og får komme med observasjonar, perspektiv og spørsmål. Kvinner som tidlegare har vorte marginaliserte får meir rom. Eksempel er kvinner med ein annan seksualitet eller frå land utanfor vesten. I tillegg kjem det nye generasjonar der og menn deltar meir aktivt i diskusjonar rundt feminisme (Holst, 2017, s. 51-52). Nye teoretiske perspektiv oppstår frå sentrale personar innan feministisk teori. Judith Butler kom for eksempel i 1990 ut med *Gender Trouble*. Her stilte ho spørsmål til synet på kjønn (Holst, 2017, s. 52). Vidare vaks det fram ein såkalla skeiv feminisme der kvinna ikkje lenger ønska å bli utsett for tradisjonell kategorisering av kjønn og seksualitet. Butler og andre skeive feministiske teoretikarar fremma her eit mangfald av uttrykk for kjønn og seksualitet. Slik problematiserte dei den tida sitt heteronormative kjønn og synet på seksualitet. Dette skal eg gå nærare inn på seinare (Holst, 2017, s. 53). I tillegg sette denne «tredje» bølga individet i sentrum. Det var altså fokusert på den individuelle kvinna framfor kvinna som gruppe (Holst, 2017, s. 52). Det var også eit større fokus på forskjellar mellom kjønna framfor det tidlegare fokuset på likskap. Ulikskapar mellom kvinner vart også eit tema (Holst, 2017, s. 53 ). Nokre beskriv denne nye feminismen som «postmoderne» eller «postmodernistisk». Dette fordi denne feminismen har vorte utvikla etter det moderne oppgjeret som går på at fornuft og opplysning kan bidra til framsteg og fridom (Holst, 2017, s. 52). Interseksjonalitet er eit anna omgrep ofte brukt i samband med den postmoderne tredje feministiske bølga og er noko eg skal sjå nærare på.

### 3.2.2 Feministisk teori og kjønn

Kjønn er eit konsept som kan vere vanskeleg å få tak i. I nyare tid har kjønn vore forstått og skilt i dei to kategoriane biologisk og sosialt kjønn. Ei biologisk forståing av kjønn er ofte binær og mellom mann og kvinne (Juschka, 2016, s. 138). Dette er for eksempel tanken om at ein mann som er «normativ» har medfødde mannlege genitalia og oppfører seg «maskulint». Han er seksuell dominant og er tiltrekt av det kvinnelege genitalia (Juschka, 2016, s 138; Gedro & Mizzi, 2014, s. 446-447). Dette har også føresett ein slags biologisk determinisme stadfesta seint på 1800-talet. Biologien forklarar her sosiale og kulturelle forskjellar mellom kjønna (Sky,

2007, s. 8; Moi, 2002, s. 33). Denne bruken av biologisk kjønn har også vorte nytta for å motsetje seg ulike krav om likestilling (Holst, 2017, s. 29). Kjønn som noko biologisk og medfødd har lenge vore den einaste forståinga av kjønn i vesteuropeisk vitskapleg tenking. Det er framleis slik nokre ser på kjønn. Dette er noko som feministiske teoriar utfordrar med å skilje biologisk kjønn frå sosialt kjønn (Juschka, 2016, s. 138; Gedro & Mizzi, 2014, s. 446-447). Tanken om eit sosialt kjønn har lenge vore skildra i studie rundt kvinner og religion (Juschka, 2016, s. 139). Ifølgje feministisk postkonstrukturalistisk teori er det sosiale kjønn ikkje medfødt, men sosialt konstruert gjennom normer og system sett opp av samfunnet. Her er det argumentert for at menneske blir pressa inn i det sosiale kjønn (Juschka, 2016, s. 142-143; Gedro & Mizzi, 2014, s. 447). Det er difor ikkje biologi og naturen åleine står bak undertrykking av kvinna (Sky, 2007, s. 8). Kvinner og menn har derimot fått tildelt ulike roller, ulikt ansvar og respekt frå autoritetar og andre medmenneske (Gedro & Mizzi, 2014, s. 446). Slik differensiering mellom kjønn har ført til innskrenking av stemmerett, kontroll av seksualitet, rett til prevensjon og at kvinna har fått ansvar for barn og husarbeid (Gedro & Mizzi, 2014, s. 448).

Judith Butler (f. 1956) har vore sentral i både feministisk kjønnsteori og i utviklinga av skeive teoriar (Butler, 2017, s. 184; Jagger, 2008, s. 1). Butler rekonstruerer og utfordrar dei tidlegare faste strukturane rundt sosialt kjønn. Ho styrkar synet på kjønn som noko flytande og ikkje fast (Gedro & Mizzi, 2014, s. 451). Butler kommenterer samfunnet si binære framstilling av kjønn og hevdar at sosialt kjønn er performativt. Her presenterer Butler omgrepet «performativitet» som ein kritikk av sosialt kjønn og kategoriseringa av identitetar i dagens samfunn. Performativitet viser til korleis sosial praksis og reglar formar identitetet. Praksis og reglar hemmar menneske si sjølvbestemming og subjektivitet rundt eigen kjønnsidentitet og difor vert den uekte. Slik vert individet sin autonomi avvist og individet vert tvunge til å følgje samfunnet sine sosiale reglar basert på heteroseksuelle normer. Kjønnsidentiteten vert performativ sidan det er dei samfunnskonstruerte kategoriane som dannar identiteten. Det sosiale kjønn hadde ikkje eksistert om ein ikkje fortsette å utøve desse (Gedro & Mizzi, 2014, s. 451; Jagger, 2008, s. 17; Butler, 2017, s. 185). Dette vil også seie at vi framfører vårt sosiale kjønn på ein måte som produserer kjønnsidentitet. Nokre feministiske og skeive teoretikarar vil da hevde at dette er med å kategorisere det biologiske kjønn og ytrar kritikk mot dette (Moi, 2002, s. 84). Ei slik forstyrring av sosiale konstruksjonar er også med å opne politiske diskusjonar og bryte frå denne sosiale reguleringa (Gedro & Mizzi, 2014, s. 451).

### 3.3 Skeiv teori

Skeive studie og skeiv teori strekker seg over ein stor variasjon av ulike studie som i likskap med feministisk teori utfordrar normative kategoriar og binære strukturar i samfunnet (Brintnall, 2013, s. 51). Binære konsept er to kategoriar som verte framstilt som motsetningar. Det eine konseptet fått gjerne fått status som noko med negativ verdi medan motsetninga har positiv verdi. I nokre tilfelle har for eksempel homoseksualitet fått ein negativ verdi sett opp mot si binære motsetning som er heteroseksualitet (Juschka, 2016, s. 145). Seksuelle minoritetar har på same måten som kvinner også måtte kjempe mot marginalisering og partiskheit i kontekstar leia av heteromaskulinitet (Gedro & Mizzi, 2014, s. 449). Då eg stilte informantane spørsmål om LHBTQI tematikken si rolle i undervisninga, påpeikte enkelte at menneske frå dette samfunnet har vorte urettferdig behandla gjennom tidene. Dei fleste informantane reproduserte likevel i større og mindre grad samfunnet sine binære kategoriar og gav heterofilt ekteskap høgare status enn det skeive.

#### 3.3.1 Skeiv teori

Skeiv teori set søkelys på og motarbeider kategoriseringar av identitet som typisk har vore brukt til å regulere, føre skam over og utrydde likekjønna seksualitet (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Omgrepet «skeiv teori» vart først brukt i de Lauretis (1991) si forskning på mannlege og kvinnelege homofile sin seksualitet (de Lauretis, 1991, s. iv; Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Skeiv teori problematiserer i likskap med feministisk teori faste, stabile og binære identitets-kategoriar som mann/kvinne, maskulin/feminin, homofil/heterofil. Skeive teoretikarar meiner desse er kunstige, sosiale konstruksjonar. Dei ønskjer å introdusere eit meir flytande syn på kjønn og seksualitet for å styrke forståinga av det menneskelege mangfaldet (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Introdusering av skeiv teori i forskning har og då som formål å gi ein stemme til ulike seksuelle identitetar og å setje lys på kunnskap og verdiar som lenge har vore undertrykka (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450). Kategorisering av kjønn og seksuell identitet vert også skildra hovudsakeleg som eit vestleg fenomen. Urfolk har for eksempel ikkje ein tradisjon for å utføre denne praksisen (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450).

#### 3.3.2 Det heteronormative system

Omgrepa homoseksualitet og heteroseksualitet var først forma seint på 1800-talet. Dei vart først teke ordentleg i bruk på 1900-talet. Heteroseksualitet vart her framstilt som naturleg som følgje av menneske si rolle om å reproducere. Homoseksualitet var eit unaturleg avvik som måtte kurerast (Page & Shipley, 2020, s. 94). Slik får heteroseksualitet ein opphøgd og normativ posisjon. Synet på seksualitet og ekteskap blir organisert gjennom eit såkalla heteronormativt

system (Page & Shipley, 2020, s. 2). Seksuelle former som ikkje passar inn i denne heterofile, dominerande ramma blir framstilt som eit slags avvik (Page & Shipley, 2020, s. 2). Heteronormativitet fremmar eit binært syn på kjønn. Mann og kvinne har stereotypiske kjønnsroller, høyrer til motsette kategoriar og skal komplimentere kvarandre. Desse rollene og tiltrekkinga dei har mot kvarandre er ofte skildra som noko «naturleg» og tufta på biologi. Ein slik binær tankegang rundt kjønn ignorerer og ekskluderer då transseksuelle, ikkje-binære og flytande opplevingar og identitetar (Page & Shipley, 2020, s. 94-95). Skeiv teori har i hovudsak fokusert på å utfordre normative skildringar av seksualitet medan feministisk teori og kjønnsstudie har brukt tid på kjønn (Juschka, 2016, s. 145). Sidan kjønn er tett knytt til seksualitet kan skeiv teori saman med utfordringa av kjønnskategoriar gi nye perspektiv til forskinga (Juschka, 2016, s. 145; Schippert, 2011, s. 67).

### *3.3.3 Skeiv teori og religionsvitskap*

Når ein undersøker religion ved hjelp av skeive, teoretiske framgangsmåtar kan det beskrivast som å studere religionsvitskap skeivt. Det er fleire ulike emne som kan undersøkast når ein studerer religionsvitskap skeivt. Desse endrar seg ut frå geografisk, kulturell og politisk kontekst (Schippert, 2011, s. 69). Vesteuropeske versjonar av kristendommen har fremma ein binærkjønnsideologi der heteroseksualitet er rekna som den einaste naturlege forma for seksualitet. Seksualitet mellom likekjønna har vorte kriminalisert og vurdert som eit teikn på moralsk svakheit og mental sjukdom (Juschka, 2016, s. 144). Difor har kristendommen og religion generelt vore skildra som undertrykkande institusjonar som følger heteronormative og kjønnsdiskriminerande sosiale system. I tillegg har det tidlegare vore hevda at skeiv identitet og religiøs identitet er så ulike at dei ikkje har noko samband (Wilcox, 2010, s. 74). Grunna at religion har vorte framstilt som undertrykkande ovanfor skeive identitetar har religion tidlegare vore mindre analysert i skeiv teori (Wilcox, 2010, s. 74). Slik har religion og seksualitet i fleire tilfelle vore behandla som faste og urørlege omgrep, sjølv om begge har vore forstått og opplevd ulikt gjennom historia (Page & Shipley, 2020, s. 64). Men Page og Shipley (2020) hevdar at skeiv teori har blitt brukt til å utfordre normative idear om religion og seksualitet. Blant anna var det ei undersøking der ein utfordra ein tidlegare direkte korrelasjon mellom det bibelske ordet sodomi og homofili. Det vart hevda at sodomi ikkje alltid berre sikta til homofili. Men også at omgrepet er knytt til fleire andre seksuelle og ikkje seksuelle praksisar som har variert over tid og kontekst. Dette var i nokre tilfelle med å utfordre kristne samfunn si historiske oppfatning av homoseksualitet (Page & Shipley, 2020, s. 64).

### **3.4 Skeiv og feministisk teori sin analyse av heteronormativitet**

Både skeiv og feministisk teori sine mål er som nemnt å problematisere kategoriseringa av identitetar basert på normative oppfatningar av heteroseksualitet. Skeiv teori introduserer konseptet «heteronormativitet» og utfordrar dette aktivt. Heteronormativitet inneber at menneskelege og sosiale strukturar er basert på heteroseksualitet. (Gedro & Mizzi, 2014, s. 450; Schippert, 2011, s. 67). Fleire av informantane reproduserte som nemnd ein heteronormativ ideologi. Dei var innom det heteronormative ekteskapet som mål og som einaste ramme for akseptert seksualitet. Både skeiv og feministisk teori legg vekt på at seksualitet frå sekulære eller religiøse perspektiv hovudsakeleg skjer gjennom ei heteronormativ linse. Slike heteronormative, sosiale strukturar er sterke sjølv i samfunn og religionar som har gitt større plass til skeive (Page & Shipley, 2020, s. 93)

#### *3.4.1 Heteronorma i det moderne samfunnet og skulen*

Sjølv om fleire vestlege land har vorte meir inkluderande ovanfor ulike seksualitetar og kjønn, og gitt representantar frå LHBTQI fleire rettar, er framleis den offentlege representasjonen av det normative forholdet bygd på heterofile standardar og forventingar (Page & Shipley, 2020, s. 95). Dette betyr at heteronorma ikkje berre forsvinn fordi homofile får fleire rettar. Skeive er framleis forventa å «komme ut av skapet». Dette er ei forventing normative, heterofile ikkje har (Page & Shipley, 2020, s. 95-96). I land der skeive har vorte meir likestilt etter lova får dei forventningar som høyrer til i heteronormative forhold. Eksempel er at dei bør leve monogamt og ha seksuelle relasjonar innanfor ekteskapet (Page & Shipley, 2020, s. 96). I slike tilfelle blir homoseksuell identitet berre akseptert i ei ramme lik den som er påført heteroseksuelle (Page & Shipley, 2020, s. 97). Eit seksuelt forhold er slik heller ikkje nødvendigvis heteronormativt berre fordi der er heterofilt (Page & Shipley, 2020, s. 95). Dette kom også fram hjå dei informantane mine som støtta homofilt ekteskap og samliv, men framleis meinte seksualitet var reservert eit monogamt forhold med kun to partar involvert. Det eksisterer også eit hierarki der monogam, reproduktiv sex mellom eit gift heteroseksuelt par har høgst rangering (Page & Shipley, 2020, s. 95).

Ein slik heteronormativ presentasjon av seksualitet har lenge vore grunnlaget i skulen (Støle-Nilsen, 2022, s. 41-42). Barn er gjerne oppfatta som uskyldige og sårbare individ som treng å vernast frå for eksempel seksuell påverknad (Page & Shipley, 2020, s. 116). Skulen er ein plass der ulike ideologiar vert utøvd og handheva. Kunnskap rundt religion, seksualitet og kjønn har vorte eksplisitt eller implisitt lært vekk (Page & Shipley, 2020, s. 117). Kva ideologiar som påverka skulane og læringa rundt religion og seksualitet var noko som fleire informantar sette

spørsmål til. Fleire vestlege land har gjeve større rom for seksuelle minoritetar. Tematikk rundt seksualundervisning har dermed vorte meir kontroversielt ettersom det byrjar å opne seg for teoriar og ideologiar utanfor den tidlegare heteronormative, binære ramma. Argument mot slik omfattande seksualundervisning har gjerne vore at ein ønsker å beskytte barna si uskyld (Page & Shipley). Dette har ført til at fleire unge opplever skulen utrygg grunna følelsen av mangel på aksept, diskriminering eller mobbing (Page & Shipley, 2020, s. 118-120).

#### *3.4.2 Heteronorma i religion, kristendom og samfunnet sin livslaupsmodell*

Sjølv om religion ikkje har vore einaste faktoren har han bidrege til reguleringa og konstruksjonen av det heteronormative. For eksempel har religiøse sitt negative syn på likekjønna ekteskap også bidrege til korleis samfunnet sine heteronormative ideologiar har forma lov og politikk (Page & Shipley, 2020, s. 97). Religionar har derimot eit mangfald og religiøse sitt syn på seksualitet er ikkje statisk og uforanderleg (Page & Shipley, 2020, s. 98). Historia til alle tre kyrkjene informantane mine tilhøyrar viser for eksempel at syn på seksualitet er noko som har vorte gradvis meir debattert, og slik vorte utvikla eller skildra på nye måtar. Dette er noko som også er reflektert i oppfatningane til informantane. Fleire av standardane for heteroseksuelle forhold baserer seg på religiøs ideologi. Dette gjeld for eksempel det binære synet på kjønn og målet om ekteskap og reproduksjon ein finn i religionar som kristendom (Page & Shipley, 2020, s. 99). Religion i seg sjølv er som sagt ikkje aleine bakgrunnen for det heteronormative. Ein må derfor ikkje ignorere mangfaldet av oppfatningar som eksisterer innan religionar og dei individuelle opplevingane i religionen (Page & Shipley, 2020, s. 99-100).

Fleire samfunn og religionar set seksualitet innan ramma av ein «livslau-modell». Dette er eit mønster med fødsel, pubertet, ekteskap, reproduksjon og død. Vidare passar dette ofte inn med ulike religiøse ritual (Page & Shipley, 2020, s. 14, 101). Modellen er ofte brukt som grunngeving for heteronormative forventingar. Han vert innan dette rammeverket framstilt som den «naturlege» og «moralske» vegen. I nokre samfunn har utviklinga utfordra deler av modellen. Blant anna gjeld dette likestilling av homofile ekteskap. Men som sagt har også forventingar for skeiv seksualitet vorte pressa inn i den same modellen (Page & Shipley, 2020, s. 101).

Livslau-modellen fremmar også typisk avhald før ekteskapet (Page & Shipley, 2020, s. 101). Dette er noko dei fleste av mine informantar også stiller seg bak som eit ideal. Derimot har det vestlege samfunnet ikkje vidareført denne forventninga i like stor grad. Tvert imot kjenner fleire både kvinner og menn på eit stigma av å vere jomfru for lenge (Page & Shipley, 2020, s. 101). Informantane hadde også ei oppfatning av at det var unormalt blant unge i dag «å vente til

ekteskapet». I staden for å vera ei standard forventning, har avhald før ekteskapet i dag vorte knytt til religiøsitet (Page & Shipley, 2020, s. 101-102). Sjølve synet på jomfrudom er også typisk heteronormativt. Å miste jomfrudomen er vanlegvis forstått som penis sin penetrasjon av vagina. Dette fører til at nokre skeive ikkje relaterer seg til konseptet jomfrudom, medan andre overfører det til ein homoseksuell kontekst (Page & Shipley, 2020, s. 102-103).

I fleire religionar og samfunn er det forventa at ein gifter seg når ein når ein viss alder eller stadium. Som oftast må ekteskapet vera heterofilt. Dette kan skape utfordringar for skeive religiøse (Page & Shipley, 2020, s. 105). Likekjønna ekteskap er omdiskutert i fleire religiøse grupper. Til tross for at slike ekteskap har vorte lovlege i landa desse gruppene høyrer til, er det motvilje innan dei religiøse samfunna. Dette har ført til at fleire skeive, religiøse først og fremst har prioritert ein generell aksept for legninga si framfor retten til å gifte seg (Page & Shipley, 2020, s. 105). Men i fleire land og nokre religiøse samfunn har likekjønna fått innvilga retten til å gifte seg. I Norge kunne homofile gifte seg borgarleg i 2009 og i kyrkja frå 2017. Dette gjeld framleis kun monogame forhold. Dette ekskluderer polygami og andre ikkje-normative seksualitetar (Page & Shipley, 2020, s. 105).

I tillegg til ekteskap er det også forventa at mennesket skal reprodusere (Page & Shipley, 2020, s. 106). At samleiet skulle vere potensielt livgivande var særleg noko mine katolske informantar var opptekne av. Dette skapar også hindringar for skeive som også ønsker å ta del i den heteronormative livslaupsmodellen. Nokre religiøse og andre krefter i samfunnet hevdar for eksempel at adopsjon for likekjønna par og andre skeive familiestrukturar er skadeleg for barnet (Page & Shipley, 2020, s. 106). Dette gjeld også samfunn der likekjønna ekteskap er legalisert. Det eksisterer samstundes varierte oppfatningar innan ulike religionar og kyrkjesamfunn der skeive familiar vert aksepterte og ønska velkommen (Page & Shipley, 2020, s. 107). I ei interseksjonell undersøking av opplevinga av livslaupsmodellen analyserer ein også seksualitet i forhold til sosial klasse og kjønn. Her set ein søkelys på fleire unike og individuelle problemstillingar. For eksempel vil ein usikker arbeidsstatus gjera det vanskelegare å oppretthalde trygge rammer for eit familieliv. Transseksuelle opplever i nokre samfunn utfordringar med å få seg jobb og vert diskriminerte på arbeidsplassen. Dette kan påverke økonomi, bustad og pensjon (Page & Shipley, 2020, s. 107).

Neste steg i livslaupsmodellen er alderdommen. Utfordringane ein får her vert og påverka av tilhøva mellom seksualitet, sosial klasse, kjønn og religion. Ein eldre person sit med andre opplevingar og har andre forventingar enn ungdom i dag. Skeive eldre har ikkje opplevd det same vernet mot diskriminering som eksisterer i dag. Konformitet til heteronormative



forventningar har vorte brukt som eit verktøy for å beskytte seg mot eventuelle konsekvensar av at deira skeive identitet vart avslørt (Page & Shipley, 2020, s. 107-108). I følgje denne «livslauvsmodellen» er det altså forventa at ein skal gifte seg og få barn. Dette er ikkje alltid noko verken heterofile eller skeive nødvendigvis identifiserer seg med. I dag er det fleire kristne som anerkjenner at menneske kan vere født homofile og skapt slik av Gud. Derimot forandrar ikkje dette som sagt fleire si oppfatning om at samleiet skal vera mellom mann og kvinne. Difor meiner fleire konservative at homofile må leve i sølibat. Dette framfor å leva i «løgn» i eit heterofilt ekteskap, noko fleire homofile kristne vel (Endsjø, 2011, s. 38-39). Ekteskapet og familien er blitt ein prioritet innan fleire kristne samfunn. Forsking for eksempel på Evangelikanske samfunn viser at ugifte føler seg både diskriminerte og ekskluderte (Page & Shipley, 2020, s. 105). Dette var også noko enkelte informantar problematiserte innan eige samfunn. Ei historie omhandla ein ugift som utrykte frustrasjon over opphøginga av ekteskapet der hans eige liv som einsleg vart nedvurdert. Samstundes var fleire av informantane mine fokuserte på eit ekteskap i sentrum. Dei såg på seksualitet mellom mann og kvinne i ekteskapet som noko opphøgd.

### **3.5 Oppsummering**

Sosial identitetsteori, feministisk teori og skeiv teori er teoriar eg i det vidare skal knytte til analysen min. Sosial identitetsteori har relevans sidan religiøse grupper er sosiale grupper som er sterkt knytt til individet sin identitet og påverkar oppfatninga deira av verda og samfunnet. Slik er då den kristne identiteten og det spesifikke kristne samfunnet til informantane med å forme oppfatninga deira av seksualundervisninga.

Kjønn og seksualitet er også sosiale kategoriar knytt til identiteten. Feministisk og skeiv teori skildrar korleis samfunnet gjennom historia har konstruert ein norm rundt oppfatning av både kjønn og seksualitet og kritiserer dei binære strukturane individet blir pressa inn i. Dette kan også forklare oppfatninga til informantane mine rundt desse emna, og deira reaksjonar på utfordringa til slike binære strukturar og forventningar samfunnet har skapt. I neste kapittel skal eg presentere mine metodiske val. Der eg har utført kvalitativt semistrukturerte intervju av informantar frå dei tre ulike kyrkjene, og vidare gjort ein tematisk innhaldsanalyse av desse.

## **4. Metode**

I prosjektet mitt har eg gjennomført ei og ei komparativ studie av kva ulike oppfatningar medlemmer av Den norske kyrkje, Den katolske kyrkje og Metodistiske kyrkje i Bergen har av seksualitetsundervisning. Eg løyste dette ved å ta i bruk kvalitative semi-strukturerte intervju og tematisk analyse.

I dette kapittelet skal eg først skildre kvalitative metodar og semi-strukturerte intervju og kvifor eg vurderte dette som mest passende for mitt prosjekt. Deretter skal eg forklare korleis eg utforma intervjuguiden min. Etterpå fortel eg om rekruttering og utval av informantar til intervju før eg presenterer desse. Vidare forklarar eg korleis eg gjennomførte intervju, korleis eg som forskar kan ha påverka dei og korleis eg gjennomførte transkripsjon i etterkant. Deretter skildrar eg nokre forskningsetiske omsyn eg har teke både før og etter intervju etterfølgd av forskinga sine kvalitetskriterier. Heilt til slutt skildrar eg korleis eg har gjennomført analysen min og kva analysemetodar eg har brukt.

### **4.1 Kvalitative metodar og intervju**

#### *4.1.1 Kvalitative metodar*

Ein skil ofte mellom å utføre forskning med anten kvantitative eller kvalitative metodar. Kvantitative metodar vert gjerne brukt når ein skal finne samanhengar og mønster mellom større grupper av menneske. Det kan vere at ein ønsker å vite kor ofte noko hender eller kor vanleg noko er (Repstad, 2019, s. 23). Kvalitative metodar brukast gjerne om du leitar etter særpreg i spesifikke miljø. Her er du ofte meir interessert i kva som rører seg i desse miljøa utan at du er like oppteken av hyppigheita (Repstad, 2019, s. 23). Du samlar inn informasjon om kva menneske seier, gjer og tekstar dei har produsert (Nilssen, 2012, s. 14). Slik får du kunnskap om menneske sitt verdssyn, opplevingar og tankane og meiningane deira om ei spesifikk sak. Du kjem og i nærare kontakt med menneske og fangar opp forteljingar, forståingar og fortolkingar på ein måte kvantitative metodar ikkje greier (Jacobsen & Jensen, 2012, s. 14). Kvalitative metodar var aktuelt for prosjektet sidan eg ønska å finne ut kva oppfatningar kristne med tydelege roller innan spesifikke kyrkjesamfunn hadde av den offentlege seksualundervisninga, og kvar desse oppfatningane kjem ifrå. (Nilssen, 2012, s. 14). Felles for dei fleste kvalitative studia er at forskaren gjennom induktiv analyse prøver å finne ut korleis menneske konstruerer verda rundt seg (Nilssen, 2012, s. 14). Ein induktiv analyse vil seie at ein oppdagar mønster, tema og kategoriar i datamaterialet. Det motsette av dette vil vera ei deduktiv tilnærming der data blir analysert ved hjelp av eit førehandsdefinert rammeverk. Deduktiv tilnærming er ofte brukt i kvantitative metodar (Nilssen, 2012, s. 14; Ryen, 2002, s.

29). Det vil seie at induktive kvalitative metodar og forskning er med på å utvikle hypotesar og finne samanhengar mellom fenomen, medan deduktive kvantitative metodar ofte testar slike hypotesar og påståtte samanhengar (Ryen, 2002, s. 28-29).

Kvalitative metodar byggjer også på nokre ulike epistemologiske og ontologiske føresetnader (Barbour, 2014, s. 29; Nilssen, 2012, s. 25). Den epistemologiske føresetnaden er i følgje Nilssen (2012) at kunnskap blir konstruert i møtet mellom forskar og informant. Dette gjer at relasjonen og det nære samarbeidsforholdet mellom desse får stor betydning for datamaterialet (Nilssen, 2012, s. 25). Den ontologiske føresetnaden er at forskar og informant oppfatar verkelegheita ulikt. Den enkelte si verkelegheit er konstruert av dei involverte i forskingssituasjonen og er både kompleks og i stadig endring. Sjølv om informantane mine kan gje nokre svar som eg kan analysere vidare får eg ikkje eit generalisert endeleg svar sidan dei er individuelle og utifrå verkelegheita til den enkelte. Kvalitative studie sine ontologiske og epistemologiske premissar betyr då at både kunnskapen og verkelegheita blir konstruert og rekonstruert i den sosiale interaksjonen mellom meg som forskar og informantane frå dei ulike kyrkjesamfunna (Nilssen, 2012, s. 25; Thagaard, 2018, s. 89-90). Eg finn ikkje eit endeleg svar på korleis alle kristne frå desse spesifikke kyrkjesamfunna oppfatar seksualundervisninga. Desse vert avgrensa til nokre antydingar om kva tankar som rører på tvers av desse samfunna (Nilssen, 2012, s. 25-26).

#### *4.1.2 Intervju*

Den kvalitative metoden eg tok i bruk var intervju, eller meir spesifikt semistrukturert intervju. Ein utfører gjerne intervju for å hente fram informasjon ein ikkje finn på andre måtar. Ein får tilgang til kva informantane meiner om ei sak, eller korleis dei har erfart ulike situasjonar (Luhrman, 2022, s. 346; Anker, 2020, s. 37). Derimot er det ikkje alltid slik at menneske sine handlingar samsvarer med dei seier dei gjer. Difor kan du ikkje vite sikkert korleis informantane opptrer og handlar i situasjonar utanfor intervjuet. Desse erfaringane vert særleg prega av den subjektive opplevinga og forståinga til informanten av hendingar og situasjonar. I tillegg er ein sjølv med og påverkar forma til intervjuet og korleis informanten responderer (Anker, 2020, s. 37; Postholm & Jacobsen, 2018, s. 114; Thagaard, 2018, s. 89-90).

Eg ønska å intervju minst tre personar frå kvart kyrkjesamfunn. Eit alternativ er å intervju fokusgrupper der du samlar fleire informantar til ein samtale om eit spesifikt tema eller fenomen. Dette gjer ein gjerne om ein er meir interessert i eit spesifikt tema framfor enkeltpersonar sine oppfatningar (Anker, 2020, s. 38). Det kunne vore interessant å høyre deltakarar på tvers av eller innan same kyrkjesamfunn ha ein diskusjon rundt eit emne. Med eit

slikt gruppeintervju kan ein få fram korleis enkeltpersonar sine ulike oppfatningar vert diskutert og utdjupa sidan synspunkta må grunngjevast og forklarast i samtalen (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 65). Derimot vurderte eg det som mogleg at informantane ikkje ville vere like opne i denne situasjonen som i eit individuelt og anonymt intervju. Når ein intervjuar menneske enkeltvis og med garanti for anonymitet treng ikkje informanten ta omsyn til korleis ho eller han framstår for andre. Då legg ein til rette for at informanten torer å svare meir opent (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 65). I større grupper kan og nokre deltakarar dominere samtalen meir enn andre, slik at interessant refleksjon eller oppfatning ikkje får plass (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 65-66). Gjennom individuelle intervju kan ein då betre få fram korleis enkeltmennesket oppfattar situasjonar og tolkar verkelegheita. Dette var viktig å få fram i prosjektet, der eg ønska opne og utdjupande oppfatningar av seksualundervisninga (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 65). På den negative sida kan individuelle samtalar vera både ressurs og- tidkrevjande. Då får ein ikkje alltid tid til å snakke med så mange eller ha så lange intervju med den enkelte (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 65).

#### *4.1.3 Semistrukturerte intervju*

Det eksisterer fleire former for individuelle, kvalitative intervju, og korleis ein må velje gjennomføring etter fleire forskjellige faktorar (Anker, 2020, s. 37-38). Eg hadde eit ønske om å få fram enkeltpersonar frå spesifikke kyrkjesamfunn si oppfatning av seksualundervisninga i den offentlege skulen, men var usikker på kva konkret informasjon informantane sjølve kom til å føle var viktig å formidle. Eg ønska å halde samtalen open samstundes som eg hadde konkrete spørsmål eg ville ha svar på. Difor gjennomførte eg eit såkalla semistrukturert intervju. I eit semistrukturert intervju stiller forskar med ein intervjuguide, altså spørsmål og/eller tema utforma på førehand. Intervjuguiden finn ein som vedlegg 1. Spørsmåla er relativt opne, blir ikkje nødvendigvis følgt slavisk under intervjuet og informantane får moglegheit til å prate litt meir generelt (Anker, 2020, s. 38; Luhrmann, 2022, s. 348). Eit alternativ hadde vore eit strukturert intervju. Då stiller ein dei same spørsmåla til alle informantar i same rekkefølge. Ingen spørsmål som ikkje var tenkt ut på førehand blir løfta. Intervjuaren blir då ikkje påverka av ting som kjem fram i intervjuet eller kan komme med nye innspel (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 74).

Sjølv om eg hadde utarbeida alle spørsmål på førehand med same struktur og rekkefølge kunne ikkje intervjuforma eg brukte karakteriserast som strukturert. Dette fordi eg stilte spontane spørsmål undervegs basert på kva informanten fortalte. Hadde eg ikkje hatt ein struktur eller plan på førehand kunne dette ha blitt rekna som eit ustrukturert og opent intervju. Eit

ustrukturert og opent intervju vert kjenneteikna av ein variert samtale der kvar informant ikkje blir systematisk stilt dei same spørsmåla (Luhrmann, 2022, s. 347-348; Postholm, 2010, s. 73-74). Forskaren prøver i dette tilfellet å forstå den komplekse åtferda til dei som vert studerte utan å avgrense ei form for kategorisering på førehand (Postholm, 2010, s. 73). Eg hadde derimot som sagt eit ønske om å bevege meg innan spesifikke emne og utføre ei komparativ analyse. Dette er vanskeleg gjennom eit ustrukturert intervju (Luhrmann, 2022, s. 349). I tillegg til dette kan ein seie at eg utførte ein form for ekspertintervju. Dette er intervju med menneske som kan noko om emnet frå ein «ekspert» sitt perspektiv (Luhrmann, 2022, s. 348). Dette sidan eg intervjuar prestar og liknande tilsette med grundig kjennskap til kyrkja og meinigheita over lang tid (Luhrmann, 2022, s. 348).

## **4.2 Intervjuguide**

### *4.2.1 Intervju og intervjuguide*

Generelt er det viktig at intervjuguiden har opne spørsmål som medfører at informanten reflekterer over temaet og som kan resultere i lange og utfyllande svar (Thagaard, 2018, s. 97; Anker, 2020, s. 38). Det er viktig at ein set seg inn i informanten sin situasjon slik at ein kan stille relevante spørsmål (Thagaard, 2018, s. 94-95). For å få eit bilete på kva som kunne vere aktuelt å spørje informantane om, las eg meg difor opp på relevante forskingsartiklar, som nokre var presentert i bakgrunnskapitlet. I tillegg til spørsmål kan ein notere viktige punkt ein ønskjer å ta opp for slik å sikre tilstrekkeleg informasjon (Anker, 2020, s. 38). Eg utarbeida nokre hovudspørsmål og oppfølgingsspørsmål til bruk avhengig av kva informanten svarte. Det skjer også at ein må improvisere nokre spontane spørsmål om ein føler informanten sitt svar ikkje var utfyllande nok. For å oppmuntre til utdjupande og grundige svar stilte eg for eksempel spørsmål av typen «kan du utbrodere kvifor du meiner x?» (Repstad, 2019, s. 78; Thagaard, 2018, s. 95-96). Eg tok også med meg eit ressurshefte frå organisasjonen Sex og Samfunn, i tillegg til informasjon om denne organisasjonen, for å gi informantane konkrete eksempel på korleis seksualundervisning kan gå føre seg. Denne kan ein finne som vedlegg 3. For å gjere informantane komfortable er det ein fordel å starte intervjuguiden med nøytrale emne og spørsmål som er enkle å svare på (Thagaard, 2018, s. 101). Eg starta intervjuar med å spørje informanten om kyrkjesamfunnet deira og kva rolle dei hadde. Etter kvart kunne eg komme inn på gradvis emosjonelt lada og meir kontroversielle tema som mellom anna representasjon av ulike seksualitetar (Thagaard, 2018, s. 101). Nivået av emosjonelt lada emne bør tonast ned mot slutten og representere tema som intervjupersonen tykkjer det er greitt å forholde seg til, så eg avslutta med å spørje om det var noko dei ønskte å legge til (Thagaard, 2018, s. 101). Til slutt

stilte eg spørsmål om korleis dei opplevde intervjuprosessen, og om dei hadde relevante tilbakemeldingar. Her fekk eg for det meste positiv respons der informanten viste nysgjerrigheit over den vidare prosessen i prosjektet. Fleire av informantane fortalte også at dei var usikre på kvar eg eigentleg ville med forskinga mi. Nokre sa at dette vart klarare etter intervjuprosessen.

Ein intervjuguide må ha tydelege tema for unngå for mykje irrelevant snakk, og eg stilte dei same spørsmåla i den rekkefølga som dei var skrivne for å kunne samanlikne data frå ulike personar i analysen (Repstad, 2019, s. 79). Eg let derimot informantane svare så utfyllande som mogleg, og stansa dei ikkje om dei kom inn på noko eg hadde tenkt å spørje om seinare. Om ein avbryt informanten for å få spørsmål og svar i rett rekkefølge kan vedkommande bli usikker, sur og mindre motivert til å svare vidare (Repstad, 2019, s. 79). Eg nemnde på førehand at det kunne hende dei fekk spørsmål om ting dei følte dei hadde svart på tidlegare, men at det berre var for å forsikre meg om at informantane fekk ytre seg om alt dei tykte var vesentleg.

#### *4.2.2 Pilotintervju*

Før forskingsintervjua utførte eg eit pilotintervju. Eit pilotintervju er ein slags test av intervjuet før strukturen på guiden er ferdig bestemt (Luhmann, 2022, s. 349-350). Eg intervjua ein gammal klassekamerat som er aktiv innan eit kristent miljø. Det er ikkje tilrådd å utføre forskning på venner eller kjende sidan denne relasjonen kan påverke forskinga (Repstad, 2019, s. 82). Det ville difor vore problematisk å inkludere dette intervjuet i sjølve forskinga. Eg fekk øve på intervju i tillegg til at han gav meg relevante svar og konstruktive tilbakemeldingar. For eksempel meinte han at fleire informantar nok ikkje var så oppdatert på emnet, og at eg burde i løpet av intervjuet gi dei noko informasjon å gå utifrå. Dette er god trening og gir erfaring ein kan bygge vidare på (Thagaard, 2009, s. 90-91). Pilotintervjuet var tatt opp med ein diktafon. Ved å lytte til meg sjølv på opptaka kunne eg vurdere måten eg stilte spørsmål og responderte på informantane sine svar (Thagaard, 2015, s. 94).

Når eg lytta til korleis eg responderte på informanten, merka eg ein tendens til å slavisk følgje intervjuguiden og fokusere for mykje på neste spørsmål utan eigentleg å lytte til kva som vart sagt. Dette er ein typisk tabbe intervjuarar gjer som retter merksemda vekk frå informanten og mot forskaren sjølv (Thagaard, 2018, s. 94). I seinare intervjusituasjonar var eg oppteken av å følgje godt med på kva informanten formidla, og at deira refleksjonar rundt kva som var viktig å få fram kring seksualundervisninga skulle vera i fokus. Eg følgde rådet frå testinformanten og gav informantane ei kort oppsummering av læreplanmåla til seksualundervisninga i skulen. I tillegg til at eg som sagt viste dei eit ressurshefte utvikla av Sex og Samfunn med eksempel

på eit mogleg opplegg. For å sikre at eg får ein reaksjon på korleis den offentlege seksualundervisninga faktisk kan gå føre seg.

### **4.3 Datainnsamling**

#### *4.3.1 Rekruttering av informantar.*

Rekruttering av informantar til prosjektet var ikkje alltid enkelt. Eg baserte undersøkinga på strategis utveljing, og valde informantar med eigenskapar eller kvalifikasjonar som er strategiske i forhold til problemstilling og teoretiske perspektiv (Thagaard, 2018, s. 54). Eg utførte såleis ekspertintervju med personar som hadde bakgrunn som prestar eller andre stillingar og arbeidsoppgåver innan kyrkjesamfunnet eg undersøkte (Luhmann, 2022, s. 348). På førehand hadde eg eit ønske om å kontakte Den norske kyrkja, den romersk-katolske kyrkja og pinsebevegelsen til prosjektet. Dette først og fremst fordi dette er dei tre største kyrkjesamfunna i Norge, men også fordi det er tre relativt ulike samfunn som eg antok kunne gi varierte svar. I tillegg til planla eg å kontakte metodistar, baptistar og jesu kristi kyrkje av siste dagars heilage, men fekk negativ respons.

Det første positive svaret og det første intervjuet fekk eg i oktober 2022 i Den norske kyrkja. Eg kontakta i løpet av hausten om lag 30 sokneprestar, prestar, meinigheitspedagogar og kantorar gjennom kontaktinformasjon på nettsidene til norske kyrkjer i Bergen. Eg fokuserte helst på prestar og meinigheitspedagogar, sidan eg vurderte dei til å ha mest relevante kvalifikasjonar i forhold til problemstillinga mi (Thagaard, 2018, s. 54). Det er gjerne prestar eller meinigheitspedagogar som har erfaring med unge når det gjeld seksualundervisning som til dømes under konfirmasjonsførebuinga. Eg fekk seks positive svar, men to fann ikkje tid til intervju. Dermed enda eg med å intervju fire personar.

Frå Den katolske kyrkja fekk eg positivt svar om lag ein måned etter e-post til deira offisielle mailadresse. Her fekk eg alt i alt intervju tre informantar. Den første informanten hjalp til å finne og kontakte tre aktuelle informantar. Han gav meg og e-posten deira slik at eg sjølv kunne kontakte dei. Då tok eg i bruk tilgjengelegheitsutvalet kalla snøballmetoden. Eit tilgjengelegheitsutval er eit strategisk utval der ein vel informantar som har dei rette kvalifikasjonane basert på kor villige dei er til å delta i forskinga og kor tilgjengelege dei er for forskaren. Snøballmetoden betyr at ein først kontaktar relevante personar og deretter ber om namn på andre som også kan vere aktuelle for forskinga (Thagard, 2018, s. 56). Dette resulterte i at to av dei anbefalte godtok førespurnaden min. Det kan førekomme etiske problemstillingar i samband med denne metoden. For eksempel får eg som forskar tilgang til kontaktinformasjon

utan samtykke. Difor er det lurt at dei som blir foreslått først gir samtykke til informanten om at eg kan ta kontakt (Repstad, 2019, s. 56-57). I mitt tilfelle hadde informanten allereie prata med alle han gav meg e-postadressa til.

Pinsekyrkja slutta å svare etter litt korrespondanse. Då gjekk eg over til å kontakte kyrkjesamfunn innan baptistkyrkja, Metodistkyrkja og Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige. Her fekk eg svar frå Metodistkyrkja og Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige.

Metodistkyrkja hadde eit fellesmøte der mottakaren av e-posten min hadde spurt i plenum kven som kunne tenke seg å bli intervjuet. Han sjølv og to andre frå kyrkja melde seg. Han svarte gjennom e-post når han sjølv kunne tenke seg eit møte, og gav meg e-posten til dei to andre eg kunne kontakte. Dette blei då eit nytt tilfelle av snøballmetoden der den første informanten hadde fått godkjenning av dei andre aktuelle kandidatane før han vidareførte kontaktinformasjon til meg. Eg enda også her med tre informantar til intervju.

Kontakten min frå Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige følte seg ikkje som rett kandidat for intervjuet, og viste meg vidare til ein aktuell kandidat. Eg kontakta og gjennomførte intervjuet med denne informanten, men klarte ikkje trass fleire forsøk å få tak i fleire. Dette tok eg som eit teikn på at verken min originale kontaktperson eller informanten min visste om andre aktuelle kandidatar. Eg vurderte også at eg ikkje kunne bruke meir tid på å få tak i fleire ettersom eg allereie hadde nådd hovudmålet med tre ulike kyrkjesamfunn. Derfor inkluderte eg ikkje intervjuet frå Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige.

#### *4.3.2 Utval av informantar*

Det kan vera utfordrande å avgjere tilstrekkeleg tal på informantar. Dette kjem heilt an på prosjektet ditt (Luhrmann, 2022, s. 354). Eg enda med ti informantar som eg inkluderte i prosjektet. Dette var fire frå Den norske kyrkja, tre frå den romersk-katolske kyrkje og tre frå Metodistkyrkja. Alle var frå meinigheiter i Bergen. Eg tok ei avgjersle om minimum tre ulike informantar frå tre ulike kyrkjesamfunn for å kunne ha eit tilfredsstillande utval. Eg tok og omsyn til kva som kunne vera realistisk i forhold til tid og lengde på prosjektet. Utvalet kan og vurderast i forhold til om ein når eit «metningspunkt». Det betyr at fleire intervju ikkje gir ei større forståing av fenomenet ein studerer (Thagaard, 2018, s. 59). Eg måtte også gjere nokre praktiske vurderingar når det gjeld for eksempel tid (Repstad, 2019, s. 83).

Eg kunne kanskje fått tak i fleire frå Den norske kyrkja, men ønskte eit balansert tal menneske frå dei ulike samfunna. I tillegg var det ikkje mykje som tyda på at eg nødvendigvis ville fått fram andre nyanserte perspektiv om eg inkluderte fleire. Eg intervjuet kvinner og menn i ulike



aldrar. Alle fire informantane frå Den norske kyrkja, uavhengig av alder og kjønn, hadde eit relativt liberalt syn på seksualundervisning. Meir konservativ representasjon frå Den norske kyrkja kunne vorte interessant, men det virka som det kun var dei meir liberale som hadde eit ønske om å snakke med meg. Dette kan vere grunna det kontroversielle i emnet mitt og det faktum at eg er ein student som kjem frå ein ikkje-religiøs institusjon.

Det tok lenger tid å få tak i informantar frå Den katolske kyrkja. Eg kontakta og andre enn dei den første informanten tilrådde, men fekk ikkje særleg respons. Informanten kom heller ikkje på fleire han kunne tenke seg var kvalifiserte. Difor fekk eg ingen unge representantar frå Den katolske kyrkje, men informantane hadde framleis ulike erfaringar og kvalitetar som skilte dei. I tillegg har Den katolske kyrkja klare reglar rundt seksualitet som er mindre opne for tolking. Dette avgrensar kor ulike svar eg etter kvart kunne tileigna meg.

Eg valde ikkje informantane frå Metodistkyrkja på eiga hand, og kunne ikkje påverke utvalet. Dei hadde bestemt som gruppe at eg fekk tre informantar og akkurat kva tre informantar eg skulle få. Desse var forskjellige i både kjønn og alder, og sjølv med liknande utgangspunkt hadde dei kvart sitt unike perspektiv.

Talet informantar var derimot ikkje nok til at eg kunne generalisere for mykje, men gav indikasjonar på korleis kristne i desse samfunna opplever seksualundervisninga. I kvalitative utval bør ikkje talet på informantar vera så stort at det ikkje er mogleg å gjennomføre omfattande analysar (Thagaard, 2018, s. 59). I enkelte tilfelle kan det altså vera betre å ha grundige analyser gjennom få intervju enn overflatiske på bakgrunn av mange intervju (Repstad, 2019, s. 84).

#### **4.4 Presentasjon av informantane**

Her presenterer eg informantane med anonymiserte namn i rekkefølge etter kva kyrkjesamfunn dei høyrte til. Nokre av informantane gav meir informasjon om seg sjølv i form av kva stilling dei hadde i kyrkja og alder enn andre.

##### *4.4.1 Den norske kyrkja*

I Den norske kyrkja i Bergen intervjuar eg fire informantar, Hallvard, Vilde, Ulrik og Linda, der alle utanom Hallvard og Vilde var frå ulike meinigheiter.

**Hallvard:** Hallvard er ein vaksen mann, og er barne og- ungdomskantor ved Bergen Domkirke meinigheit. Det er fem sentrumskyrkjer som tilhøyrer Bergen Domkirke. Han poengterer at han ikkje har så mykje med seksualopplæring å gjera, men er i kontakt med barn og unge gjennom

musikk og sangopplæring. Hallvard meiner seksualundervisninga er viktig og stiller seg relativt positiv til det som skjer i skulen. Han legg vekt på at foreldre og kyrkje må halde seg oppdaterte på den generelle seksualundervisninga for å vite kvar dei står.

**Vilde:** Vilde er i 20-åra og snart ferdigutdanna prest ved Bergen Domkyrkje meinigheit. Ho har ansvar for deler av konfirmasjonsførebuinga til fleire unge i Bergen og har hatt seksualundervisning i samband med dette. Sjølv om ho ikkje var offisielt ordinert prest hadde ho ansvar som konfirmantprest. Vilde hadde tillit til det norske skulesystemet si seksualundervisning. Dette sa ho var delvis grunna at ho kjenner lærarar som har delt korleis denne går føre seg. Sidan ho sjølv hadde skrive ei masteroppgåve i teologi uttrykte ho sympati med gjennomføringa av arbeidet mitt, og viste også særleg interesse for metodane mine og formålet med prosjektet.

**Ulrik:** Ulrik er i 70-åra og sokneprest ved ein meinigheit litt utanfor Bergen sentrum. Her har han vore i litt over eit år. Han la vekt på at sjølv om han representerte meinigheiten og kyrkja sine meiningar var han også farga av eigne meiningar og opplevingar. Som sokneprest er han med i ei leiargruppe i meinigheiten, i meinighetsrådet, sit i arbeidsutvalet og har anna administrasjonsansvar. Han presiserer også at han har ansvar for prestane i meinigheiten og alt som har med gudstenestelivet å gjera. Ulrik har ikkje mykje erfaring med seksualundervisning i skulen, og er heller ikkje direkte involvert i temaet under konfirmasjonsførebuinga. Han er positivt innstilt til den offentlege seksualundervisninga. Han fortalte og at han har over tid har endra eigne meiningar i samband med tema rundt seksualitet og likekjønna ekteskap.

**Linda:** Linda er ei kvinne i 40-åra og meinighetspedagog i Fana. Ho fortel at dette er ein meinigheit prega av barnefamiljar og mange unge. Ho tykkjer seksualundervisning er viktig for unge si sjølvforståing. Sjølv om ho trur det er viktig kyrkja fyller nokre hol har ho tillit til at skulen gjer ein god jobb med den offentlege seksualundervisninga

#### *4.4.2 Den romersk-katolske kyrkja*

I den romersk-katolske kyrkje intervjuar eg tre informantar, Kjetil, Evita og Tobias. Alle desse var ein del av St. Pauls menighet. Kjetil hjalp meg å få kontakt med dei to andre informantane.

**Kjetil:** Kjetil er ein mann i 50-åra og kapellan ved den romersk-katolske kyrkja i Bergen. Kjetil er konvertitt og var tidlegare prest i Den norske kyrkja. Sidan han allereie var gift når han konverterte fekk han lov til å behalde ekteskapet, trass i at katolske prestar eigentleg ikkje skal gifte seg. I tillegg til prest har han også vore lærar. Han har hatt ansvar for konfirmasjonsundervisning både i den norske og katolske kyrkja. Her har han hatt ei viss form

for seksualundervisning. Han tykkjer seksualundervisning er viktig, men tykkjer den offentlege seksualundervisninga og den norske skulen generelt manglar kritisk tenking og er for ideologistyrt.

**Evita:** Evita er ei vaksen dame og kateketkoordinator innan den romersk-katolske kyrkja. Ho konverterte frå Den norske kyrkja for over 10 år sida. Evita har også jobba som lærar i grunnskulen i KRLE, naturfag og matematikk. Ho har no vore kateketkoordinator på fulltid i nokre år. Ein kateketkoordinator har overordna ansvar for mykje av aktivitetane dei frivillige kateketane arrangerer. Ho har eit overblikk over kva tilbod som eksisterer for ungdom når det for eksempel kjem seksualundervisning. Evita er generelt positiv til kompetansemåla i læreplanen som omhandlar seksualundervisninga. Derimot fryktar ho at nye omgrep og kjønnsidentifikasjonar blir akseptert for lett utan ordentleg refleksjon og at seksualundervisninga blir for lite objektiv. Mykje ligg til læraren for å kunne drøfte kompetansemåla på ein god måte. Difor tykkjer ho skuleleiinga burde ha krav og reglar som gjer dette lettare.

**Tobias:** Tobias er ein mann i 60-åra og lekmann ved Den romersk-katolske kyrkja. Han har tidlegare vore kateket for konfirmasjonsundervisning, og hadde eit par år ei vikarstilling som kateketkoordinator. I dag har han månadleg undervisning for konfirmantforeldre og foreldre til barn som skal komme til førstekommunionen. I samband med kyrkja er Tobias styreleiar for eit av kyrkja sin diakonale armar og andre katolske grupper i Bergen. No arbeider han som lærar ved høgare utdanning der han underviser kommande lærarar og lektorar. Tobias har vakse store deler av livet sitt opp i USA. Han var tidlegare medlem av ein meinigheit der, men konverterte til katolisismen etter han flytta til Norge. Tobias har kunnskap rundt seksualundervisning frå eit katolsk perspektiv. Han meiner det er mykje bra i den offentlege seksualundervisninga. Derimot tykkjer han det burde vera ope for meir drøfting rundt etiske og moralske aspekt.

#### *4.4.3 Metodistkyrkja*

I Metodistkyrkja intervjuar eg tre informantar frå same meinigheit, Ørjan, Kristian og Elsa. Her var det Ørjan som svarte på den første e-posten, og som spurde i fellesmøte om det var fleire som kunne tenke seg å bli intervjuar.

**Ørjan:** Ørjan er ein pastor i 50-åra ved ei metodistkyrkje i Bergen. Han har vakse opp som medlem av Metodistkyrkja og har embetseksamen frå meinigheitsfakultetet. Ørjan har vore prest i over 10 år, og er med i leiarforumet i Bergen saman med pastorar frå andre

kyrkjesamfunn og driv med felleskyrkjeleg arbeid. Han har ei oppfatning om at seksualundervisning er særleg viktig, og har undervist i emnet i samband med konfirmasjonsførebuinga. Ørjan tenker den offentlege seksualundervisninga har blitt betre enn tidlegare med god og sakleg informasjon. Han tykkjer derimot det manglar eit verdisyn i botn. Han legg vekt på at det difor er viktig at kristne foreldre bidreg med det kristne menneskesynet i samband med seksualiteten i samtalar heime.

**Kristian:** Kristian er tidleg i 20 åra og song og- musikkleiar i ein meinigheit ved Metodistkyrkja, noko som gjer han til den yngste informanten. Kristian har vore offisielt medlem av Metodistkyrkja i eit år og fekk nyleg rolla i meinigheiten, men har delteke i kyrkja i litt under 10 år. Som song og- musikkleiar har han ansvar for musikk, lovsong og alt det musikalske i kyrkja. Han påpeiker at det er fleire i kyrkja som hjelper til og samarbeider rundt dette, men han har hovudansvaret. Kristian tykkjer det var fint at den offentlege seksualundervisninga inkluderer fleire sårbare tema og ikkje berre det tekniske. Han stilte seg derimot kritisk til nokre av normene skulen og samfunnet vårt har rundt sex og seksualitet, og tykkjer undervisninga kunne vore meir objektiv.

**Elsa:** Elsa er i 40-åra og leiar for meinighetsrådet ved ein meinigheit i Metodistkyrkja. Ho har vore ein del av meinigheiten i snart tretti år. Ho tykkjer seksualundervisning er særleg viktig. Elsa veit at temaet er ein del av konfirmasjonsundervisninga, men har ikkje ansvar eller djupare innsikt i dette. Elles arbeider ho tett med menneske yrket sitt utanfor kyrkja. Ho er generelt positiv til seksualundervisninga i skulen, men føler det burde vere meir refleksjon rundt eventuelle skader feil bruk av seksualitet kan føre til. I tillegg tykkjer ho at det manglar sterkare representasjon frå dei unge som vel å vente med seksualitet.

## **4.5 Intervju og gjennomføring**

### *4.5.1 Gjennomføring av intervju*

Eg møtte alle informantane fysisk og planla desse møta gjennom e-post. Sjølv om ein som forskar har oppgåva om å finne lokasjon for intervju kan det og vere naturleg å spørje informantane (Postholm, 2010, s. 82). Det er lurt å intervju informanten ein plass dei føler seg heime, og der ein kan sitje uforstyrta (Repstad, 2019, s. 87). Eg gav difor informantane valet om dei ønskte å bli intervjua på eige kontor eller om eg skulle reservere grupperom på UiB. Alle utanom Tobias ønskte å møte på sitt eige kontor. Intervjua starta med Hallvard i oktober og enda med Linda i desember. Eg tok opp intervjua med ein diktafon, noko som også informantane fekk vite på førehand. Dei skreiv under på eit samtykkeskjema før eg starta

intervjuet, dette finn ein under vedlegg 3. Fordelen med opptak er at alt som blir sagt vert lagra og sitat kan lett gjengivast ordrett (Thagaard, 2018, s. 112). Eg hadde moglegheita til å vere heilt til stades under intervjuet og rette all merksemd mot det som blei sagt (Postholm, 2009, s. 82). Eg kunne og fokusere på informanten sitt kroppsspråk og reaksjonar undervegs (Thagaard, 2018, s. 112-113). I tillegg til å ta opp intervjuet noterte eg av og til ting eg tykte var viktig undervegs, men det var ikkje så nødvendig sidan ingenting kom til å gå tapt. Noteringa kan gjere det lettare å hugse hovudpunkt til analysen. Men samtidig prioriterte eg den sosiale interaksjonen med informanten framfor å bruke for mykje tid på å notere (Thagaard, 2009, s. 102).

#### *4.5.2 Forskarrolla*

Både eg og informantane påverkar som nemnd korleis intervjuet utspelar seg og resultatet vert påverka av produktet av dei erfaringane, bakgrunnen og konteksten vi lever i. Ein slik gjensidig påverknad kallar ein refleksivitet. (Tafjord, 2006, s. 243; Nilssen, 2012, s. 31-33). Ein må som forskar og vera bevisst på at det kan eksistere ein ujamn maktrelasjon over kunnskapen som blir produsert i forholdet mellom forskar og informant. Det er eg som forskar som styrer intervjuet med å velje kva samtaleemne og tema som bli introdusert omkring seksualundervisninga og kva spørsmål som blir stilt. Ein kan samstundes utjamne dette forholdet ved å skape ein tillitsfull atmosfære mellom forskar og informant. Ein kan gi informantane følelsen av at dei har kontroll på kunnskapen dei vil formidle, og forskaren kan vise openheit med sine reaksjonar og synspunkt for å skape ein slags fortrulegheit (Thagaard, 2018, s. 99-100). Ein forskar bør difor ha kunnskap om sosiale relasjonar og inneha kommunikative ferdigheiter. (Thagaard, 2018, s. 94; Nilssen, 2012, s. 29). Kommunikative ferdigheiter tyder at forskaren greier å knyte kontaktar og gode relasjonar med informantane der ein skapar ein atmosfære av tillit (Nilssen, 2012, s. 30). Eg og informanten hadde gjerne ein litt uformell prat før eg starta intervjuet. Dette kan vera lurt for å byggje opp ein positiv sosial relasjon, men ein må då samtidig passe på at ein ikkje verkar useriøs (Repstad, 2019, s. 87). Utan tillit under intervjuet blir kvaliteten dårleg. Dette når ein gjerne om informanten føler seg forstått og akseptert av forskaren, og er særleg viktig om ein diskuterer sårbare tema (Nilssen, 2012, s. 30; Thagaard, 2009, s. 94, 103). Informanten kan og vera redd for å bli oppfatta som krenkande sidan han kanskje uttrykker meiningar som ikkje er politisk korrekt i det norske samfunnet. Eg opplevde ofte at informantane spurte kva formålet med intervjuet var, og nokre uttrykte bekymringar dei hadde rundt å ytre seg rundt denne tematikken. Ei spesifikk bekymring kom frå ein som fortalte at eit anna medlem frå kyrkjesamfunnet hadde frykta intervjuet kunne

bli ei slags negativ nyheitssak. Difor la eg alltid særleg vekt på at eg ikkje hadde som føremål å «ta» nokon, og at mitt ønske var kun å belyse ulike stemmer og meiningar kring seksualundervisninga. Eg forsikra dei om at eg skulle vera objektiv og at føremålet med forskinga ikkje var å bestemme eller vurdere kva oppfatningar som var riktige, men heller få fram kva oppfatningar som eksisterte og bakgrunnen til desse. Intervjuobjekta må ikkje påverkast til å svare ut frå kva oppfatning dei kan ha av mine potensielle synspunkt eller verdiar. Difor må eg vise at eg møter dei med mest mogleg ope sinn og at mine eventuelle verdiar ikkje påverkar intervjusituasjonen (Thagaard, 2009, s. 105). Det er viktig at ein forskar stiller med eit ope sinn og unngår ein fordømmende intervjusituasjon når informantene deler meiningar som kan vera kontroversielle (Thagaard, 2009, s. 106). Derimot kan ein ikkje unngå at informantane si åtferd og svar kan ha blitt påverka av relasjonen dei fekk til meg. Dei kan for eksempel ha fokusert på å formulere seg og svare utifrå korleis dei ønsker å presentere seg sjølv og setje seg sjølv i eit godt lys (Thagaard, 2009, s. 105). Eg opplevde på den andre sida at informantane ønskte å dele fleire utsegner og ytringar samfunnet elles kunne vere ueinige i. Dei brukte gjerne litt lengre tid på slike svar for å underbygge med gode forklaringar. Det var for eksempel ei av informantane som sa ho forstod ho hadde ei kontroversiell meining, og at det ikkje var noko ho ville sagt offentleg sidan det kunne bli misoppfatta. Dette kan ein tolke slik at ho hadde tillit til at eg ikkje ville fordømme ho for potensielt kontroversielle meiningar. Dette tyder på at dei fleste informantane hadde ein sjølvstendig posisjon under intervjuet, der dei var aktive og viste eit ønske om å forklare og argumentere for meiningane sine (Thagaard, 2009, s. 106).

Intervju kan også ofte flyte over til observasjon der ein plukkar opp ikkje-verbal kommunikasjon (Anker, 2020, s. 37; Nilssen, 2012, s. 30). Under intervjuet observerte eg om informantane mine verka komfortable eller ikkje, og om dei reagerte på ein spesiell måte i forhold til visse spørsmål. Å observere informantene gjennom kroppsspråk og liknande er vanleg i intervjusituasjonen (Anker, 2020, s. 37). Eg passa difor på å gi informantane tid til å formulere seg når det var tydeleg dei tykte eit spørsmål var krevjande. Då pleidde eg å oppmuntre med positive nikk og smil, og gav dei den pausen eg tenkte dei trengte. Å legge merke til når det er rom for pausar er også ein del av det å vera ein god lyttar (Nilssen, 2012, s. 30). Observasjonar noterte eg rett etter eg kom heim frå intervjuet då eg framleis hadde dei friskt i minnet. Dette er gjerne ein del av den kreative skriveprosessen. I den kreative skriveprosessen skriv ein fritt og uformelt ned tilfeldige idear og tankar undervegs i forskingsarbeidet. Det er berre du som er mottakar, og det handlar om meir utforskande skrivning for å få tankeprosessane i gang. Dette

skil seg frå den kritiske skriveprosessen der formålet er å skrive eit formelt fagleg produkt til ein ofte utanforståande mottakar (Nilssen, 2012, s. 34-35).

#### *4.5.3 Transkribering*

Opptaka transkriberte eg innan 24 timar etter utført intervju. Det var ein tidskrevande prosess då dei fleste intervjuar min låg på omkring ein time. Ein reknar med at ein times transkripsjon tek mellom fire og seks timar. Dette kjem an på ferdigheitene til forskaren og kor mykje detaljar ein har som føremål å inkludere (Nilssen, 2012, s. 47). Om ein transkriberer på eiga hand får ein og moglegheit til å bli veldig godt kjent med materialet. Sidan du kjenner konteksten i intervjuet, kan du greie å forstå og tolke om noko av det som blir sagt vert utydeleg (Nilssen, 2012, s. 47-48). Medan eg transkriberte oppdaga eg både fleire gjennomgåande tema og samanliknbare punkt. Desse noterte eg ned slik at eg enkelt kunne finne tilbake til det før analysen. At transkribering kan slik bli ein viktig del av analyseprosessen samsvarer med Nilssen (2012) som påpeiker dette som ein av fordelane ved å gjera eigen transkripsjon. Medan ein lyttar og skriv kan idear til koding dukke opp. Det vert også tilrådd at ein noterer ned desse tankane i ein parentes med kursiv, noko eg også gjorde (Nilssen, 2012, s. 47). Transkripsjonen min var ei nøyaktig gjengiving av kva informanten min sa, og følgde også med pausar, latter og former for tydeleggjering av trykk på ord. Når ein noterer ned pausar og fylleord, som «ehm», kan ein sjå plassar der informanten eventuelt nølte eller trong lenger tid til å tenke gjennom spørsmålet. Slik kan ein sjå kva som eventuelt var vanskeleg å svare på (Nilssen, 2012, s. 49-50). For å bevare informanten sitt personvern anonymiserte eg også namna deira medan eg transkriberte, og arkiverte all sensitiv informasjon der berre eg hadde lesetilgang (Nilssen, 2012, s. 50-51). Eg skal gå nærare inn på slike forskingsetiske omsyn i neste delkapittel.

#### **4.6 Forskingsetiske omsyn**

Prinsipp for samtykke og andre formelle reglar knytt til personvern er viktig å ta omsyn til når ein utfører kvalitative intervju (Repstad, 2019, s. 81-82). Alle deltakarar i kvalitative forskingsprosjekt må gi eit informert samtykke. Forskingsprosjektet kan altså setjast i gang etter at samtykke og tilstrekkeleg opplysning til å skjønna kva deltaking inneber er gjevne (Thagaard, 2009, s. 26; Anker, 2020, s. 106). I tillegg skal ein kunne avbryte deltakinga utan negative konsekvensar, sjølv om dette kan øydelegge for prosjektet (Thagaard, 2009, s. 26; Anker, 2020, s. 105-106)). Eg fekk samtykke til at informasjonen kunne takast opp og brukast i prosjektet, så lenge namna vart anonymiserte. Dette vart formalisert ved å skrive under på eit samtykkeskjema. I skjemaet fekk dei også ei forklaring på føremålet ved prosjektet, kvifor nettopp dei var blitt spurt og kva deltakinga inneber. Det er og rådd til å repetere informasjonen

i skjemaet i forkant av intervjuet (Repstad, 2019, 87). Eg gjentok også munnleg før et starta diktafonen at eg hadde teieplikt, at dei vart anonymisert og at det var kun eg som kom til å behandle opptaka.

Det er eit prinsipp rundt konfidensialitet at forskinga skal vere etisk forsvarleg. Sidan personvernsopplysningar skal bli behandla forsvarleg kan ikkje intervju bli tatt opp på mobiltelefonen (Anker, 2020, s. 104-105), noko som gjorde at eg tok i bruk ein diktafon. Dei som blir forska på har krav om at all informasjon dei gjev blir behandla konfidensielt. Forskingsmaterialet må anonymiserast, og det vert stilt strenge krav til korleis lister med namn eller andre opplysningar som identifiserer informantar skal oppbevarast (Thagaard, 2009, s. 27). Alt materiale som kan sporast tilbake gjennom bruk av namn eller lydgenkjening må difor oppbevarast på krypterte og sikre datalagringsområde (Anker, 2020, s. 105). Eg lagra diktafonopptak, transkripsjon og all anna personleg informasjon på den krypterte og passordsbeskytta forskningsserveren SAFE på IT-avdelinga ved UiB. Namna til informantane vart anonymisert, men dei kan framleis bli identifisert gjennom posisjonen deira i dei ulike kyrkjene.

Det er også viktig at ein reflekterer over konsekvensane forskinga kan ha for informantane. Ein skal prøve å verne informantane sin integritet og unngå at forskinga fører til negative konsekvensar (Thagaard, 2009, s. 29). Ein bør difor tenke over korleis informantane vert presentert i oppgåva. Sjølv om eit utsegn for eksempel kunne vore interessant for oppgåva, bør ein ikkje inkludere det om det stiller informanten i eit dårleg lys (Anker, 2020, s. 106). Eg opplevde at informantar som vart særleg komfortable kunne kome med utsegner som utfor konteksten av den fortrulege samtalen kunne blitt vridd til å ha andre hensikter enn dei eigentleg hadde. Ein må finne balansen mellom å ivareta informantane og samtidig vera tru mot materialet. Det er viktig å tenke over at dette er noko informanten skal kunne lese i etterkant (Anker, 2020, s. 107).

Sidan eg behandlar opplysningar som kan identifisere informantane, har eg plikt å søke om godkjenning (Thagaard, 2009, s. 25). Samtykkeskjemaet og fleire andre faktorar ved prosjektet sendte eg først 25. august 2022 på eit meldeskjema til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). NSD er personvernombod for ulike forskingsinstitusjonar og høgskular og universitet. Dei administrerer godkjenning av prosjekt som behandlar opplysningar som kan knytast til og identifisere personar, og vurderer om prosjektet held seg til gjeldande forskningsetiske reglar (Repstad, 2019, s. 82; Thagaard, 2009, s. 25). Eg kontakta ingen av informantane før eg fekk godkjenninga av NSD 15. september.



#### 4.7 Forskinga sine kvalitetskriterier

Ein bruker ofte omgrepa reliabilitet, validitet og overføringsevne når ein skal vurdere kvaliteten på forskning (Anker, 2020, s. 108; Thagaard, 2009, s. 198-211). Eg skal her vurdere desse opp mot kvaliteten på prosjektet.

Reliabilitet har med forskingsresultata sin konsistens og truverd å gjere (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). For å sikre reliabilitet må ein reflektere over og gjere greie for alle metodiske tilnærmingar ein har gjort i løpet av prosjektet. På denne måten synleggjer ein forskingsprosessen slik at andre kan reflektere over den (Anker, 2020, s. 108-109; Thagaard, 2009, s. 200; Postholm & Jacobsen, 2018, s. 224). Reliabilitet er ofte knytt til om forskninga er mogleg å replisere, som er spørsmålet om forskingsarbeidet kan utførast på nytt av ein anna forskar i ein annan situasjon med same resultat (Thagaard, 2009, s. 198-199). Ei slik vurdering er vanlegvis brukt for å sikre reliabilitet i kvantitativ forskning, men vanskelegare i forskning med kvalitative metodar (Anker, 2020, s. 108; Thagaard, 2009, s. 199). Dette er grunna dei tidlegare nemnde epistemologiske og ontologiske premissa til kvalitative studie og intervjusituasjonen sin gjensidige refleksivet. Data og resultat eg får er avhengig av konteksten av intervjusituasjonen og meg som intervjuar, og vil vera umogleg å repetere av andre (Postholm, 2010). Bakgrunnen min, forkunnskapar og ytre kjenneteikn som alder og kjønn kan ha innverknad på intervjusituasjonen og forholdet mitt til informantane (Thagaard, 2009, s. 103). Observasjonen eg gjer under intervjuet og påfølgande analyse er difor filtrert gjennom livssynet mitt, mine verdiar og perspektiv. Erfaringane mine har gitt meg ei forståing av temaet, men samtidig resultert i både positive og negative fordommar (Anker, 2020, s. 111-112; Tafjord, 2006, s. 247). Eg vaks for eksempel opp med kristne foreldre som samstundes er relativt liberale og mindre strenge i forhold til synet på seksualitet. Dette gjorde at eg såg det var mogleg å forene kristen tru og identitet med eit opent og liberalt syn på seksualitet og seksualundervisning. Eg antok at dette liberale synet gjaldt Den norske kyrkja som typisk har vore meir liberale om dette i offentlegheita. Når eg då intervjuar den romersk-katolske kyrkje og Metodistkyrkja hadde eg frå før ein tanke om at dei skulle ha eit meir restriktivt syn (Nilssen, 2012, s. 69). Eg var difor aktiv bevisst på min eigen ståstad og passa på å gi rom for at materialet ikkje nødvendigvis måtte stemme med fordommane. (Nilssen, 2012, s. 69; Tafjord, 2006, s. 247). Slike innvendingar mot forskaren si tidlegare forståing må heller brukast til å utvikle kunnskap og djupare forståing av eit emne (Nilssen, 2012, s. 70).

Ein må også vurdere om relasjonen eg hadde til informantane påverka kor opne dei var (Thagaard, 2009, s. 200). I samband med dette må eg reflektere over informantens sin agenda,

det ikkje-verbale, kva materialet viser og reflekterer, om det materialet er tilstrekkeleg og korleis det kan bli teke i bruk (Nilssen, 2012, s. 30). Eg prøvde best mogleg å unngå førehandsdømming og setje all subjektivitet til sides under intervju. Det virka då også som informantane turte å ytre sjølvstendige meiningar. Sidan eg er kvinne, kan det og for eksempel vera slik at kvinnelege informantar relaterte lettare til meg enn tilfellet hjå menn. Tilsvarende kan dei mannlige informantane ha sett på meg som meir utanforståande (Thagaard, 2009, s. 106). Den unge alderen min kan for eksempel også gjere meg meir ufarleg (Tafjord, 2006, s. 249). Eg registrerte ikkje spesifikke hendingar som gjorde at eg kjente meg behandla annleis på bakgrunn av kjønn eller alder. Det er vanlegvis vanskeleg å vite om det informanten fortel kan vere prega av relasjonen eller eventuelle fordommar til mine ytre kjenneteikn. Eg kan difor ikkje utelukka at oppførselen til informantane og kva dei valde å dele ubevisst eller bevisst kan ha blitt påverka av at eg var ein 24 år gammal kvinneleg universitetsstudent frå Sogn (Thagaard, 2009, s. 103).

Om studiet vart gjort på nytt, har ein ingen garanti for at resultatet ville vorte likt. Materialet ville vorte noko ulikt i tillegg til at ein ikkje kan garantere at analysen ville bli lik. Eg trur derimot ikkje informantane hadde uttrykt andre oppfatningar om ein annan forskar hadde fått tak i andre detaljar. Informantane virka opne og komfortable med å ytre konvensjonelt upopulære meiningar. At eg og noterte ned transkripsjonane mine så verkelegheitsnære som mogleg, der eg fokuserte på å markere pausar, sikrar ein meir truverdig tolking av informanten sine ord og styrkar også evna mi til riktig analyse. Dette styrkar også reliabiliteten i materialet mitt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 211-212). Eg har også skildra metoden og analysen min grundig for å sikre reliabilitet (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 129).

All forskning er frivillig og difor er det alltid usikkert om utvalet blir representativt. Eg gjekk som sagt for ekspertintervju av prestar og andre med klare roller innan kyrkjene. Informantane mine varierte både i alder og kjønn, men eg må ta i betraktning at eg kunne fått andre svar om utvalet hadde vore meir tilfeldig (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 227).

For å styrke validitet vurderer vi metodane vi har brukt til innsamling av materialet, og om vi har samla inn adekvat informasjon til å trekke rette konklusjonar i høve til problemstillinga (Postholm, 2010, s. 170; Repstad, 2019, s. 134). Metoden eg nytta var som sagt individuelle, kvalitative, semi-strukturerte intervju som sikra meir opne oppfatningar av seksualundervisninga. For at forskning skal vera gyldig må materialet eg samlar under intervju svare på problemstillinga mi og eg må då undersøke det som faktisk er relevant (Anker, 2020, s. 110). Eg brukte eit strategisk utval og fokuserte på intervju av menneske som hadde ei stilling

innan dei ulike kyrkjene for å sikre at informantane var praktiserande og aktivt truande kristne og ikkje berre tilfeldige medlemmer. Forskaren sin posisjon i forhold til informantane kan også påverke validiteten til prosjektet. Noko som igjen vert påverka av personlege relasjonar der kjønn eller alder kan vere ein faktor (Thagaard, 2009, s. 202). Dette gjeld også om forskaren har ein posisjon i eller kjennskap til miljøet som vert studert. I tillegg til kristen familiebakgrunn er eg og masterstudent innan religionsvitskap. Dette kan gi meg ei anna oppfatning av desse ulike kristne samfunna enn forskarar frå andre miljø. Dette kan føre til at eg overser nyansar som ikkje samsvarer med erfaringane eg har frå mitt forskingsfelt, men samstundes har eg ei unik forståing av informanten sin situasjon (Thagaard, 2009, s. 203).

I ei avgrensa kvalitativ studie som denne er det omtrent ikkje mogleg å generalisere kunnskapen ein får, men den kan likevel vere overførbar (Anker, 2020, s. 110). Når ein diskuterer overføringsevne ved kvalitative studiar spør ein om tolkinga som skjer innan eit prosjekt kan vera relevant i andre liknande samanhengar (Thagaard, 2009, s. 207). Informantane tilhøyrer meinigheiter der dei tilhøyrande kyrkjene har meinigheiter spreidd rundt i Norge. Ein kan då undersøkje overføringsevna meinigheiter i den norske, Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja i Bergen har til andre meinigheiter i same kyrkjesamfunn. Den norske kyrkja er i utgangspunktet kjent for større individualitet. Men etter å ha intervjuet fire menneske frå tre ulike meinigheiter i Bergen, ser eg ein tendens til likskapar ein kan anta eksisterer i store deler av landet. Den katolske kyrkja følgjer retningslinjer som ikkje berre høyrer til i Norge, men som også kjem frå Roma. Sjølv om ikkje alle katolikkar nødvendigvis rettar seg etter alt som kjem frå Vatikanet, kan ein likevel gå ut frå at mange følger nye eller endra direktiv. Resultata frå Metodistkyrkja er nok mest usikre når det gjeld overføringsevne, sidan alle intervjuobjekta tilhøyrde same meinigheit. Informantane frå Metodistkyrkja det var ein del usamdheiter innan kyrkja internasjonalt noko som eg og viser til i bakgrunn (Wendel, 2018, s. 165). Dette kunne føre til at meinigheita informantane frå Metodistkyrkja tilhøyrde vart splitta frå det internasjonale settet i USA vedrørande enkelte saker. Resultata mine gjev hovudsakeleg kunnskap om kva spesifikke kristne føler rundt seksualundervisninga, men kan også vera delvis overførbare til menneske frå same kyrkjesamfunn i Norge (Anker, 2020, s. 110-111).

#### **4.8 Analyse**

Eg analyserte materialet mitt ved bruk av tematisk innhaldsanalyse. I prosjektet var eg usikker på akkurat kva eg kom til å finne i materialet. Eg ønskte derfor ei grundig, men fleksibel, tilnærming til å analysere materialet mitt. Difor vart tematisk innhaldsanalyse passande for prosjektet (Johannessen et al., 2018, s. 278).

Tematisk innhaldsanalyse fokuserer på innhaldet i eit spesifikt materiale (Anker, 2020, s. 40). Under ein tematisk analyse samlar vi grupperingar av data med viktige fellestrekk, kalla tema, inn i kategoriar som skal svare på forskingsspørsmåla våre (Johannessen et al., 2018, s. 279). På denne måten skapar eg orden i informasjonen og gjer det lettare å identifisere nye samanhengar (Johannessen et al., 2018, s. 280). Johannessen et al. (2018) deler den tematiske analysen i fire steg. Desse er førebuing, koding, kategorisering og rapportering (Johannessen et al., 2018, s. 282).

Under førebuinga får du tak i og skaffar deg oversikt over data (Johannessen et al., 2018, s. 282). Dette er gjerne data i skriftform noko eg fekk når eg transkriberte opptaket av intervju mine (Johannessen et al., 2018, s. 283-284). Eg las gjennom transkripsjonane mine og markerte moment eg tykte virka viktige og relevante for vidare analyse (Johannessen et al., 2018, s. 284). I kodefase skal ein belyse og setje ord på viktige poeng i datamaterialet (Johannessen et al., 2018, s. 282). Eg samla alle relevante data i eit dokument der eg lagde ein tabell med data, kodar og undervegs refleksjonar. Eg hadde allereie starta kodinga under førebuingfasen gjennom å markere poeng i ulike sitat. No la eg til stikkordoppssummerande kodar som oppsummerte poenga i desse sitata (Johannessen et al., 2018, s. 290). Eg noterte og refleksjonar og assosiasjonar eg gjorde undervegs (Johannessen et al., 2018, s. 284-285). Dette var eigenskapar ein kunne samanlikne mellom informantar eller andre interessante moment som dukka opp. Kodinga kan vera stimulerande for kreativiteten og eg kan få tak i poeng som eg oversåg ved gjennomlesing første gongen. Å notere refleksjonar kan hjelpe deg til å klargjere uklare tankar og utvikle djupare innsikt i data. Ein genererer vidare også tekst som ein kan ta i bruk (Johannessen et al., 2018, s. 291-292). Når ein kodar har ein gjerne allereie nokre spørsmål i bakhovudet ein ønskjer svar på og originalt kodar etter. Eg lurte for eksempel på kva informantane tykte var viktig å ha med i seksualundervisninga, kva som ikkje burde vera med, kva dei oppfatta som manglande i den offentlege seksualundervisninga og kva dei oppfatta som bra med denne undervisninga. Ein bør kode fleire gonger både fordi ein sikrar at ein ikkje overser viktige poeng, men også fordi ein kan oppdage nye forskingsspørsmål under den første kodinga. Eg gjekk difor gjennom kodane mine fleire gonger (Johannessen et al., 2018, s. 292). I første runde kan det vera best med ei grundig koding der ein heller tek med for mykje enn for lite. Poeng ein ikkje trudde hadde betydning kan plutselig vise seg å vera viktige når ein kjem djupare ned i analysen (Johannessen et al., 2018, s. 287-289). Dei stikkordoppssummerande kodane mine var datanære framfor datafjerne. Datafjerne kodar er bruk av stikkord som gjerne består av berre eit ord. Datanære kodar er stikkord som viser det større innhaldet i materialet

(Johannesen, et al. 2018, s. 290). For å vurdere om ein kodar datanært må koden vera noko ein ikkje kunne laga før kodinga samstundes som ein skal kunne forstå kva materialet sitt konkrete innhald er (Johannesen, et al., 2018, s. 291). Ein kan vurdere seg ferdig med kodinga når ein føler kodinga ikkje gir deg meir oversikt over data, lærer deg noko nytt eller legg til rette for meir materiale til kategoriseringsfasen. Ein kan alltid gå tilbake til kodinga om ein har behov for det (Johannesen et al., 2018, s. 293). Etter fleire kodingar og modifiseringar av kodar og kategoriar enda eg med 49 kodar.

I kategoriseringsfasen ser ein korleis data vert sett saman til ein større heilskap. (Johannesen, et al., 2018, s. 294). Dette gjorde eg ved å kategorisere alle kodar med viktige ting til felles saman under ulike tema (Johannesen, et al., 2018, s. 295). Her er det lurt å danne tema utifrå kva spørsmål ein ønskjer svar på (Johannesen, et al., 2018, s. 303). Eg var blant anna nysgjerrig på kor mykje plass informantane mine tykte LHBTQI emne hadde i seksualundervisninga. Desse kodane kategoriserte eg då under temaet «LHBTQI og seksuelle normer». Denne vart endra til kun «Seksuelle normer» sidan eg tilpassa tema mine etter kvart til mine tre forskingsspørsmål slik at det vart lettare å skrive resultat av analysen inn i oppgåva. Desse forskingsspørsmåla var som nemnt: «Kva oppfatning har informantane av seksualundervisninga i den offentlege skulen?», «Korleis knyt informantane sine verdiar til dei seksuelle normene i samfunnet?» og «Kva oppfatning har informantane til korleis dei som kyrkje formidlar sin seksualetikk og verdiar knytt til seksualitet?». Eg enda med tema «Seksualundervisning i skulen», «seksualundervisning i kyrkja» og «seksuelle normer».

Under rapporteringsfasen skriv ein resultatet av analysen inn i oppgåva (Johannesen et al., 2018, s. 301). Her har eg allereie produsert notat under analyseprosessen som kan omtrent gå direkte inn i teksten. Dei tre ulike tema fordelte eg også på dei tre ulike delkapittel med tilsvarende namn i presentasjon og analyse sidan dei og tok og utgangspunkta i mine tre forskingsspørsmål. Då eg presenterer sitata til mine informantar oversett eg også transkripsjon som er gjort på dialekt til nynorsk, men har beholdt informantens setningsstruktur.

#### **4.9 Oppsummering**

Eg har gjennomført eit kvalitativt semistrukturert intervju med fire informantar frå Den norske kyrkja, tre frå Den katolske kyrkja og tre frå Metodistkyrkja. Informantane er presentert med anonymiserte namn og informasjon om kva rolle dei har innan deira respektive meinigheit. Eg har også teke opp forskningsetiske omsyn og diskutert oppgåvas kvalitetskriterier og overførbarheit. Intervjua er utført av ei lite gruppe menneske frå tre ulike kyrkjer, noko gjer at resultatane ikkje kan generaliserast. Derimot er desse overførberre og kan gi eit peikepinn på

oppfatningar som finnest i dei ulike kyrkjesamfunna. Til slutt har eg skildra korleis eg gjennom tematisk innhaldsanalyse har koda resultata mine og kategorisert dei under tre ulike tema «Seksualundervisning i skulen», «Seksualundervisning i kyrkja» og «Seksuelle normer» som var inspirert av mine tre forskingsspørsmål.

Vidare presenterer eg funna frå dei semistrukturerte intervju med informantane frå Den norske kyrkja, Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja, og analysere desse i lys av teori og bakgrunn.

## **5. Presentasjon og Analyse**

Etter å ha gitt oversikt over relevant bakgrunn, aktuell teori og metodiske val presenterer eg her informantane mine sine oppfatningar av seksualundervisning i skulen, samfunnet sine seksuelle normer og seksualundervisning innan kyrkja. Eg skal samanlikne informantane frå dei ulike kyrkjene og bruke bakgrunn og teori for å svare på problemstillinga mi: «Kva oppfatningar har representantar frå Den norske kyrkja, Den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja i Bergen av den offentlege seksualundervisninga i norsk skule, og kva er bakgrunnen til desse?»

Eg deler kapittelet etter mine tre forskingsspørsmåla. I kapittel 5.2 undersøker eg kva generelle oppfatningar informantane har av seksualundervisninga i den offentlege skulen. Deretter i 5.3 viser eg korleis informantane stiller seg til seksuelle normer i samfunnet og som vert formidla i skulen. Siste tema som vert løfta i 5.4 er kva oppfatningar informantane har av formidling av seksualundervisning i kyrkja. Alle delkapittel avsluttast med ei samanlikning og drøfting der eg knyter saman relevant teori og bakgrunn. Til slutt avsluttar eg kapittelet med ein konklusjon der eg dreg saman desse tre tema for å svare på problemstillinga.

### **5.1 Seksualundervisning i skulen**

#### *5.1.1 Den norske kyrkja*

Informantane frå Den norske kyrkja var Hallvard, Vilde, Ulrik og Linda. Hallvard var kantor og Vilde har vore brukt som konfirmasjonsprest. Ho har vore med å utføre former for seksualundervisning. Begge to høyrer til ei meinigheit i Bergen sentrum. Ulrik var sokneprest i ei kyrkje i Åsane. Linda var meinigheitspedagog i ei kyrkje i Fana. Det var noko manglande forkunnskapar om gjennomføring av seksualundervisninga. Difor bidrog ressursheftet eg tok med til ei større forståing av korleis denne kunne gå føre seg.

#### Seksualundervisninga si viktigheit

God seksualundervisning var viktig for alle informantane frå Den norske kyrkja. Ulrik meiner at kunnskapsformidling om seksualitet er særleg viktig:

[Ulrik] Eg tenker dette har vore eit tabu-tema gjennom mange år. Det å vera open om det i undervisninga og formidle kunnskap om det på godt og vondt er kjempeviktig. [...] Informasjon elever får gjer at dei kan gjere gode val for sin eigen del, tenker eg, og det er viktig, at dei gjer sine rette val i forhold til seksualitet og kropp.

Fleire enn Ulrik kontrastererte ei open og god seksualundervisning med tabulegging av seksuelle emne. Hallvard tykte dette ikkje tente til god læring i verken kyrkja eller skulen. Vilde viste til land som USA, kor seksualundervisninga etter hennar oppfatning var restriktiv:

[Vilde] Her har vi møtt metoden «Vi hysjar det ned, og snakkar ikkje så mykje om det, og dermed held barn og unge seg unna seksuelle aktivitetar». Og så ser vi da at det motsette skjer. At ein ikkje har kunnskap, og dermed mykje fleire førekomstar av kjønssjukdommar, ungdomsgraviditetar og alt som er. Og generelt også trur eg at dei kan utvikle eit seinare usunt forhold til seksualitet.

Alle fire refererte til den aukande tilgangen på seksuelt innhald gjennom internett og sosiale media som ein grunn til kvifor seksualundervisning har vorte så viktig. Hallvard meiner at internett kan føre til det han omtala som «usunn» kunnskap rundt seksualitet:

[Hallvard] Du har jo informasjonssamfunnet som gjer at dei møter alt i mykje større grad mykje tidlegare, så dei er opptekne av det. Og om det vert tabubelagt og basert på meir eller mindre tilfeldig kva dei ser i sosiale media så trur eg du får ein veldig fragmentert og usunn læring på det.

Kva desse meiner med «usunn» seksualitet eller «misbruk» av seksualitet var dei ikkje like tydelege på. Vilde forklarte misbruk av seksualitet slik:

[Vilde] Når ein tenker rein sekulær kontekst, så er det kanskje at ein ikkje heilt ser samanhengen mellom eiga verdi og seksualitet, og at ein kanskje då kan bruke sex som eit middel for bekreftelse eller anerkjenning.

Å knyte seksualiteten til mennesket og individet sin verdi er noko dei andre informantane og gjorde. Når det gjeld kva farleg innhald ein kunne finne på internett gjekk ikkje informantane langt ned i detaljane. Men bruk av pornografi og sending av nakenbilete gjennom sosiale media var noko fleire nemnte. Vilde såg på nakenbilete som noko av det vanskelegare for vaksne å ta tak i. Linda etterlyste meir etisk refleksjon rundt emne som porno og digital seksualitet i ressursheftet.

## Krav til gjennomføring av seksualundervisninga

Informantane sette fleire eksplisitte og implisitte krav til gjennomføringa av seksualundervisninga. Dei fleste av informantane gav inntrykk av at dei trudde den norske skulen innfrir krava. Linda og Ulrik reflekterte over at det verka som undervisninga har betra seg samanlikna med når dei sjølve var unge. Linda fortel blant anna at:

[Linda] Då var det sånn teknisk nesten, eg tenkte at det har kanskje vore slik før, sånn «bom, bom, her tre på ein kondom», liksom. For det tenker eg er viktig, å ha om noko sånn med kjensler og ikkje berre reine fakta.

Linda sine oppfatningar baserte seg mykje på ressursen eg tok med sidan ho sjølv ikkje hadde særleg kunnskapsbakgrunn til kva som spesifikt skjedde på skulen. Vilde hadde tillit til seksualundervisninga på bakgrunn av inntrykk ho hadde fått frå lærarar ho kjenner:

[Vilde] Eg har også veldig stor tillit til skulen si seksualundervisning, at dei har gjort eit godt arbeid over lang tid med å utvikle opplegg.

Hallvard hadde tillit til seksualundervisninga på skulen, men var skeptisk til om enkelte emne vert teke opp for tidleg. Her var han blant anna overraska over nokre tema som hans eigne barn hadde fått på læreplanen. Han meinte ein måtte ta meir omsyn til modning og tykte ikkje seksuelle emne burde «aktualiserast før det er nødvendig», men heller tilpasse til kva dei unge sjølve allereie er opptekne av:

[Hallvard] Du må vere i forkant på ein måte, og det er viktig at ein tek opp tema. Samstundes er det alltid den balansen då. Då blir det du som lanserer problemstillinga og aktualiserer og forsterkar ein problemstilling som ikkje hadde trengt å vere der. Ein burde heller vere med på å avvæpne og avmystifisere eit felt. Så trur eg ikkje det handlar om kva ein snakkar om, men kor mykje og kor djupt.

Ein form for alderstilpassa undervisning tykte alle informantane var viktig. Ulrik tenker kompetanse rundt det å møte seksualitet gjennom internett burde kome tidleg:

[Ulrik] Det kan vere lurt å differensiere ulike ting, ut frå ulik alder. [...] Eg ville vel tidleg byrja med nettet, og personvern og kva dei kan bli utsett for, kva som er lov og ikkje lov. Og grensesetting, for det kjem tidleg tenker eg.

Vilde hadde tillit til at skulen har eit godt grunnlag for å vurdere når seksualundervisninga startar. Ho meinte og at barn og unge måtte bli sett og utfordra, og at ein brukte ord og omgrep



som er forståelege for alderen. Ulrik og Linda var einige i at informasjon rundt prevensjon og «det fysiske» ikkje treng å kome så tidleg. Ulrik tykte ein ikkje burde snakke om det han refererer til som «dei fysiske» aspekta rundt seksualitet før dei unge er modne. Han trur det er mykje dei ikkje forstår heilt om ein gjer det for tidleg.

### *5.1.2 Den romersk-katolske kyrkja*

Frå Den katolske kyrkja intervjuar eg dei tre informantane Kjetil, Evita og Tobias. Desse var alle frå same meinigheit, men hadde ulike roller. Kjetil var prest og Evita kateketkoordinator. Tobias var eit særleg involvert kyrkjemedlem som tidlegare hadde hatt kateketkoordinatorrolla. Dei hadde noko ulik bakgrunn, der til dømes Tobias var tilflyttar frå USA. Elles hadde alle konvertert til katolisismen i vaksen alder. Forkunnskapane om seksualundervisninga hjå dei katolske informantane var vekslande og ressursheftet bidrog til diskusjonen.

#### Seksualundervisninga si viktighet

Informantane frå Den katolske kyrkja meinte alle at seksualundervisning er viktig. Tobias tenkte seksualundervisning knyter seksualitet til ein del av identiteten, og er noko unge treng kunnskap om for å førebu seg til livet vidare:

[Tobias] Seksualitet er eit så viktig aspekt ved å vera menneske. Så viktig del av kven vi er. Så eg tenker at barn treng rettleiing, treng å bli førebudd på å bli vaksne sant. Men så må det gjerast på ein god måte også. Både i forhold til innhald, men og måten ein legg det fram.

Som informantane frå Den norske kyrkja nemnde informantane frå Den katolske kyrkje også sosiale media som ein grunn til at seksualundervisning har vorte viktig å tematisere. Kjetil skildra usunn seksualitet som «eit tastetrykk unna» for unge på internett og meiner vidare at:

[Kjetil] Ungdom må få sleppe å få seksualundervisninga si gjennom porno. Det burde vere ein sjølv sagt ting. [...] Sex har ikkje berre med teknikk å gjera, noko som pornografien prøver å overtude oss om. Når du gir deg sjølv til eit anna menneske, så bokstavelig talt kler du deg naken, ikkje berre fysisk, men også psykisk. Og du binder deg til eit anna menneske.

Denne usunne seksualiteten finns altså i porno. Men Kjetil meinte også at reklame og andre media formidlar mykje usunt i forhold til seksualitet. Her vert det etter hans mening formidla for tronge kjønnsroller.

## Krav til gjennomføring av seksualundervisninga

Informantane hadde ulike krav til skulen si undervisning. Dei hadde vekslende tillit at skulen faktisk overheld desse krava. Informantane frå Den katolske kyrkja hadde eit ønske om at seksualundervisninga burde innehalde vitenskap. Dei hadde ei oppfatning av at eit vitenskapleg grunnlag vert skyvd vekk til fordel for ideologiske og politiske krefter. Evita gjekk tidleg inn på kva ho tykkjer dei unge burde lære om:

[Evita] Det er det biologiske og helselære og lære om korleis kroppen utviklar seg og forandrar seg gjennom puberteten sant. Det som på ein måte dekkast innanfor naturfagundervisninga, medan det er viktig at barn og ungdom lærer om det store biletet sant. Kvifor er vi skapt? Kvifor blir vi skapt med kroppen vår slik og slik? Kva er hensikta med det? Det er kjempeviktig at barn og unge lærer om det.

At det må vera fokus på seksualundervisning «forankra i biologi og vitenskap» er noko som er gjennomgåande hjå fleire av informantane frå Den katolske kyrkja. Dette er særleg noko Evita og Kjetil oppfatta som ein mangel. Kjetil meinte blant anna at skulen generelt er for mykje styrt av ideologiar og politiske krefter. Dette oppfattar han som svært problematisk:

[Kjetil] I kva grad og kor mykje skal skulen vera ideologisk styrt? Skal skulen informere det som er gitt oss å kjenne om sanninga? Det kan vere religiøst, det kan vere vitenskapleg. Men om det plutsleg kjem nokon utanfrå som seier korleis vi skal tolke vitenskapen. Det blir problematisk, er det politikken som skal styre oss? Kva ideologi er det som faktisk skal vere grunnleggande for kva måte vi faktisk driv skule? Seksualundervisninga, den må tilpassast, men den må setjast i samanheng, i læra om kva dei vil seie å vere menneske og menneske sin verdi. [...] Det kjem alt for fort opp på politisk nivå og eg tykkjer kanskje at politikarane i vårt land styrer for mykje med omsyn til kva som skal inn i vår kvardag. Ikkje berre kva tema, men også korleis desse tema vert presentert.

At seksualundervisninga vert ideologisk og politisk styrt er også noko Evita kjente på. Ho tykte det er for mange ytre krefter som styrer skulen. Ho meinte dette synet vart bekrefta når ho såg på ressursheftet eg tok med frå Sex og Samfunn. Derimot meinte ho ikkje opplæringslova eller læreplansmåla verka ideologisk grunngevrne:

[Evita] Det står i opplæringslova at undervisninga skal fremme vitenskapleg tenkemåte, men det opplever ikkje eg når det gjeld undervisning som vert gjort om kjønn. [...] Eg

tenker også at skulen har eit ansvar der dei ikkje må la seg styre og diktere av samfunnet og av organisasjonar.

Evita meinte altså at skulen ikkje oppfyller krav sett til seg sjølv. Ho tykte foreldre ikkje burde overlata all denne undervisninga til skulen aleine. Ho brukte undervisning om mangfald i kjønn som eksempel på manglande vitenskapleg grunnlag i undervisninga. Dette blir då i følgje både Kjetil og Evita ei stor utfordring for den einskilde lærar. Her peikte Evita på at læraren si evne til å drøfte frå fleire synsvinklar vert viktig:

[Evita] Skal ein drøfte spørsmåla så skal det sjåast frå utallige synsvinklar. [...] Om det då berre skal trekkjast inn frå ein organisasjon og deira syn, så er det lite drøfting rundt det.

Når Evita såg på heftet meinte ho det ikkje er noko direkte gale med tematikken dei tek opp. Derimot ramsa ho opp fleire ting ho tykte var lite objektivt og problematisk vinkla:

[Evita] Eg tykkjer jo at mange tema, overskriftene er for så vidt greie, men det er når dei skal byrje å forklare det, så blir det ikkje så veldig objektivt og det blir litt for detaljert. Eg syns ikkje at man skal for ungdommar gå i detaljar med dette om «sex for første gang». For eksempel det temaet om kroppen, det er jo fint, et tema om kroppen og korleis lære om kjønnsorgan og korleis de fungerer det er greitt, men det blir litt for detaljert på en måte, liksom en opplæring til å ha sex. Og eg trur at hensikta med heftet, det dei har som målsetning, det er klart det pregar veldig måten dei skriv om det og.

Informantane frå Den katolske kyrkja er som med dei frå Den norske kyrkja einige om at seksualundervisninga burde tilpassast alderen. Kjetil legg mest fokus på at denne informasjonen ikkje burde komme for tidleg. Han kritiserer tydeleg skulen i dag:

[Kjetil] Eg tykkjer dei føringane som ligg frå myndigheitene i dag, så tek ein opp seksuelle problemstillingar for tidleg. Kva som er galt, kva som er rett, bør ein kunne undervise i, men må sjølvstilt tilpassast barnet sin alder utan å overøse dei med kategoriar og med omgrep som dei ikkje har forutsetning, for å kunne vite. [...] Dei må få lov til å være nysgjerrige, dei må få lov til å være uskyldige så lenge dei har moglegheit til det.

Tobias kommenterte ikkje om han tykkjer skulen sin seksualundervisning er alderstilpassa nok, men var einig i at ein burde tilpassa både tematikk og språk etter alder. Han legg vekt på at det er viktig at denne tematikken ikkje vert «dyssa ned»:

[Tobias] Reint generelt så tenker eg at dei må kanskje helst gis informasjon om det som dei er interessert i. [...] Det er det som er trikset, kva er det dei verkeleg spør om? [...] Eg huskar ein episode frå då eg var liten, og eg hadde høyrte ordet «sex». [...] Også spurde eg ein av dei vaksne om det, og dei prøvde å dysse det ned. [...] Dei prøvde å bortforklare det på ein måte eg tykte var utilstrekkeleg, for det passa ikkje til det eg var nysgjerrig på.

Tobias la vidare vekt på, som dei andre også var einige i, at det «kjenslemessige» «kjærleiksaspektet» må vere sentralt når ein snakkar om sex og seksualitet:

[Tobias] Så tenker eg det er kjempeviktig å trekke inn det kjenslemessige aspektet, den betydninga av seksualitet, at det handlar om meir enn berre kroppane. Det handlar om kjærleik. Det meiner eg burde vere med i alle stadium, i alle aldrar.

Tobias meinte det var særleg viktig å snakke om identitet og dei emosjonelle skadane som kjem om ein misbrukar sex, ved overgrep og om for ein debuterer for tidleg. Han ser dette er problematisert i ressursen eg tok med meg, og det han elles tenker rundt seksualundervisning, men tykkjer ein burde dra refleksjonen enda lenger:

[Tobias] Den må takast opp, den smerta som kjem med ein broten relasjon. Ein ser seksualiteten har ei enorm sprengkraft i seg og kan vere utroleg skadeleg om den vert behandla på feil måte.

Han etterlyste meir fokus på konsekvensane av misbruk av seksualitet grunna potensielt påverknadar det kan ha på individet. Angående heftet tykte han fleire tema var viktige. Han meinte heftet drog inn viktige aspekt rundt seksualiteten som for eksempel at individet er sårbart. Men han hadde også eit ønske om at undervisninga skulle gi meir til kjenne dei moralske og etiske aspekta ved seksualitet «utan å berre seie ein må kome seg vekk frå dei normene».

Diskusjon rundt etiske aspekt er tydeleg noko informantane saknar i ressursheftet. Evita kommenterer korleis dette er framstilt i heftet:

[Evita] Det trur eg er greitt, at vi er, at man får vite om dette med, sjølv sagt seksuelt overførbare infeksjonar og sånn. Den etiske refleksjonen savnast. Når det gjelder dei tinga som blir tatt opp, abort og såne ting, der dei spør kva ein skal gjere om ein er kome i den situasjonen. Medan ein ikkje reflekterer over abort, rundt prevensjonsmiddel, om det er noko som er rett eller bra eller ikkje.

Informantane frå Den katolske kyrkja saknar etisk refleksjon rundt seksualitet på media og internett. Evita meiner ein burde fokusere meir på skadane ved porno. Dette tykkjer ho blant anna var behandla for lett i ressursheftet. Her tykkjer Evita det var ein mangel på etisk refleksjon rundt pornobruk og når heftet diskuterte nakenbilete:

[Evita] Det å dele nakenbilete var heller ikkje noko som dei ser ulemper ved. [...] Samtidig skriv dei ganske tydeleg at her må vaksne ikkje vera for strenge: «Det kan vera positive sider ved å dele nakenbilete av seg sjølv, men unge opplever at vaksne kun er opptatt av dei potensielle farane. Internett kan opplevast som ein spennande og naturleg plattform å utforske sin seksualitet og identitet, og vaksne bør ha ei større forståing for dette». Det er mykje her ein burde stille spørsmålsteikn med.

Evita viser her til kvifor ho meiner heftet brukar for lite tid på å reflektere rundt etiske aspekt ved å sende nakenbilete og pornobruk.

### *5.1.3 Metodistkyrkja*

Informantane frå Metodistkyrkja var som nemnt prest Ørjan, song og musikkleiar Kristian og leiar for meinighetsrådet Elsa. Desse tre var også frå same meinigheit i Bergen. Her var også ressursheftet til hjelp grunna manglande forkunnskapar hjå nokre av informantane.

#### Seksualundervisninga si viktighet

Alle tre informantar definerte seksualundervisning som viktig. Elsa meiner det er viktig å tørre å snakke om seksualitet:

[Elsa] I dag så blir barn og unge utsett for kropp og seksualitet i ein så ekstremt større skala enn det vi var. Eg meiner det er veldig viktig at barn kan vite: Kva vil eg? Kva er greitt? Kva er ikkje greitt? Kortid kan eg seie stopp? Kva er leik og kva er ikkje leik? [...] Ungdommar dei må få informasjon, og dei trenger å få informasjon av trygge vaksne. Ein lærar, nokon eller foreldre.

Informantane påpeiker også at det er viktig at seksualitet ikkje vert tabulagt. Kristian meiner at seksualundervisning har blitt tabulagt og utfordrande å snakke om, i tillegg til at det er gjort til ein «skummel ting» av samfunnet. Difor tenker han at skulen burde legge til rette for at barn får ein «sunn og god introduksjon til sex og samliv». Ørjan tykkjer at ressursheftet eg hadde med gjorde ein god jobb når det kom til kva den tematiserte, og kommenterer det slik:

[Ørjan] Eg gler meg over at ein vågar stadig meir å snakke opent om, alle desse temaene som eg trur jenter og kvinner og menn, meir eller mindre, kjem i berøring med, men som kanskje har vorte tabulagt.

I likskap med dei to tidlegare kyrkjene meiner også informantane frå Metodistkyrkja at unge i dag får for mykje «feilinformasjon» rundt seksualitet frå internett og andre media. Kristian meiner dette er ein grunn for at ein må starte ei form for seksualundervisning så tidleg som mogleg. Dette grunngjev han slik:

[Kristian] Ofte så finn jo barn ut av ting før dei faktisk får seksualundervisning. Der må vi vere litt vakne, då blir det for seint! Samfunnet i dag og internett i dag er jo heil krise, så dei kan få masse feilinformasjon. Så usikre som barn er. [...] Dei prøver å finne ut av kven dei sjølve er sant, og kva plass dei har i verda. Internett prøver å fortelje dei mange rare ting om dei tinga der.

I tillegg fokuserer Kristian på skadane han meiner porno gjer med vaksne og barn sin psyke. Han meiner det er forskning som viser at ein øydelegg seksuell relasjon og lyst mellom ektefellar om ein har hatt problem med porno på førehand.

#### Krav til gjennomføring av seksualundervisninga

Alle informantane frå Metodistkyrkja er einige i at seksualundervisning burde vere aldersdifferensiert og starte relativt tidleg utan ei spesifikk aldersgrense. Både Ørjan og Kristian meiner at det er visse emne som er viktige å snakke om før elevane kjem i konfirmasjonsalder og på ungdomsskulen. I tillegg så poengterer Kristian at ein burde diskutere nokre emne i god tid før den unge plutselig sit oppi det:

[Kristian] Før ein er kome i puberteten trur eg det er viktig å snakke om puberteten, og ikkje allereie fire år etter dei har fått dei første håra under armene sant.

Dette er også noko Ørjan nemnde. Han la vekt på ei tilpassa undervisning ut frå alder eller modning. Kristian meinte for eksempel at prevensjon ikkje var noko ein skulle lære vekk til ein seksåring. Ein burde starte med det han skildrar som «dei fundamentale tinga»:

[Kristian] Dette å snakke om kjønn, roller, kjensler, kroppen, kor vi kjem frå, korleis vi vert laga. Dei heilt fundamentale tinga, det trur eg er viktig å starte med.

Elsa vektla grensesetting og samtykke som noko ein burde starte med:

[Elsa] Her tenker eg sånn kanskje tidleg, starten på skulen, då må ein lære, kva er lov, kva er ikkje lov rett og slett. Kanskje litt i forhold til vaksne. Etter kvart når ein utviklar det kognitive, utviklar det fysiske så kan ein utvide det litt meir.

Derimot var ho einig i at ein kanskje måtte byrje med nokre emne tidlegare no enn før. Dette sidan ho hadde eit inntrykk av at unge vert stadig eksponert for seksualitet tidlegare. Ørjan og Elsa hadde begge eit inntrykk av at seksualundervisninga i skulen har hatt ei «positiv utvikling» frå då dei sjølve hadde denne. Kristian hadde eit meir negativt syn. I likskap med dei andre kyrkjene hadde dei nokre tankar rundt korleis seksualundervisninga burde gjennomførast og når. Kristian skildrar sin misnøye med dagens seksualundervisning slik:

[Kristian] Slik som seksualundervisninga er på skulen i dag er ikkje eg komfortabel med at mine framtidige barn skal bli indoktrinert med. Berre fordi eg tykkjer mykje av det er feil. Eg vil heller at barn skal få det eg meiner er ein riktig form for undervisning innan dette temaet her.

Kristian spesifiserer ikkje direkte kva han tykkjer skulen indoktrinerer dei unge i eller korleis, men han bruker til tider ressursheftet. Kristian tykkjer for eksempel at ressursheftet beveger seg i ei særleg liberal retning der ein oppfordrar til seksuell utforsking. Ørjan meiner dette heftet er for politisk motivert og styrt. Særleg når det kommenterer kjønn og kjønnsidentitet. Ørjan var oppteken av at seksualundervisninga treng eit verdisyn i botn, medan ein diskuterer etiske og moralske spørsmål:

[Ørjan] Vi ville nok foretrukke ei undervisning som ikkje berre informerte, men som også som gav verdi-impulsar i informasjonen. Det ville nok vera viktig for meg.

Elsa ønskte at seksualundervisninga burde legge meir fokus på relasjonar og etikk framfor samtykke aleine. Ho meinte ein skulle reflektere over kva seksualitet «gjer med deg». Her brukar ho kulturen rundt tilfeldig sex som eksempel:

[Elsa] Liksom, kan seksualitet skade oss på nokon måte? Er det berre fint heile tida? Refleksjonar rundt det hadde vore fint. Eg trur ikkje at menneske har forandra seg så mykje på ein til to generasjonar at ein er heilt uberørt av å ha lege med bestevennen sin.

Ho tykkjer ressursheftet løfter temaet seksuell trivsel og samtykke på ein bra måte. Men ho meiner det manglar noko av det ho referer til som det «emosjonelle» og «mentale» i drøftinga. Kristian tykkjer også at ressursheftet var oversiktleg og innom fleire sårbare og viktige emne.

Han meiner likevel at sex blir teke for lett på i ressursheftet. Heftet ville i følgje Kristian vera utfordrande for ein lærar å bruke og tolke samstundes som ein skal halde seg objektiv:

[Kristian] Det er jo eit enormt ansvar, på lærar. [...] Her er det jo barn som ikkje «veit nokon ting», du har jo ein sjanse til å gi barn eit sunt syn på seksualitet.

Ørjan og Kristian set i likskap med informantane frå Den katolske kyrkja eit krav om at seksualundervisning må vere grunna i vitskap. Dette bruker dei for utfordre den auka variasjonen av kjønnsidentitetar som undervisninga no introduserer.

#### *5.1.4 Samanlikning og drøfting*

Det var tydeleg at alle informantane oppfatta seksualundervisning som viktig. Sjølv om det var skepsis til om undervisninga alltid vart gjennomført tilstrekkeleg, meinte alle at den er nødvendig i dagens samfunn. Dette samsvarar med tidlegare referert forskning som Dent og Maloney (2017) og Cameron et al. (2019) som viser eit ønske frå kristne og foreldre at barn gjennomfører ein form for seksualundervisning som ikkje berre er abstinensbasert (Dent & Maloney, 2017, s. 149; Cameron et al., 2019, s. 535).

Informantane frå Den norske kyrkja har ei oppfatning av at seksualundervisninga har utvikla seg og er noko som vert konstant forska på og forbetra. Vilde hadde eit godt inntrykk av undervisninga. Ho meinte at seksualundervisninga i konfirmasjonstida var kun eit supplement til ei allereie fungerande undervisning i skulen. Det er ikkje slik at informantane frå Den norske kyrkja hevdar at alle verdiane deira rundt seksualitet vert fremma i skulen. Dei nemnte også at dei har nok nokre verdiar som er forsterka og litt annleis grunna religionen. Derimot set dei ikkje desse i opposisjon til det som blir lært vekk i skulen, men som ei utviding av lærdommen ungdommen allereie får. Vilde tykkjer den abstinensbaserte undervisninga, som ein knyter til USA, tabulegg seksualitet i staden for å overføre kunnskap som bidreg til ein sunn seksualitet og motverkar kjønnsjukdommar og ungdomsgraviditetar. Dette samsvarar med Yu og Lee (2018) som hevdar at abstinensbasert seksualundervisning ikkje betrar dei unge sine haldningar og forståing av seksualitet (Yu & Lee, 2018, s. 77-78). Informantane frå Den norske kyrkja har tillit til seksualundervisninga vi har i Norge. Slik som Bartz (2007) nemner er ikkje debatten om seksualundervisning like stor i Norge som i USA (Bartz, 2007, s. 18-19). Informantane frå Den katolske kyrkja var mest ueinig i den tilliten informantane frå Den norske kyrkja hadde til seksualundervisninga. Dei meiner at seksualundervisninga er for mykje påverka av ideologi og at den manglar eit objektivt vitskapleg grunnlag. Denne oppfatninga deler også informantane frå Metodistkyrkja, der Kristian var skeptisk til å sende sine framtidige barn i norsk skule



grunna mangelen på objektivitet. Informantane frå Metodistkyrkja hadde likevel eit meir optimistisk syn på seksualundervisninga. Både Ørjan og Elsa trudde den hadde betra seg frå dei gjekk i skulen, sjølv om dei framleis tykte den ikkje var objektiv nok. Informantane frå Den katolske kyrkja nemner og eit krav om ei slags «biologisk» helselære. Dette kan minne om kravet Evang originalt sette til dåtidas nye seksuallære (Nordberg, 2021). Derimot ønsker alle informantane å trekkje inn kjenslemessige aspekt som Evang og den tidlege forplantingslæra mangla. Dent og Maloney (2017) kom fram til at foreldre kun ønsker ein informativ vitskapleg seksualundervisning sidan dei ikkje trur skulen kjem til å reflektere verdiar dei meiner er riktige om den er normativ (Dent & Maloney, 2017, s. 161). Informantane uttrykte også at dei ikkje forventa at alle verdiane deira blei inkludert i seksualundervisninga. Der informantar frå Den norske kyrkja gav inntrykk av at verdiane fremma i seksualundervisninga ikkje hadde stor kontrast til eigne verdiar, la informantar både frå Metodistkyrkja og Den katolske kyrkja fram ei oppfatning av at deler av verdisynet var motsett av kva dei meinte var riktig. Difor hadde dei eit ønske om ei meir objektiv undervisning. Evita nemner for eksempel at ho skjønner at eksplisitte kristne verdiar ikkje kan verte fremma i ei objektiv undervisning. Her vert det derimot oppfatta av fleire at seksualundervisninga er for ideologisk basert og reflekterer lite objektive verdiar når det vert undervist i kva som er «rett» og «gale».

Grensesetting, samtykke og etisk refleksjon og drøfting var viktige deler av seksualundervisninga for alle informantane. Dette vert også reflektert i dei ulike kyrkjene sine offisielle utsegner. Ein del av trusopplæringa til Kyrkjerådet nemner at det er ein del av kyrkja si oppgåve å ta opp emne som inkluderer sentrale dimensjonar med livet. Her er også grenser inkludert (Kyrkjerådet, 2010, s. 17). I tillegg oppmuntrar Kyrkjerådet (2010) til utarbeiding av kurs- og ressursmateriell som inkluderer emne med fokus på «grenseoverskridande åtfærd og maktforhold» (Kyrkjerådet, 2010, s. 17). Dette er nemnd av informantane frå Den norske kyrkja som viktige emne og er inkludert i eige konfirmasjonsopplegg. Informantane frå Den katolske kyrkja løfta ikkje grensesetting i samtaler rundt kva som spesifikt skulle vera med i undervisninga, men i samband med eigen seksualetikk som eg kjem inn på seinare i kapittelet. Metodistane sine sosiale prinsipp nemner ikkje «grensesetting» eller «samtykke» spesifikt. Dei fordømmer likevel alle former for seksuelle overgrep, trakassering, utnytting og uønska seksuell merksemd. Dette er alle grenseoverskridande handlingar (The United Methodist Church, 2016, s. 113-114). Informantane frå Metodistkyrkja tykte grensesetting og samtykke var noko ein burde starte med så tidleg som mogleg. Dette er også reflektert i læreplanen av LK20. Emnet rundt grense og samtykke vert teke opp i kompetansemål etter 2. klasse som er

«samtale om kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og korleis egne og andre sine grenser kan uttrykkjast og respekterast». (Kunnskapsdepartementet, 2019c, s. 6). Det kom ikkje fram at nokon meinte tema grensesetting og samtykke ikkje var drøfta godt nok. Det var likevel kritikk mot den etiske drøftinga i undervisninga. Informantane frå Den norske kyrkja tykte særleg etiske spørsmål måtte fram når ein diskuterte pornografi og seksualitet framstilt i media. Dette høyrde til noko av den vesle kritikken Linda hadde av ressursheftet. Ho tykte refleksjonen rundt pornografi ikkje var omfattande nok. Dette er noko som og kjem fram i Bispemøtet til Den norske kyrkja sitt samlivsetiske utval frå 2013. Bispemøtet (2013) kritiserer korleis overeksponering og kommersialisering av seksualitet i samfunnet fører til manglande etisk og moralsk syn på sex og seksualitet (Bispemøtet, 2013, s. 63). Elles tykte dei fleste informantane frå Den norske kyrkja at ressursheftet tok opp kjenslemessige aspekt på ein fin måte. Informantane frå Den katolske kyrkja meinte at ressursheftet ikkje gjekk djupt nok inn i etiske og moralske spørsmål. Her var ein stor del av kritikken som hjå informantane frå Den norske kyrkja retta mot behandlinga av pornografi og digital seksualitet. Dette er og reflektert i pave Johannes Paul II sin undervisning Kroppens Teologi, der porno er framstilt som noko som gjev eit forvrengt bilete av sex (Andvik, 2022, s. 11). I Metodistkyrkja sine sosiale prinsipp vert også porno framstilt som ei form for mishandling av seksualiteten som utnyttar og objektifiserer kvinner og menn seksuelt (United Methodist Church, 2016, s. 118). Informantane frå Metodistkyrkja var og opptekne av korleis pornografi påverkar psyken til unge som oppsøker denne. Det var også i dei sosiale prinsipp uttrykt bekymring for korleis auka bruk av internettporno påverkar unge menneske og ekteskap og skadar sunne seksuelle forhold (United Methodist Church, 2016, s. 118). Dei fleste informantane, uavhengig av kyrkje, meiner at seksualundervisning som i liten grad reflekterer over korleis porno kan påverke seksualiteten negativt ikkje er god nok. Men bekymringa vert ikkje løfta like ofte eller sterkt av informantane frå Den norske kyrkja som dei andre kyrkjene.

Informantane frå Den katolske kyrkja skjønnte at seksualundervisninga ikkje skulle vera teologisk basert, men ønskte ein etisk refleksjon som fremma ulike sider. Tobias var den einaste frå Den katolske kyrkja som gav positive kommentarar til heftet si behandling av kjensler og sårbarheita rundt seksualitet. Han tykte likevel også at etisk refleksjon var manglande. Informantane frå Metodistkyrkja var einige i at ein burde gå djupare inn i etiske og moralske spørsmål i undervisninga. Fleire av LK20 sine kompetansemål inneheld på den andre sida krav om at ein skal innom og reflektere over det psykiske og kjenslemessige ved seksualiteten. Eit eksempel er kompetansemål i naturfag etter 7. trinn: «Eleven skal kunne gjere greie for fysiske

og psykiske forandringar i puberteten og samtale om korleis dette kan påverke kjensler, handlingar og seksualitet» (Kunnskapsdepartementet, 2019b, s. 8). Og sjølv om Linda tykte dette var mangelfullt i ressursheftet, uttrykte informantane frå Den norske kyrkja generell tillit til at seksualundervisninga gjekk tilstrekkeleg gjennom dette. Informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja, særleg Evita, Kjetil og Kristian, hadde ikkje tillit til at dette blei behandla objektivt av den einskilde lærar eller skule. Ørjan meinte her at seksualundervisninga måtte ha verdiimpulsar i botn av denne etiske refleksjonen. Til tross for at informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja ønska seksualundervisning som var vitskapleg og helsemessig basert hadde dei og ønske om å blande inn moralske og etiske spørsmål frå ein objektiv ståstad.

Alle informantane tykkjer også det er viktig å alderstilpasse seksualundervisninga. Her fokuserer dei på at unge burde få informasjon om kva som interesserer dei i den alderen dei er i. Vitskapleg basert, evidensbasert og alderstilpassa seksualundervisning er noko som var viktig for foreldre i Cameron et al. (Cameron, et al., 2019, s. 542). I likskap med Cameron et al. (2019) meinte informantane at ein ikkje måtte tabulegge seksualitet (Cameron et al., 2019, s. 543). I tillegg er det semje om at ein ikkje burde vera for sein med tematikk slik at elevane allereie har fått ei skadeleg og feilaktig opplæring gjennom sosiale media og pornografi. Derimot var det informantar frå alle kyrkjene som meinte ein ikkje burde lansere problemstillingar som ikkje barnet allereie hadde. Dette er eit område informantane frå Den norske kyrkja har tillit til at skulen gjennomfører etter beste evne. Her tykkjer informantar frå både Metodistkyrkja og Den katolske kyrkja at enkelte emne vert løfta for tidleg. Kjetil nemner for eksempel at det til tider vert brukt omgrep som dei unge ikkje nødvendigvis har føresetnad til å kunne forstå enda. Dei amerikanske foreldra i Cameron et al. (2019) uttrykte også bekymring for at emnet ville bli lært vekk for tidleg og at lærarar ikkje var kvalifiserte nok (Cameron et al., 2019, s. 542). Informantane mine påpeikte også ansvaret og utfordringa til den einskilde lærar. Slik Røthing (2005) nemner kan seksualundervisning variere sterkt ut frå både skule og lærar (Røthing, 2005, s. 258). Kva som bestemmer det som blir lært kan som Goldschmidt-Gjerløw (2022) hevdar vera påverka av dei personlege eigenskapane til lærar og skulen sin kultur (Goldschmidt-Gjerløw, 2022, s. 171-172). Informantane frå Den norske kyrkja problematiserte ikkje dette i særleg grad i motsetnad til informantar frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja. Kristian hevdar for eksempel at det vil vera vanskeleg for lærarar å halde seg objektive. Medan Evita legg vekt på at lærarar må ha gode evner til å drøfte emne rundt seksualundervisning frå forskjellige vinklar. Om læraren ikkje greier å drøfte dette ordentleg, er det ei oppfatning frå

informantane i Den katolske kyrkja at undervisninga blir for prega av den subjektive ideologien den er bygd på.

Svendsen (2018) viser til at det var lite konflikt mellom seksualundervisninga i Sverige og den dominante lutherske kristendommen. Informantane frå Den norske kyrkja, som og er luthersk og den dominante kyrkja i Norge, viser også dette gjennom den generelle tilliten dei har til seksualundervisninga. Dette kan komme av Den norske kyrkja si lange historie som statskyrkje og «folkekyrkje» med tett tilknytning til det norske samfunnet. Slik som Dokka (2018) nemner, er Den norske kyrkja på den måten oppfatta som for «folk flest» (Dokka, 2018, s. 78). Kyrkja har også laupande tilpassa seg samfunnet si utvikling når det kjem til blant anna spørsmål angående seksualitet og kvinner og skeive sine rettar (Elstad, 2005 s. 94-96). Sosial identitetsteori forklarar korleis deltaking i sosiale grupper er med å forme den individuelle sin identitet (Lingaas, 2021, s. 442). Den sosiale identiteten kjem også meir i fokus når ein maksimerer ulikskapane mellom di sosiale inngruppe og ei potensiell utgruppe. Den norske kyrkja har altså utvikla seg delvis i takt med lovene og verdiane i samfunnet. Derfor er det ikkje like store maksimerte forskjellar mellom Den norske kyrkja som inngruppe og det sekulære samfunnet som utgruppe som for kyrkjefamfunna til dei andre informantane. Dette kan føre til at verdiane spegla i skulesystemet og vidare i seksualundervisninga ikkje skil seg i stor grad frå verdiane til mange medlemmer og religiøse leiarar i Den norske kyrkja. Metodistkyrkja og Den katolske kyrkja har ikkje same tidlegare tilknytning til skulen. Dei har heller ikkje tilpassa seg samfunnet i like stor grad. Dei prototypiske trekka som høyrer til inngruppa som for eksempel seksualetikken vert difor tydelegare. Nokre av dei metodistiske informantane sitt litt meir positive syn på seksualundervisninga kan komme av at Metodistkyrkja også har teke stilling til, og gjort enkelte offisielle endringar i takt med kulturelle skifte i det vestlege samfunnet (The United Methodist Church, 2016, s. 23). Sjølv om dei framleis ikkje aksepterer seksualitet utanfor ekteskapet eller likekjønna ekteskap, så har dei for eksempel opna for skilsmisse (The United Methodist Church, 2016, s. 111-112). Dei har og tillate kvinnelege prestar på same tid som Den norske kyrkja (Wendel, 2018, s. 165). Kvinnelege prestar og skilsmisse er framleis noko som Den katolske kyrkja etter tradisjonen ikkje stiller seg bak (Kroppens Teologi, 2022, s 11). Den katolske kyrkja er den som offisielt har utvikla eiga doktrine minst i takt med samfunnet i forhold til dei andre kyrkjene. Seksualetikken og verdiane deira kjem derfor gjerne mest i motsetnad til det som potensielt vert fremma i utgruppa som er det sekulære samfunnet og vidare den offentlege seksualundervisninga. Dette kan gjere det enda viktigare for dei å bekrefte sin sosiale identitet gjennom seksualetikken.

## 5.2 Seksuelle normer

### 5.2.1 Den norske kyrkja

#### Seksuelle normer og mennesket sin verdi

Noko som var gjennomgåande blant informantane frå Den norske kyrkja var at dei tykte kjensler og individet sin verdi var viktige tema i seksualundervisninga. Seksualiteten kunne etter deira meining verta «usunn» eller «misbrukt» om ikkje verdien til mennesket vert inkludert. Etter Vilde si oppfatning er denne verdien i kristen kontekst forankra i at du er skapt av Gud i hans bilete. Ulrik referer også til seksualiteten som ei gåve frå Gud. Han meiner også ein må gi dei som venter med seksualitet til ekteskapet «meir kred»:

[Ulrik] Det er tenkt rammer for det, fordi den gáva skal opplevast som den er meint å vera då, då må vi gi dei som tenker det kred for det tenker eg, at det er ikkje noko unormalt å tenke sånn. [...] Samfunnet no opplevast at det kanskje er meir unormalt å vente med seksualitet til du er gift i våre dagar enn det var før.

Han opplever altså at open seksualitet i dag er mykje meir normalisert. Det å «vente til ekteskapet» er blitt mot norma. Han skil vidare mellom eigne meiningar og verdiar og kva skulen burde formidle:

[Ulrik] I det offentlege skjønar eg at seksualundervisninga sikkert er sånn at den er, det handlar jo om kva du har lov til, kva den seksuelle lågalder er, når du er mindreårig og når du er vaksen i forhold til seksualitet og, så der tenker eg skulen må følgje det som den skal, altså sitt mandat i forhold til det.

At seksualitet ikkje må «overbrukast» er noko Linda siktar til då ho fortel:

[Linda] Eg las eit avisinnlegg om ein ungdom som skreiv, «ja, når eg har ein one night stand » eller «har ein venn som ligg med ein venn», det er på ein måte ein ting som er heilt innafor, som ein snakkar om er vanleg. Der tenker eg kyrkja kan kome med noko å seie.

Linda tykkjer det er for stor normalisering i samfunnet når det gjeld tilfeldig sex. Ho tenker at ein burde legge vekt på kvifor det kan vere fint å halde seg til eit menneske om gangen. Ho trur nemleg dette kan skape ein slags tryggleik. Ho forklarar at seksualiteten slik blir ei spesiell form for fellesskap. Ho legg til at Gud er ein del av dette fellesskapet i følgje hennar kristne perspektiv.

## LHBTQI i seksualundervisninga, samfunnet og kyrkja

Tema som rørte ved det skeive miljøet hadde i følgje alle informantane ein plass i seksualundervisninga. Fleire meiner dette er vorte meir viktig grunna ein auke av bevisstheit rundt dei ulike seksualitetane i samfunnet. Seksualundervisninga burde ifølgje Hallvard presentere alle legningar for at den skal opplevast personleg relevant for den enkelte og danne forståing frå medelevar:

[Hallvard] Om ein lurar på ein er homofil så er det og viktig at dei andre i gruppa og har eit reflektert og nyansert forhold til homofili. Det går igjen på dette her at eg meiner det er viktig at ting ikkje vert tabubelagt.

Linda grunnjev også relevansen av skeiv tematikk i seksualundervisninga med at unge skal kunne identifisere seg med det som vert presentert. Ho kommenterer at ho tykkjer ressursheftet eg tok med belyser dette på ein god måte:

[Linda] Eg tykkjer jo det er viktig at dei underviser slik at folk kan kjenne seg igjen i den seksuelle identiteten dei har då. Det er viktig å snakke om at det er forskjellig og at det ikkje er enten eller. Det tykkjer eg stod ganske bra i det heftet også, at for nokre er det ikkje noko problem, kor for andre er det litt vanskeleg å vite akkurat kvar dei er.

Linda og fleire av dei andre informantane tek opp hets og diskriminering som homofile har opplevd. Slik seier Vilde det:

[Vilde] Det er nokre som ikkje har ein heterofil legning, og difor kan dei føle seg marginalisert og utanfor og få det vanskeleg i møte med den heterofile norma i samfunnet vårt.

Vilde er den einaste som direkte brukar omgrepet heteronorma. Men både Linda og informantar frå dei andre kyrkjesamfunna kommenterer på samfunnet i dag sitt tronge syn på kjønn og kjønnsroller. Linda tek opp noko ho tykte var godt tematisert i ressursheftet rundt korleis ein såg på gutar og jenter:

[Linda] Eg tenker det er ein viktig ting i forbindelse med korleis verda ser på dei ulike kjønna då. Dei avgrensar veldig kva ein jente er og kva ein gut er sant. Så er det noko som ein kan legge til rette for veldig tidleg og ikkje avgrense særleg. Til og med finns det bibel for jenter og bibel for gutar, det er ekstremt, er det liksom noko som er bøker for jenter og bøker for gutar?

Linda er den einaste informanten frå Den norske kyrkja som tek opp dei normative kjønnsrollene i samfunnet. Men fleire av informantane frå dei andre kyrkjesamfunna kjem også inn på tematikken. LHBTQI tema er og noko informantane meiner ein burde snakke opent om i kyrkja. Dei er einige om at alle uavhengig av legning og kjønnsidentifikasjon har ein plass i trussamfunna deira. Ulrik ordlegg seg slik:

[Ulrik] Vi opplever jo at det er fleire og fleire som står fram som det, og det blir meir og meir vanleg. Som kyrkje så anerkjenner vi alle menneske uansett kjønn, legning og rase, og så mykje må vi vere ærleg på det og seie det er ulike formar for seksualitet, og det tenker eg har plass i den undervisninga ja.

Vilde og Linda legg eksplisitt vekt på at det i deira trussamfunn er plass for alle. Dette grunngir Vilde blant anna i menneske sin verdi forankra i Gud:

[Vilde] Det skal vere plass til alle legningar i kyrkja, fordi Gud har skapt alle menneske, og alle er like mykje verdt.

Vilde fortel at hennar meinigheit deltek i Pride-toget i Bergen for å vise aksept for mangfald. Fleire av informantane nemner kyrkja si historie og rolle i undertrykking av skeive menneske. Hallvard tykkjer kyrkja har utvikla seg mykje når det kjem til verdispørsmål som rører ved skeive:

[Hallvard] Den norske kyrkja har jo sine prosesser når det gjeld homofile og andre, og der tykkjer eg jo kyrkja har utvikla seg til å verta ein så stor og seig organisasjon som vi er, med så lang historie og såpass mykje kompliserte verdispørsmål. Så tykkjer eg jo Den norske kyrkja er av dei som har utvikla seg rask og hatt ein ganske sunn tilnærming. Det er ikkje vår primæraktivitet å fortelje folk korleis dei skal leve liva sine. [...] Om menneske med ulik kjønnsidentifikasjon ønsker å finne ein plass i vårt fellesskap, så må vi møte dei med respekt.

Sjølv om kyrkja har opna seg meir meiner Ulrik at ein heller ikkje må ignorere kva som har vore tradisjon gjennom historia og framleis formidle kva kyrkja tradisjonelt står for når det kjem til samliv.

### *5.2.2 Den romersk-katolske kyrkja*

#### Seksuelle normer og mennesket sin verdi

Informantane frå den romersk-katolske kyrkja tykkjer det er fleire framstillingar av normer i samfunnet ein burde reflektere nærare over. På same måte som informantane frå Den norske

kyrkja koplar dei seksualiteten til mennesket sin verdi. Men dei fokuserer i enda større grad på seksualiteten sin verdi i forhold til Gud. Kjetil legg vekt på at denne verdien må vera til stades på alle arenaer seksualundervisninga går føre seg:

[Kjetil] Det må jo i aukande grad kunne undervisast om i heimen og på skulen, som ein del av undervisninga i kva det vil seie å vere eit menneske, kvar ligg mennesket sin verdi? Ligg det i utsjånaden, økonomi, i våre tankemessige evner eller i det at vi er menneske? [...] Menneske i seg sjølv har ein verdi som gjer at grensesetting er nødvendig, elles er vi i ferd med å devaluere kvarandre og oss sjølve.

Evita tek opp igjen etisk refleksjon når ein diskuterer seksualitet opp mot mennesket sin verdi. Ho fører fokuset over på kva dei som kyrkje meiner med dette. Ho startar med å forankre denne verdien i Gud:

[Evita] [...] mennesket sin uendelege store verdi som skapt i Guds bilete. Og at seksualiteten er ein del av det vi er skapt med, at det har ein større verdi, ein større hensikt enn det som kanskje kjem fram i skulen og elles i samfunnet. [...] Og gjennom, seksualiteten gir som eit bilete av Gud. Sånn som i dette heftet her av Kroppens Teologi.

Evita refererer her til Kroppens Teologi som er ei tidlegare kjelde under bakgrunnskapittelet. Informantane i Den katolske kyrkja viser ofte til Andvik (2022) som skildrar pave Johannes Paul II si lære om seksualetikk. Særleg vert denne brukt når dei skal forklare kva kyrkja lærer i si seksualundervisning. Dei katolske Informantane uttrykker på same måte som dei i Den norske kyrkja ei bekymring for at seksualiteten er vorte så open og fri at det går på kostnad av verdien til mennesket og fører til «misbruk». Dette tykkjer Evita kjem av det aukande fokuset på «individualisme» i samfunnet. Dette fører til ein slags «egoistisk» seksualitet utan å ta omsyn til «gåva» ho meiner sex skal vera. Seksualitet er i følgje informantane Frå Den romersk-katolske kyrkja ikkje berre til for individuell nyting og ei gåve til deg sjølv, men og ei gåve to partnarar gir kvarandre. Og dette kan berre utfolde seg i eit heterofilt ekteskap. Dette uttrykker også Tobias:

[Tobias] Sånn som i Den katolske kyrkja, vi meiner seksualiteten bør henge saman med kjærleik, og for oss er kjærleik ei hengiving til ein annan person som varer livet ut. Altså mann og kone skal vera gifte for resten av livet. Vera open for barn. Alt det der er litt sånn opphøgd syn på kjærleik som noko mykje meir enn forelsking sant, så at det aspektet kunne trekkast inn i noko meir. Det tenker eg at, det kunne utfylle det som dei



elles får i skulen. [...] Sånn som kyrkja ser på seksualitet så er det eit bilete på noko mykje større, på relasjonen mellom Gud og menneske.

Tobias binder kjærleik til ekteskapet og poengterer vidare at han trur dei fleste menneske ønsker livslang kjærleik framfor ei kortvarig forelsking, og at «brotne relasjonar» fører med seg smerte. Han meiner seksualiteten kan vere «skadeleg om den vert behandla på feil måte». Seksualiteten kan slik etter Tobias si meining bli beskytta av ekteskapet. Det er altså og eit inntrykk hjå informantane at denne «gåva», altså seksualiteten, vert «misbrukt» i samfunnet. Kjetil tykkjer det burde komme fram i den etiske refleksjonen at ein kan vente med seksuelle aktivitetar før ekteskapet. Her legg han vekt på seksualiteten som noko av det ein set mest pris på og som burde bli avgrensa til spesielle anledningar. Kjetil poengterte at han trur det kan vera skadeleg å debutere for tidleg:

[Kjetil] Vi ønsker ikkje å undervise for å setje grenser for å binde folk, men for at folk skal bli lukkelege. Vi veit om alt for mange som har vorte ulukkelege etter ein alt for tidleg seksuell debut.

Kjetil hevdar slik at seksuelle anbefalingar gjort av kyrkja ikkje er meint for å innskrenke eller kontrollere individet. Dette er tenkt som råd som kan hjelpe mennesket å ha det betre med seg sjølv. Dette knyter han til kravet om grensesetting. Grensesetting er eit viktig tema som må setjast i samanheng med kyrkja si lære og er ein viktig del av seksualundervisninga.

[Kjetil] Dette med grensesetting, kva er det? Kvar går grensene? [...] Kyrkja si oppfatning om kvar dei grensene går og seksuell aktivitet er jo knytt til ekteskapet, men kunnskap om dette må undervisast i

Her viser Kjetil til at kyrkja har ei tydeleg oppfatning om korleis ein skal setje grenser for eigen seksualitet. Han tenker også at kunnskap om grenser burde vore tema i den offentlege skulen. Kjetil meiner det er særleg viktig å ha kunnskap rundt grensesetting i lys av overgrepssaker som har kome fram i kyrkja og i samfunnet elles:

[Kjetil] diverre for Den katolske kyrkja vegne alt for mykje om grensesetting, burde vært snakka om mykje meir også innan kyrkja, forhåpentlegvis med resultatet at nokon av overgrepssakene kunne vore unngått. No skal det seiast at overgrepssakene i kyrkjene diverre er ei gjenspegling av overgrep elles i samfunnet. Eg veit ikkje kor mange nyheiter som har vore berre dei siste vekene om overgrep i skulane og barnehagane. Og med vaksne som ikkje har ei trygg grense. [...] Dei burde søke hjelp hos profesjonelle

som kunne hjelpe til for der er det snakk om ei fullstendig feilkjøring av seksuelle haldningar og handlingar.

Evita og Tobias nemner at førebygging av overgrep og valdtekt er noko dei aktivt arbeider med i Den katolske kyrkja. I motsetning til dei andre informantane har Tobias eit inntrykk av at seksualundervisninga i skulen også inkluderer eit kjenslemessig aspekt:

[Tobias] Tilnærminga til seksualundervisninga i skulen, er at det kjem veldig fram at sex handlar om meir enn berre kroppsleg nyting, at det handlar om følelsar, dei djupaste følelsane, og det er veldig følsamt og sårbart.

Dette kjem nok av at han har meir erfaring og innsikt i skulen på bakgrunn av sin kompetanse. Han ser derimot nokre manglar i heftet eg gav han:

[Tobias] Eg opplever kanskje at kjærleiksaspektet er, for lite fremma, det kunne vorte trekt enda meir fram at sex handlar om meir enn berre forelsking. Det er det katolske synet sant, og eg veit at samfunnet ikkje ser på det på den måten.

Både Tobias og Evita tykkjer ein burde undervist i kva kyrkja og andre religionar meiner om seksualitet. Dette for å gi ungdom eit utvida bilete på kva oppfatningar som eksisterer. Tobias meiner spesielt at kyrkja si lære blir urettmessig framstilt som noko gammaldags til fordel for ein slags «normkritikk» som veks i dagens samfunn:

[Tobias] eg tenker at kyrkja og religionen si tilnærming til sex ofte er presentert som kun bakoverstrebersk og at vi må berre komme oss vekk frå det. [...] Det handlar om normene, og vi må være normkritiske, det er et perspektiv som ofte kjem fram. Så tenker eg ja normkritisk må vi vera, men det betyr ikkje nødvendigvis at alle normene er dårlege. Vi kan også vera kritiske til normkritiskheit. Vi kan tenke at nokre normer er det god grunn for sant, vi må ha visse normer i samfunnet som alle er einige om.

Evita skildrar for eksempel korleis heftet ikkje oppfyller læreplanen sitt mål om å reflektere over andre religionar og livssyn sitt syn på seksualitet:

[Evita] Dei legg jo opp til at dette skal passe for alle, ingen skal føle seg ekskludert uavhengig av forskjellige ting, så ramser dei opp også religion. Men det er jo ikkje her knytt til religion. For eit av desse måla for læreplanen er jo også «å gjere greie for og reflektere over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn».

Evita tykkjer heftet kun reflekterer «livssynet» og «ideologien» som Sex og samfunn eventuelt står bak.

### LHBTQI i seksualundervisninga, samfunnet og kyrkja

Informantane frå Den katolske kyrkja var alle einige i at LHBTQI og skeiv tematikk burde bli lært om i skulen og diskutert i kyrkja. Men det måtte setjast nokre grenser. Kjetil og Tobias var inne på at skeive perspektiv ikkje måtte overskygge det dei skildra som det «normative». Ein bør heller ikkje introdusere for mange nye kjønnskategoriar utan grundig refleksjon. Tobias meiner at LHBTQI tematikk er særleg viktig. Denne må takast opp sidan den er veldig relevant og av interesse uavhengig av standpunkt:

[Tobias] Sånn generelt først så tenker eg at LHBT er ein betegnelse som står for ei gruppe menneske som har ein veldig klar bevisstheit på sin seksualitet, og ein slags normkritisk seksualitet som er på ein måte ei utfordring til tidlegare måtar å tenke på seksualitet. Det gjer at eg tenker det er veldig viktig at det vert teke opp. At heile tematikken vert behandla, det er veldig relevant og av interesse.

Tobias er den einaste frå Den katolske kyrkja som nemner at kyrkja har gjort ein del urett mot homofile gjennom historia og har stått for normer som er kontroversielle i samfunnet.

[Tobias] Mange LHBT personar opplever det som ei utfordring at kyrkja har på ein måte vore motstandar heile vegen mot dei historisk sant. [...] Det er jo veldig viktig å ta det opp i kyrkjelege samanhengar også, vi kan ikkje dysse det ned. [...] Det berører folk sine liv som individ, identitet og kjensleliv.

Ressursheftet hevdar blant anna at ein ikkje kan argumentere rasjonelt mot homofili. Tobias er ikkje einig. Då har i følge Tobias motstandarar av seksuelle relasjonar av same kjønn ikkje sjansen til å komme med motargument om desse uansett blir sett på som irrasjonelle:

[Tobias] Ein kan la vere å akseptere premissa for argument mot homofili, men det må kunne argumenterast mot. [...] Det skal vere mogleg å ha eit syn om at heterofilt ekteskap er det einaste gyldige utan at ein blir sett på som antivitskapleg eller som at ein ikkje bryr seg om ungdommar

Kjetil er også oppteken av kva normer som vert utfordra i samfunnet, og tykkjer det burde vore sett spørsmål til denne «normkritiskheita»:

[Kjetil] Men at normaliteten ikkje må bli så trong at det ikkje «finns» individ som har ei anna tiltrekning eller måte å leve livet sitt på. Om unntaket blir regelen, så står vi i fare for å stoppe opp som menneske med omsyn til reproduksjonen. Då lurar eg på kor integrasjon mellom naturfag og utviklingslæra på den eine sida, og læra om kva menneske er og kva seksualitet er på andre sida. Det må jo før eller sidan bli ein kollisjon. Om det ikkje hadde vore for «normalen» så hadde menneskeslekta stoppa opp.

Kjetil og Evita problematiserer særleg skiljet mellom biologisk og sosialt kjønn som samfunnet no aksepterer. Kjetil tykkjer at barn møte nokre emne for tidleg i undervisninga:

[Kjetil] Det er viktig at barn lærer om dei ulike kjønna, men ein burde ikkje putte barn for tidleg i kategoriar, då let ein vaksenbevissteita styre for mykje. Dei må få lov til å vere naturleg nysjerrige, men ein burde bevare barna si uskyld i denne tematikken. [...] Ein burde altså ikkje overøse barn med kategoriar og omgrep dei ikkje har føresetnad for å vite så mykje om. [...] LHBT+ bevegelsen har ein tendens til å setje menneske i bås og lage undergrupper. [...] Når ein startar med kategoriar og underkategoriar så gjer ein det ikkje enklare for menneske, men meir komplisert.

Dette underbygger Kjetil si oppfatning av undervisninga som for ideologisk og politisk styrt. Denne oppfatninga deler Evita. Ho meiner barn burde vorte bekrefta etter biologisk kjønn:

[Evita] Dette med det språklege sant, desse omgrepa som er komme inn med sånn her kjønnsidentitet og sosialt kjønn, biologisk kjønn og såne ting. [...] Der har jo skulen nesten berre tatt inn desse nye omgrepa utan noko særleg tanke rundt det. Der skulle eg ønske det var noko meir refleksjon i skulen også. Og at ein ikkje berre overtok eit omgrep også brukte ein det, og dermed redefinerer ein automatisk kva eit kjønn er for noko.

Evita og Kjetil var opptekne av at jenter og gutar er sette i for tronge kjønnsroller. Evita seier for eksempel:

[Evita] Dei tronge kjønnsrollene gjennom tidene har definert guteteting og jenteteting og har ført til forvirring av eige kjønn fordi ein ikkje passar inn i denne A4-ramma av interesser for kva ein forventar av kjønnnet sitt.

Kjetil deler denne oppfatninga av at tronge kjønnsroller kan føre til «forvirring» over seksualitet. Han gir blant anna reklame og formidling i media skulda for dei tronge kjønnsrollene.

### 5.2.3 Metodistkyrkja

#### Seksuelle normer og mennesket sin verdi

Av informantane i Metodistkyrkja er det Elsa som særleg legg vekt på å inkludere verdien til mennesket som ein tydeleg del av seksualundervisninga. Ho tykkjer vi er for oppteken av og dyrkar for mykje kropp og utsjånad:

[Elsa] Eg trur vi treng litt meir fokus på at du er elska akkurat slik du er, og at du er verdifull akkurat slik du er.

Elsa tykkjer at mental helse er ein viktig del av seksualundervisninga. Ho meinte ressursheftet manglar ei kopling mellom kropp og kjensler og savna det ho skildra som det «emosjonelle» og «mentale» ved seksualiteten. Ørjan meiner og seksualiteten har stor verdi og må drøftast i seksualundervisninga:

[Ørjan] Det er jo mykje sprengstoff i dette. Seksualiteten er veldig kraftig og har stor betydning for våre liv. Derfor er det viktig at den vernast om og vert brukt på rett måte

Han fortset vidare med å skildre seksualiteten som noko vakkert og fantastisk. Dette er ei gåve fylt med glede, men som kan vera «øydeleggande» om ho ikkje vert teken vare på. Ørjan og Kristian er i likskap med Elsa oppteken av at seksualitet er meir enn det fysiske. Kristian tykkjer at dette ikkje er like reflektert i samfunnet. Han meiner normaliseringa av det han vurderer som for «fri» seksualitet er øydeleggande:

[Kristian] Eg trur ikkje vi verdsett det som sex er skapt til å vera. [...] Eg trur at når ein har feil syn på det fundamentale på kva sex er meint til å vera, når ein startar å «twiste» og pervertere det, så får ein mange greiner som går ut i porno, onani, kjønn og nakenbilete og slik. Utgangspunktet er blitt pervertert. [...] Det gjer meg litt trist.

Kristian meiner og normaliseringa som skjer gjennom pornografi som noko greitt og uskadeleg er med på å skape eit feil syn på sex. Han er også skeptisk til det han opplever som ei oppfordring til eksperimentering og utforsking gjennom for eksempel onani. Ørjan nemner metodistanes Sosiale prinsipp som ei rettesnor for ulike etiske spørsmål, blant anna det som gjeld seksualitet:

[Ørjan] Metodistane har noko som kallast dei Sosiale prinsipp, og det er ein mengde uttalelsar som handlar om alt frå bruk av våpen til økologisk jordbruk og tobakk og alkohol og atomvåpen og, moderne slaveri. Og der seier kyrka også noko om familieliv

og seksualitet, og ekteskap. Noko i desse prinsippa er under bearbeiding fordi det er veldig sterke krefter i kyrkja som ønsker å forandre kyrkas syn på ekteskap.

Ørjan meiner også at det generelt er vorte mykje forvirring rundt seksualitet. Han nemner spesifikt kjønnsidentitet. Her meiner han det er behov for å knyte undervisninga til eit verdisyn. Dette er i motsetnad til det han opplever som ei oppfatning i samfunnet i dag om at «har du lyst, har du lov». Elsa tykkjer og det har vorte eit unødvendig sexpress på ungdom i samfunnet og media. Den frie seksualiteten har i følgje ho vorte så normalisert at det er eit tabu å vente med sex. Desse tre skildrar eit likt syn på sex. Det er noko som skal skje i eit ekteskap mellom mann og kvinne. Ørjan skildrar det slik:

[Ørjan] Seksualiteten er så nær, den er eit så sterkt band, den er så eksklusiv på ein måte. Nettopp difor er det vi tenker at den fullt ut bør levast i ekteskapet. [...] Jesus seier at: «Ein kropp, ikkje lenger to, men ein kropp»<sup>2</sup>. Dei er ein kropp, tek ein bilete av dei så er dei smelta saman til ei eining.

Ørjan meiner og at aktive seksuallivet skal skje i ekteskapet og er ei gåve frå Gud:

[Ørjan] Det inneber også eit anna syn på seksualitet tradisjonelt, vi ser på seksualitet som ei gudgitt gåve, ei stor velsigning og ein stor glede. [...] Vi er jo laga av skaparen, med evna til å elske og glede oss over det.

Ørjan fortel vidare at når han gir råd i førektekapslege samtalar legg han vekt på at seksualiteten er god og noko ein vil og der det er viktig å respektere kvarandre. Elsa opplever heller ikkje kyrkja sitt tradisjonelle syn som ein moraliserande peikefinger. Kristian skildra dette synet på ekteskap som «den skapte intensjonen for menneske».

### LHBTQI i seksualundervisninga, samfunnet og kyrkja

Alle informantane tykkjer LHBTQI tematikk burde bli teke opp i seksualundervisninga og kunne bli snakka om i kyrkja. Kristian grunngjev dette blant anna med at tema rundt LHBTQI er «over alt»:

[Kristian] det er jo superrelevant i dag, det er jo over alt, rundt oss i media, så det å ikkje snakke om det og ikkje nemne det ville vore feil. Det er lurt å ha kjennskap til verda og folk, og andre menneske sine følelsar, meiningar og liv, men så kjem det an på kva vinkling vi skal ha da

---

<sup>2</sup> Referer til: Mark 10,8

Kristian legg vekt på at vinklinga burde vere prega av objektivitet. Han tykte informasjon om å vera født i feil kropp måtte komme fram, men på ein objektiv måte:

[Kristian] Å forkynne noko på ein objektiv måte, seie at dette skjer i verda, nokre folk kjenner på at dei er mann når dei eigentleg er født jente. Det fortener barn å vite. Men så har du nokre som nesten oppfordrar deg til å verkeleg kjenne etter, også nesten passivt prøver å konvertere deg. Det blir veldig ikkje-objektivt tykkjer eg då.

Elsa ønsker at undervisninga skal vere objektiv og at fleire val og syn på seksualitet burde vera representert:

[Elsa] Eg er jo kristen, og eg ønsker jo at folk skal respektere meg for den eg er, og eg må respektere andre for den dei er, folk må få gjera som dei vil. [...] Eg tykkjer absolutt det har ein plass i undervisninga.

Ørjan tykkjer ein burde lære om korleis alle menneske opplever livet og at det eksisterer alternative tankar om seksualitet. Han meiner også kyrkja burde løfte fram homofile og heterofile som har valt å leve livet aleine i avhald:

[Ørjan] Eg har også høyrte homofile i kyrkja som har val å leve aleine om korleis dei forhold seg til sin seksualitet. [...] Og det finns mange einslege i kyrkja som vil seie at dei er heterofile, men aldri fant nokon å gifte seg med. Ein sluttar ikkje berre å vera seksuelle vesen for det. Eg trur nok også at nokon av dei stemmene kunne vore høyrte tydelegare. [...] Eg høyrde ein homofil som sa ein gang at han var frustrert over kyrkja nokon gonger sidan dei hadde opphøgt ekteskapet som noko så høgt, og vurdert seksualitet så høgt at ein skulle tru at om ein ikkje var gift så levde ein ikkje eit fullverdig liv.

Ørjan fortel vidare at denne mannen sjølv meinte han hadde levd fullverdig. Alle tre informantane kommenterer kjønnsidentitet og oppfatningane av kjønn som ein sosial konstruksjon i samfunnet og skulen. Ørjan er usikker på om dette vert vinkla riktig. Særleg gjeld dette når han ser på informasjonen i ressursheftet:

[Ørjan] Når eg les litt på materialet som kjem frå Sex og Samfunn, og når eg høyrer om, for eksempel slike ting som rosa kompetanse, skal også bli innført i barnehagar og i tidleg skulealder, så er eg veldig betenkt over det. Eg tykkjer ikkje barn og unge skal bli introdusert for usikkerheit omkring kjønnsidentitet, det trur eg er ting som bør komme

seinare. Eg trur vi i staden skal bli flinkare å bekrefte folk i det kjønnet dei faktisk har, reint biologisk, som eit biologisk faktum.

Kyrkja sitt forhold til homofili vert også skildra av Kristian. Han veit det eksisterer menneske i kyrkja som går mot LHBTQI utan tanke på kjærleik. Kristian legg vidare vekt på at ein må nytte nestekjærleik når ein møter slike tema. Han ser det som ekstremt viktig sidan det omhandlar psykisk helse til menneske som opplever hat grunna identiteten. Han opplever at nokre kyrkjer forkynner synet sitt på ein måte som skyv menneske vekk. Dette meiner han er omvendte av kva Jesus ville gjort.

Elsa knyter trongen til større fokus på menneske sin verdi til samfunnet sine normer rundt kjønnsbytte og kjensler rundt det å vera født i feil kropp.

[Elsa] Eg har oppriktig vondt av dei, fordi dei har rett og slett utfordringar med å finne seg sjølve om du skjønner, ikkje berre seksuelt, men mentalt.

Ho meiner ein ikkje alltid skal introdusere kjønnsbytte som einaste «løysing». Ho tykkjer det er bra at det no er vorte fokus på at folk som faktisk har skifta kjønn har funne at dette ikkje var svaret. Ho tykkjer dermed ein burde legge meir vekt på mental helse i samband med dette. Kristian tykkjer også at ressursheftet framstiller kjønn lite objektivt og utan vitskapleg bakgrunn:

[Kristian] Ut frå mi tru så er ein skapt som eit av to kjønn. Kva ein føler blir irrelevant for det biologiske. Der ser eg jo at desse her beveger seg i den liberale retninga: «du kan vere det du vil, og det du føler deg som, og det er heilt greitt». Det opplever eg som ein hyllest då, om du føler du får eit betre liv av å identifisere deg som noko anna enn det som du er født til å vere, så oppfordrast det til. Og det tykkjer eg er feil, og ikkje riktig sett frå bibelsk perspektiv.

Kristian er einig med Ørjan i at dette er relevant og bør diskuterast sidan dei unge kjem til å vera nysgjerrige på det. Derimot reagerer han på det han opplever som ein lite objektiv vinkling med lite refleksjon. Ørjan tek også opp at samfunnet inneheld for tronge kjønnskategoriar. Ørjan argumenterer for at dette kan skape grunnlag for at menneske stiller spørsmål til sitt eige kjønn.

#### *5.2.4 Samanlikning og drøfting*

Alle informantane koplar seksualitet til mennesket sin eigenverdi og må difor ikkje misbrukast. Akkurat kva misbruk av seksualitet er vert ikkje direkte spesifisert. Vilde dreg særleg fram det



å bruke seksualiteten som eit middel som ein type misbruk. Dette samsvarar også med Den norske kyrkja sitt Bispemøte (2013) sin kritikk mot bruk av seksualitet som ei handelsvare. Då eksponerer mennesket seksualiteten sin mot profitt og dermed vert verdien av denne nedvurdert. Eit anna misbruk skildra av Bispemøtet (2013) er at ein brukar sex og seksualitet kun for egoistiske formål utan omsyn til andre (Bispemøtet, 2013, s. 17-19). Dette er eit argument fleire av informantane brukar for at ein burde vente med seksuelle handlingar til ein er gift. Linda justerer dette til at sex i alle fall bør vera reservert mellom individet og ein fast partner i kjærleik. Dette er noko informantar frå alle kyrkjene meinte burde bli fremma og normalisert. Det speglar og seksualetikken reflektert i dei tre kyrkjene sine offisielle utsegner. Her er seksualitet skildra som ei gåve frå Gud som ein skal behandle varsamt. Bispemøtet (2013) ytrar at eit seksuelt forhold skal legge vekt på gjensidig kjærleik og respekt (Bispemøtet, 2013, s. 16). Seksualitet er altså i følge informantane «ikkje berre det fysiske». Andvik (2022) viser til at Kroppens Teologi sentrerer seksualitet som ei komplementær gåve der mann og kvinne utfyller og gir seg totalt til kvarandre. Dette er hevda særleg frå informantane frå Den katolske kyrkja. Dei ønskte eit større fokus på seksualiteten si tilknytning til mennesket sin verdi. I Kroppens Teologi er seksualitet formidla som noko langt større enn det fysiske. Dette krev tillit og sårbarheit (Andvik, 2022, s. 6). Dei sosiale prinsippa i metodistane si Disiplinens bok (2016) blir lagt vekt på seksualitet som Guds gåve til menneske (The United Methodist Church, 2016, s. 112). Ein motseier alle former for misbruk av denne «gåva». Eit slikt misbruk tilsvare det Den norske kyrkja meiner er ei kommersialisering av seksualitet (The United Methodist Church, 2016, s. 112). På same måten som dei sosiale prinsippa uttrykker informantane at seksuelt samliv er noko som kun er tillate i ekteskapet (The United Methodist Church, 2016, s. 112). I tillegg refererer Ørjan til bibelverset: «Difor skal mannen forlate far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp» (Matt 19,5). Ekteskapet er og skildra i dei sosiale prinsippa som ei heilag pakt, frelst av Gud og skal innehalde kjærleik, gjensidig støtte og trufastheit (The United Methodist Church, 2016, s. 111). Informantane tykte difor at open og fri seksualitet har vorte for vanleg i samfunnet. Eit døme på dette er «hooke» kulturen skildra i Yu og Lee (2018) der målet er å vera seksuelt fri og ha samleie med flest mogleg (Yu & Lee, 2018, s. 78). Denne kulturen vert kritisert av alle informantane på tvers av kyrkjene, men Hallvard og Vilde var mindre tydeleg enn andre. Tobias rasjonaliserer kyrkja si oppfatning av seksualitet kun som ein del av eit ekteskap. Han refererer til korleis seksuelle relasjonar som vert «behandla feil» kan føre til smerte og dårlege opplevingar. Gud sitt gode bilete av sex i Kroppens teologi er også i kontrast til den reduserte versjonen av seksualitet samfunnet presenterer i dag (Andvik, 2022, s. 8). Yu og Lee (2018) påpeiker at det er ei oppfatning at «hooke» kulturen fører til seksuell

objektifisering og relasjonar som kan opplevast tomme og lite oppriktige (Yu & Lee, 2018, s. 85).

Fleire informantar hevdar at det no er blitt så unormalt å vente med sex til ekteskapet at det er blitt stigmatisert. Dei tykkjer derfor ein burde fremme dette som eit alternativ. Fleire av informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja ønskte også at ein kunne presentere fleire syn på seksualitet i skulen enn berre den «sekulære». Katolikkane var opptekne av å forklare kvifor deira syn på seksualitet kunne vere eit godt alternativ. Tobias la vekt på at undervisninga kunne ta opp Den katolske kyrkja og andre religionar sine syn på seksualitet. Då fekk ungdom eit større innblikk i det som finns der ute, og «kunne bestemme sjølve». Evita viser til kompetansemålet i LK20 etter tiande klasse i KRLE som seier at eleven skal kunne «gjere greie for og reflektere over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn» (Kunnskapsdepartementet, 2019a, s. 8). Hennar syn er i tråd med opplevingane av seksualundervisninga som Svendsen (2018) og Bartz (2006) skildrar når det gjeld religiøse minoritetar. Informantane frå Den katolske kyrkja har på same måten eit generelt inntrykk av at deira oppfatningar ikkje vert representert i undervisninga. Dermed vert ikkje dette kompetansemålet etterfølgt slik Evita forstod det.

Grensesetting er i følgje informantane frå Den katolske kyrkja veldig viktig med tanke på dei seksuelle normene i dag. Dei la spesielt vekt på kunnskap rundt grensesetting i førebygging av seksuelle overgrep. Dei andre informantane nemnde som sagt også grensesetting som viktig, men dei katolske informantane sette dette i ein annan kontekst. Kjetil såg dette i lys av tidlegare overgrepssaker i Den katolske kyrkja. Han meiner samtidig at dette speglar at mange vaksne i samfunnet manglar trygge grenser. Informantane nemner at dette er noko dei jobbar aktivt for å førebygge innan Den katolske kyrkja. Overgrep vert ikkje direkte tematisert i Kroppens Teologi. Derimot fremmar Kroppens Teologi tydeleg seksuelle relasjonar som ei gåve prega av tillit og kjærleik (Andvik, 2022, s. 5-7). I tillegg fordømmer Kroppens Teologi vald og mishandling innan ekteskapet (Andvik, 2022, s. 12).

Igjen meinte alle informantane at skeiv og LHBTQI tematikk hadde ein plass i seksualundervisninga. Vilde er den einaste som dreg inn omgrepet heteronormativitet når ho skildrar samfunnet fleire skeive møter. Dei andre informantane frå Den norske kyrkja nemner på kvar sin måte at det er viktig at alle føler seg representert i seksualundervisninga. Skeive har tidlegare ikkje opplevd dette grunna eit heteronormativt fokus. Dette reflekterer også ungdommen sitt kyrkjemøte i 2018 sitt ønske om ei mindre heteronormativ seksualundervisning innan kyrkja (Den norske kyrkje, 2018, s. 2). Informantane frå Den norske kyrkja var alle for

homofilt ekteskap innan kyrkja. Dei representerer altså den eine sida av det Kloster (2020) skildrar som ei «splitta» norsk kyrkje når det kjem til ekteskap mellom personar av same kjønn (Kloster, 2020, s. 382-385). Synet til informantane frå Den katolske kyrkja var i tråd med læra uttrykt i Kroppens Teologi. Dei nemnde alle dette heftet då dei skulle beskrive synet på seksualitet. Den seksuelle relasjonen måtte altså innehalde tre komponentar: den skulle vere komplementær, ei total gåve og livgjevande. I følge informantane og Kroppens Teologi er dette berre mogleg mellom mann og kvinne (Andvik, 2022, s. 5). Likevel ønskte dei framleis at ein måtte fortelje i undervisninga at det eksisterer ulike legningar og ulike forståingar av kjønn. Dette meinte dei som sagt at den offentlege seksualundervisninga ikkje greidde å gjere på ein objektiv måte. Kroppens Teologi tek og opp måten kyrkja tidlegare har diskriminert og trakassert homofile. Den meiner kyrkja og samfunnet burde be om tilgjeving for dette (Andvik, 2022, s. 13). Spørsmålet rundt likekjønna ekteskap er debattert innan Metodistkyrkja, men er framleis ikkje tillat (Johnson, 2017, s. 10-13; Wendel, 2018, s. 165-166). Informantane frå Metodistkyrkja er for at denne etikken vert uendra. Dei høyrer alle til delen av Metodistkyrkja som ønsker å halde fast på tradisjonen av at ekteskapet kun er til for heterofile par (Johnson, 2017, s. 10). Disiplinens bok av 2016 tek framleis oppgjer mot hatkriminalitet basert på seksuell legning og kjønn. Den poengterer at kyrkja ikkje skal fordømme homofile (The United Methodist Church, 2016, s. 113, 119). Det var også viktig for informantane frå Metodistkyrkja å behandle denne tematikken varsamt utan fordømming.

Informantar frå alle kyrkjene hevdar at det i dag er for tronge kjønnsroller. Dei problematiserte at ein kategoriserte aktivitetar som «jenteaktivitetar» og «guteaktivitetar». Dette kan sjåast på som kritikk mot samfunnet sine heteronormative forventningar til dei to kjønna. Disiplinens bok (2016) poengterer at menn og kvinner skal likestillast og ikkje forskjellsbehandlast på bakgrunn av kjønn (The United Methodist Church, 2015, s. 112). Kroppens Teologi kritiserer blant anna tradisjonelle kjønnsroller som hemmande og overdrive. Den viser til at det kan vera fleire måtar å vere gut og jente på (Andvik, 2022, s. 14). Både informantar frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja trur desse tronge kjønnsrollene også kan påverke personar til å oppleve at dei er født i feil kropp. Denne argumentasjonen var ikkje fremma i metodistanes Disiplinens bok (2016) sjølv om det var noko informantane brukte. Dette er derimot ein oppfatning skildra i katolikkane Kroppens Teologi. Eit eksempel er ein gut som vil leike med «jenteleiker» eller har interesser og kjensler som er stereotypiske for jenter. Han kan føle han ikkje passar inn som gut og har eit ønske om å vera jente (Andvik, 2022, s. 14). Slik vert kritikk av heteronormative strukturar brukt til å nedvurdere oppfatninga av kjønn som sosial

konstruksjon. Undervisninga om kjønnsidentitet var kun problematisert av informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja. I tråd med Kroppens Teologi fremmar informantane frå Den katolske kyrkja eit binært syn på kjønn. Kroppens Teologi hevdar blant anna at kjønn ikkje er noko ein føler eller opplever, men noko vi er født med. Det er ikkje fysisk mogleg i følgje Kroppens Teologi å skifte skjønn sidan ein er den kroppen ein er skapt med (Andvik, 2022, s. 14). Informantane frå både Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja bruker naturvitskap og biologisk helseleare som argument for at dette burde verte presentert meir objektivt i undervisninga. Dei nyttar ikkje eit teologisk forankra argument som for eksempel at Gud skapte mann og kvinne og at kjønnnet vårt er uforanderleg grunna dette slik Kroppens Teologi hevdar (Andvik, 2022, s. 14). Frå perspektivet til sosial identitetsteori ser ein at dei som inngruppe brukar eit språk dei oppfattar den sekulære utgruppa kan forstå gjennom å vektlegge naturvitskap og biologi. Dette er noko som igjen ekskluderer ein ikkje-binær eller flytande tolking av kjønn som skeiv teori framstiller, og forsterkar ei heteronormativ forståing av kjønn og seksualitet.

Til tross for aksept av skeive forhold og likekjønna ekteskap set informantane frå Den norske kyrkja eit monogamt forhold i sentrum. Polyamorøse ekteskap er noko Vilde nemner som vanskeleg for kristne å stille seg bak. Dette vart også reflektert i Bispemøtet (2013). Her er sex skildra som noko der to menneske vert knytt saman på ein heilt unik måte (Bispemøtet, 2013, s. 17). Det er ikkje alle informantane frå Den norske kyrkja som fokuserer like mykje på ekteskap som absolutt nødvendig for seksuelle forhold. Men Linda seier det er ei oppfatning at sex er noko ein burde reservere for individet innan eit fast og trygt forhold. Sjølv om kravet om ekteskap verkar mindre strengt følgjer ein synet på seksualitet og monogami. Slik vert framleis likekjønna forhold avgrensa til ein heteronormativ ramme sidan seksualiteten vert reservert til kun monogame forhold. Slik vert for eksempel polygami og andre ikkje-normative seksualitetar ekskludert (Page & Shipley, 2020, s. 105). Informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja er meir tydelege på at ekteskapet er viktig, og fremmar slik livslaupsmodellen. Derimot kritiserer Ørjan deler av den heteronormative livslaupsmodellen gjennom å setje fokus på menneske innan meinigheita som av forskjellige grunnar ikkje lever eit liv i ekteskap eller i seksuelle forhold. Dette samsvarer med eit av dei sosiale prinsippa hjå metodistane som seier ein ikkje skal diskriminere eller fordømme einslege (The United Methodist Church, 2016, s. 112). Informantane frå Den norske kyrkja knyter aldri seksualitet direkte til eit mål om barn. Dette vert derimot kommunisert i deler av Bispemøtet (2013). Her vert seksualitet kopla til mannen og kvinna sine biologiske disposisjonar til å tiltrekke seg kvarandre og reproducere

(Bispemøtet, 2013, s. 15). Å kople seksualitet til reproduksjon er noko informantar frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja stadig repeterer. Den tredje viktige komponenten i Kroppens Teologi er at seksualiteten skal vera potensielt livgivande (Andvik, 2022, s. 7). Informantar særleg frå Den katolske kyrkja vektlegg derfor samanhengen mellom seksualitet innan ekteskap og reproduksjon. Seksualiteten er ei gåve med eit formål. Det vert skildra som at mennesket samarbeider med Gud i å skape nytt liv (Andvik, 2013, s. 7). Mine metodistiske informantar tok ikkje opp reproduksjon under intervju. Dette kan blant anna komme av at det er stadfesta i Disiplinens bok (2016) at eit ekteskap er heilag uavhengig om det fører med seg barn eller ikkje (The United Methodist Church, 2016, s. 111).

Utan å spesifikt nemne feministisk og skeiv kritikk av heteronormativitet skildrar Tobias at han har observert ein generell kritikk mot normene. Han indikerer at noko av kritikken er lite hensiktsmessig då ikkje alle normer nødvendigvis treng vera dårlege. Kjetil påpeiker at det er ein norm for ein grunn. Informantane sin seksualetikk følgjer i større eller mindre grad den heteronormative livsløpsmodellen. Seksualundervisninga i dag som vektlegg inkludering går på eit vis vekk frå denne modellen. Dette kan det gjera det vanskeleg for informantane å relatere seg til seksualundervisninga. Til tross for at informantane frå Den norske kyrkja set monogame forhold i sentrum har dei også akseptert skeive forhold. Dette kan gjera det enklare å foreine egne verdiar med undervisninga. Informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja sine syn på at ekteskapet berre kan vera mellom mann og kvinne gjer seksualetikken deira meir prototypisk, og maksimerer det som kjenneteiknar dei som inngruppe i forhold til samfunnet og vidare den offentlege skulen som utgruppe. Informantane frå Metodistkyrkja poengterer også dette som noko som er ekstra prototypisk for akkurat deira meinigheit i forhold til det internasjonale kyrkjesamfunnet. Dette plasserer meinigheiten deira som ei eiga inngruppe i forhold til utgruppa frå det større kyrkjesamfunnet som ønsker å lovfeste likekjønna ekteskap.

## **5.3 Seksualundervisning i Kyrkja**

### *5.3.1 Den norske kyrkja*

#### Barn og unge i kyrkja

Alle informantane frå Den norske kyrkja tykkjer ein burde prioritere barn og unge i kyrkja. Dette er viktig fordi «barna er framtida» for deira meinigheit og trussamfunnet si overleving. Kyrkja må då vere aktuell for den yngre generasjonen. Vilde nemnde at barn er viktige for kyrkja si framtid. Ho held fram at ein må legge til rette for at barn opplever kyrkja som ein stad der dei blir sett, møtt, utfordra og får vera seg sjølv som heile menneske. Ifølgje Vilde var det

heilt avgjerande at kyrkja driv eit godt barne og- ungdomsarbeid. Linda tykkjer og det er viktig med barn og unge i kyrkja. Ho fortel at barna var utgangspunktet for at meinigheita deira starta opp arbeidet. Dei fleste aktivitetane handlar i følgje Linda om barn og unge. Det er veldig tilrettelagt for at barn og unge skal delta. Dette meiner ho skil dei frå andre meinigheiter der kjernen gjerne består av godt vaksne. Hallvard skildra fleire ulike aktivitetstilbod meinigheita har for yngre. Her nemner han blant anna barnekoret og andre kor med fokus på det sosiale, fritidsklubb med song og dans og samarbeid med SFO der barn kan kome og leike. Han poengterer at dette kan gjera barna trygge til å ta opp emne som gjeld seksualundervisning, utanforskap og livsmeistring.

### Kyrkja si rolle i seksualundervisninga

At kyrkja og skulen har kvar sine roller når det kjem til seksualundervisning er informantane einige om. Vilde, som har fungert som konfirmasjonsprest, hadde fleire idéar om innhaldet i undervisninga i kyrkja enn dei andre informantane:

[Vilde] Vi har det som ein del av konfirmantopplegget, det trur eg er i planen for trusopplæring faktisk, at vi skal ha det. Så det kjem jo frå kyrkjerådet.

At seksualundervisninga primært skjedde i konfirmasjonsførebuinga var alle informantane si oppfatning. Vilde, med si erfaring, bidrog til meir spesifikk informasjon rundt dette:

[Vilde] Konfirmantleir er ein arena med mykje hormonar, det er veldig spennande å vere i leir i den alderen der. Her kan det vere nyttig å seie: «No er vi på leir, det er sikkert nokon som allereie har fått eit auge for nokon andre, og det er mykje hormonar». Rett og slett berre liksom tørre å snakke om det. For det har ikkje kyrkja alltid gjort og vore flinke på. Tørre å bruke ord som pubertet og sex og porno ikkje minst.

Vilde nemnde at seksualundervisning har vore eit fokus på konfirmantleirar så lenge ho har jobba i kyrkja. Ho fortalte i tillegg at grensesetting var eit viktig fokus knytt til seksualundervisninga under konfirmasjonsførebuinga. Linda nemner og grensetting som eit tema dei er inno under konfirmasjonsundervisninga:

[Linda] på ein måte nokre casar om kva som er greitt og ikkje greitt, og det går eigentleg mest på: «Bevar ditt hjarte framfor alt, for livet går ut frå det<sup>3</sup>». Som er eit bibelevs, ein skal ta vare på seg sjølv rundt slike spørsmål som handlar om seksualitet.

---

<sup>3</sup> Ordt 4,23

Samtidig meiner Linda det framleis er for lite seksualundervisning innan hennar meinigheit. Det er noko dei ofte hoppar over sidan dei ikkje har funne ein god måte å utføre den på. Sjølv om ho tykkjer kyrkja kunne vera ei god stemme, stod seksualundervisninga i følgje Linda ikkje så høgt på agendaen. Hallvard oppfatta ikkje dette som kyrkja sin primæraktivitet. Samtidig tenkte Hallvard dette var noko ein implisitt møte gjennom kyrkja sine aktivitetar:

[Hallvard] Vi har ikkje noko som går direkte på seksualundervisning, det er ikkje ein del av vårt fokus eller mandat. [...] Vi er opptekne av barn og unge sitt verdigrunnlag og sitt daglegliv, og at dei skal ha det bra. Altså det er ein implisitt del av det. Med ein gang du er med barn så handlar det jo om alt som kan vera problematiske situasjonar. Om det er rusmiddel, utanforskap eller kroppspress, alle desse problemstillingane hamnar vi jo i vårt arbeid.

Sjølv om det var varierte oppfatningar om kor langt framme seksualundervisninga var på agendaen, tykte informantane det var viktig at kyrkja si oppfatning vart representert. Hallvard meiner at det er viktig at kyrkja følger med på offisielle retningslinjer, for å ta stilling til dei:

[Hallvard] Eg trur det er riktig at vi har eit nasjonalt system som på ein måte står for kvaliteten og breidda og passar på å fange opp alle. Det som er viktig for oss tenker eg er at vi er i takt med den generelle seksualundervisninga. Og at om vi skulle stå i opposisjon, er det framleis tema som er lov å snakke om, at det opplevast trygt å ta opp ting.

At kyrkja slik kan komplimentere og supplere skulen tykkjer og dei andre informantane om. Ulrik meiner det er viktig at kyrkja gir grundig seksualundervisning der dei skildrar kva kyrkja meiner om seksualitet og kvifor.

[Ulrik] Det er nok ein del etikk som har endra seg i kyrkja opp gjennom åra. Så har du veldig mange nyansar i etikken. Frå dei som meiner at det som bibelen seier om desse tinga, dei er absolutte, dei skal følgjast sånn som det er. Også er det andre som tenker: «no er det litt annleis, no er det ei anna tid, det er ting som har skjedd med samfunnet vårt som ikkje lenger blir reflektert». For det var frå den tida og det blei skreve i ei tid kor dette ikkje var sett slik på, så tenker eg at vi må tenke annleis no enn det. Og det er nok mange som tenker sånn. Samstundes som ein tek med seg ein del av det og, som eit godt verdigrunnlag. For eg tenker jo det ble jo skreve den gangen ikkje utan grunn. Viss ein held det fram, det som bibelen lærer om desse tinga, så må ein seie kvifor ein tenker

som ein gjer, og at det var ein grunn til at det blei skrive slik. Det er mykje nyansar mellom desse ytterpunkta i synet på korleis ein formidlar dette, tenker eg.

Ulrik nemner at det eksisterer fordommar mot religiøse der kyrkja vert sett på som litt konservativ og trongsynt. Han påpeikte at intervjuprosessen bidrog til at han reflekterte mykje over si eiga og kyrkja si rolle i denne tematikken. «Kva er det? Kva seier dei om det eigentleg? Kva har dei lyst å seie?». Dette var spørsmål han begynte å stille seg. Han meiner kyrkja kan vera meir moderne i dag og meir open for alle legningar og samlivsformer.

### *5.3.2 Den romersk-katolske kyrkja*

#### Barn og unge i kyrkja

Kvar informant skildrar barn som særleg viktige for overleving og framtid:

[Kjetil] Utan å arbeide med unge eller barn, så har ikkje kyrkja noko framtid slik menneskeleg sett. Det er jo kommande generasjonar. [...] Så prøver vi her i meinigheita å få fanga opp dei som nett er konfirmert. Dei åra etter det er ein kritisk alder. For det kan gå begge vegar. Nokre forsvinn diverre ut av synet, og spørsmålet er korleis vi kan nå dei og halde på dei slik at trua deira framleis kan utviklast, fordjupast og gjerast stødig».

Tobias legg vekt på at arbeid med barn og overføring av trua til dei er særleg viktig no grunna at vi lever i det han omtalar som ei trulaus tid. Han meiner det er mange utfordringar for kristne.

#### Kyrkja si rolle i seksualundervisninga

Alle informantane meiner skule, foreldre og kyrkja saman har ei viktig rolle i unge si seksualundervisning. Kyrkja er for dei ei stemme som kan ta opp fleire «problematisk» normer i samfunnet. Kyrkja har og i følge informantane klare retningslinjer for seksualitet som også speglar verdisynet til informantane. Dei referer alle i større og mindre grad til Kroppens Teologi når dei diskuterer offisiell seksualetikk. Dette gjeld særleg Tobias. Kjetil fortel meg at Kroppens Teologi var ei samling av Pave Johannes Paul II si kyrkjelege undervisning. I Den katolske kyrkja er slik undervisning kalla katekese. Denne samlinga av katekesar skildrar Kjetil som ein måte å formidle og grunnge kyrkja si lære rundt kropp og seksualitet på ein forståeleg måte. Samlinga har i følge Kjetil vore brukt i både konfirmasjonsundervisninga og på leirar dei siste tiåra for å formidle kyrkja si lære om kroppen, kroppen sine funksjonar og det seksuelle. Alle tre informantane skildra konfirmasjonsundervisninga som den primære kjelda til seksualundervisning i kyrkja. Slik som Evita forklarar:



[Evita] Det er eit viktig emne under konfirmasjonsundervisninga og då blir det plassert i eit tema som gjerne har med heilskapsperspektivet igjen, kva er eit menneske? Kva er hensikta med livet, og igjen med etikk, korleis lever vi i forhold til kvarandre i forhold til boda, det etiske?

Tobias fortel også at seksualundervisninga er ein del av ein temadag under konfirmasjonsundervisninga. Her vert kyrkja sitt syn på seksualitet formidla og grunngeve. Dette er i følge han viktig sidan ungdommen får seksualundervisninga frå alle stader i samfunnet. Tobias skildrar nærare korleis seksualundervisninga kan verte utført i kyrkja:

[Tobias] Vi startar med korte økter på tjuve minutt og så har vi gruppearbeid der vi diskuterer ulike spørsmål, jobbar saman, og så kjem vi tilbake til ei oppsummering og snakkar saman. [...] Så litt sånn tjuve minutt undervisning, tjuve minutt gruppearbeid, også gjentek vi den syklusen tre gangar for eksempel.

Alle informantane er opptekne av å grunnge kyrkja sine val og oppfatningar. Tobias forklarar:

[Tobias] Den katolske kyrkja sitt syn på seksualitet er ganske annleis enn hos majoriteten i samfunnet. [...] Den katolske kyrkja har halde fast på nokre idear som dei aller fleste i samfunnet har gått vekk ifrå. [...] Det er ikkje noko poeng for seg sjølv å vera konservativ, men det at kyrkja klarte å stå imot ei utvikling som var så prominent i samfunnet elles. Kva er det som gjer at kyrkja kan gjera det?

Alle informantane meiner at Kroppens Teologi kan brukast i konfirmasjonsundervisninga. Tobias meiner dette kan grunnge kvifor Den katolske kyrkja held fast i gamle tradisjonar:

[Tobias] Kyrkja er frimodig til å ta eit standpunkt som mange andre er ueinig i. Og har grunnar for det, ikkje berre det at ein skal helst unngå forandring, men at ein kan rasjonalisere og faktisk forklare. Det er det eg tykkjer er så fint med Johannes Paul si undervisning, Kroppens Teologi, at han klarer faktisk å forklare korleis det heng saman på ein måte som gir meining, og eg meiner gir meining til ungdommar.

Kjetil nemner at det sjette bod, «Du skal ikkje bryta ekteskapet»<sup>4</sup>, blir presentert i konfirmasjonstida. Han tykkjer og det er fleire bod som passar inn i denne undervisninga, han tykkjer desse kan vere eit grunnlag for etiske perspektiv ved seksualundervisninga. Han meiner boda og teologi kan vere eit utviding av det han skildrar som menneskes elles naturlege fornuft:

---

<sup>4</sup> 2. Mos 20,14

[Kjetil] At vi gjennom fornuft kan slutte oss til mykje og at openberringa, teologien, blir på ein måte ei forlenging av den fornufta.

Informantane opnar lite for fri tolking eller modernisering av skriftene. Men det er mogleg å utdjupe og utvide forståinga av kunnskapen. Kjetil forklarar dette slik:

[Kjetil] Det som er viktig for Den katolske kyrkja, det er overlevering av trua, frå ein generasjon til ein annan. [...] Paven kan i enkelte tilfelle slå fast noko som allereie er vakse fram som kyrkja si tru. Det vil seie at trua kan utvikle seg og utfolde seg, men den kan ikkje endre seg som innhald betrakta. Ei sanning må definerast som noko som er sant gjennom århundra, men som vel kan utdjupast og eventuelt utvidast. Og det er det kyrkja sitt læreembete har som oppgåve.

Kyrkja sine oppfatningar kan altså ikkje endrast over tid, men kan utdjupast eller kommenterast av paven og kyrkja sitt læreembete. Kjetil brukar fleire bibelske tekstar brukt under vigselrituala for å grunngje dette.

[Kjetil] Og Paulus ikkje minst, han gjentek dette i det nye testamentet, om at eit ektepar<sup>5</sup>, det skal gjenspegle Guds forhold til sitt folk. Og i det nye testamentet slik Kristus har vist oss at gud elsker menneske så skal han og ho gjenspegle denne kjærleiken. Og slik Gud og faderen og sonen elsker kvarandre og anden spring ut av denne kjærleiken, så er ekteskapet produktet frå den kjærleiken, Guds kjærleik. Innan den heilage treeininga så blir jo verda skapt.

Kjetil konkluderer med at i følge bibelen er verda skapt som eit produkt av kjærleiken frå Gud, medan barn er eit produkt av kjærleiken mann og kvinne har til kvarandre.

### *5.3.3 Metodistkyrkja*

#### Barn og unge i kyrkja

Informantane frå Metodistkyrkja er også einige i at arbeid med barn og unge er viktig. Dei meiner dette burde ein jobbe meir med i meinigheita. Slik som Elsa seier:

[Elsa] Vi er liksom i eit generasjonsskifte no, der på ein måte barna våre er blitt store. [...] I den siste generasjonen no, så er barnearbeidet diverre svakare enn det har vore før. Men vi er frykteleg glad i barna og vil at dei skal ha ein sentral plass i meinigheita vår.

---

<sup>5</sup> Referer til: Ef 5, 31-32

Ørjan uttrykker og at ungdomsarbeidet er viktig sidan talet på medlemmer er på veg ned. Kristian nemner ulike stader dei kan nå dei unge:

[Kristian] Vi har eit veldig stort hjarte for unge, vi har eit ungdomsarbeid, konfirmasjonsundervisning, ungdomsklubb, og det er barneundervisning for barn under gudstenesta.

Kristian nemner også at dei arbeider for å få inn ungdommar og unge vaksne i 20-åra.

### Kyrkja si rolle i seksualundervisninga

Alle informantane tykkjer kyrkja bør vera aktiv i forhold til seksualundervisning. Alle fortel likevel at dette ikkje er ei av Metodistkyrkja sine primære oppgåver. Denne undervisninga jobbar ein anten med implisitt eller gjennom konfirmasjonsførebuinga. Dei tykkjer kyrkja kunne gjenteke desse emna oftare i andre samanhengar også. Elsa seier det slik:

[Elsa] Eg føler jo at vi kjem alltid på ein måte litt halsande etter fordi det er ikkje vi som er den primære informasjonskjelda i forhold til dette. [...] Så trur eg vi berre kan komme og seie noko om kva vi trur er trygt og bra for folk.

Kristian tykkjer som nemnd at kyrkja bør kunne formidle bibelske sanningar. Han meiner ho må komme meir på bana rundt spørsmål som gjeld seksualitet:

[Kristian] Eg trur dei ignorerer mykje av desse tinga her. Kanskje dei er redde for å ta det opp? Fordi ein er redd for å bli hata? Fordi det er jo upopulært å vere imot mange av desse tinga her. [...] Du vert ikkje elska i samfunnet om ein stiller seg opp på Torgalmenningen og ropar at eg er ikkje for LHBTQ-samfunnet. Då får du ganske mykje pryl trur eg. Men eg trur mange kyrkjesamfunn og trussamfunn burde vera på bana uansett kva dei meiner.

Ørjan legg vekt på at seksualundervisninga ikkje berre kan skje i skulen, men også gjennom dei truande familiane heime og kyrkja:

[Ørjan] Denne her grenselinja mellom å vera personleg, sakleg og privat kan vera vanskeleg. [...] Eg trur det er viktigare enn nokon gang at kyrkja har ei solid seksualundervisning.

Ørjan gjentek at internett og andre media gjer det viktig at kyrkja og kristne er tidlegare ute med å presentere sin seksualetikk. Han meiner kyrkja forsømmer seg om dei vel å ikkje rettleie

ungdommen fordi dette er eit vanskeleg tema. Dette gjeld spesielt om kyrkja ikkje er heilt einig i undervisninga på skulen:

[Ørjan] Om kyrkja er misnøgd med verdiundervisninga til skulen på dette området, då ligg utfordringa hos oss, men først og fremst trur eg den ligg i dei kristne familiare.

Kristian og Elsa nemner også at foreldre burde bidra i seksualundervisninga. Seksualundervisninga er ein del av konfirmasjonstida i Metodistkyrkja slik som i dei andre kyrkjene. Alle informantane oppfattar at det er her mesteparten av desse emna blir tekne opp. Ørjan har sjølv hatt konfirmantar i seksualundervisning. Han påpeiker at han får ulik respons frå dei unge der han merkar dette er meir aktuelt for enkelte enn andre. Ørjan fokuser på følgande i undervisninga:

[Ørjan] Noko av det viktigaste for meg i konfirmasjonsundervisninga er å bekrefte for dei unge at dei på mange måtar er seksuelle vesen skapt av Gud, at seksualiteten er god, at den er heftig kraftfull, at den er meint til å vera glede. [...] Vi trur vi er skapt av Gud, med alt det som vi har, med den fantastiske kroppen vi har

Elsa fortel at dei også får hjelp av helsesjukepleiar nokre gonger under undervisninga. Ho har tillit til korleis dei framstiller temaet:

[Elsa] Dei har ei slik samling, med tematikk kropp og seksualitet. [...] Eg har tenkt det er fint, sidan dei kan formidle dette på ein god måte. Eg trur det er mindre kleint enn om pastoren gjer det. [...] Dei har fagleg kompetanse, men så trur eg jo og dei har gjort det innanfor dei rammene som meinigheita ønsker. [...] Sånn som eg kjenner dei har det vore ei fin undervisning».

Alle informantane skildrar også den indre konflikten Metodistkyrkja opplever rundt homofilt ekteskap. Her meiner Kristian at samtidig som kyrkja møter skeive tema med kjærleik og omsyn, må dei presentere og formidle det dei oppfattar som ei «bibelsk sanning».

[Kristian] Kyrkja må finne balansen mellom å forkynne det dei trur samtidig som dei må vere inkluderande og framstille syn på ein måte som ikkje skyv menneske vekk. Alle menneske har verdi og ingen fortener hat for den dei er, samtidig kan ein ikkje berre sjå på alt LHBTQ kjem med som greitt og gløyme det bibelen seier.

Denne «sanninga» som tilseier seksualitet berre mellom mann og kvinne i eit ekteskap meiner han Den norske kyrkja har gått heilt vekk i frå. Han tykkjer Den norske kyrkja har svikta sidan dei har eit stort ansvar og autoritet. Han tykkjer ho har vore for oppteken av modernisering av

det han oppfattar som bibelen og Guds ord. Kristian reflekterer vidare over forandringane og dei indre konfliktane i eiga kyrkje angående denne tematikken. Han ønsker ikkje at Metodistkyrkja skal gå same vegen og modernisere synet på ekteskap og seksualitet:

[Kristian] Eg har lyst til å vere medlem av ei kyrkje som er inkluderande, får folk til å føle seg sett og elska. Eg har ikkje lyst å vera del av ei kyrkje som dyttar menneske vekk. Samtidig har eg lyst å vere medlem av ei kyrkje som står for Guds ord og som ikkje moderniserer det som er Guds sanning. Balansen der kan vera vanskeleg.

Ørjan nemner også kyrkja sin indre konflikt angående synet på ekteskapet:

[Ørjan] Ekteskap er forstått som ei foreining mellom mann og kvinne. Sterke krefter i kyrkja ønsker å forandre dette, og veldig mykje tyder på at i løpet av berre nokre år vil antakeleg kyrkja si lære om dette vera forandra internasjonalt.

Alle informantane tykkjer denne splittinga innan kyrkja er utfordrande. Dei er og usikre på om deira meinigheit framleis kjem til å kunne vere del av «The United Methodist Church» om det blir stemt for homofilt ekteskap.

#### *5.3.4 Samanlikning og drøfting*

Barn og unge er som dei fleste informantane seier rekna som framtida til kyrkjene. Sikrar ein seg dei unge sikrar ein også framtidige medlemmer. Alle har ulike aktivitetar for barn og unge. Konfirmasjonstida er då informantane gjerne har det som kan reknast som seksualundervisning innan kyrkja. Yu og Lee (2018) viser til at kristen seksualetikk ikkje nødvendigvis treng å vere noko som knyter skam til seksualitet eller fjernar seksuell nyting (Yu & Lee, 2018, s. 95). Informantane frå alle tre kyrkjene legg vekt på at dette ikkje er formålet med undervisninga i konfirmasjonsførebuinga eller i andre samanhengar. Informantane bekreftar vidare Yu og Lee (2018) si oppfatning av at seksualetikken innan kyrkjene skal oppmuntre til seksuell aktivitet innan eit monogamt og kjærleiksbasert forhold (Yu & Lee, 2018, s. 95). Informantane frå Den norske kyrkja var alle opptekne av at seksualundervisning ikkje var kyrkja sitt hovudområde. Hallvard nemnde for eksempel dette fleire gonger. Det var også usikkerheit rundt kva retningslinjer eller planar kyrkja hadde sett for kunnskapsformidling om seksualundervisning. Vilde nemner at det kanskje stod noko om det i Plan for trusopplæring utvikla av kyrkjerådet. I Plan for trusopplæring som kom ut i 2010 er kjærleik, seksualitet og samliv merka som sentrale dimensjonar med menneskelivet. Difor må barn og unge få undervisning i lys av den kristne trua (Kyrkjerådet, 2010, s. 17). Både Linda og Vilde fortalte at det var for det meste undervisning rundt grensesetting som var hovudfokuset. Linda nemner at dei under

konfirmasjonsundervisninga referer til eit vers frå Salomos ordtak: «Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut frå det» (Ordt 4,23). Ho brukar dette for å skildre kor viktig det er å ta vare på eigne grenser. Informantane frå Den norske kyrkja hadde tillit til at seksualundervisninga i skulen dekkja eit stort felt. Hallvard meinte også at om skulen underviste noko som kyrkja var i opposisjon til, så måtte skulen likevel føle seg trygge på å fremme sitt syn. Frå perspektivet til sosial identitetsteori såg ikkje informantane frå Den norske kyrkja stor skilnad på det offentlege samfunnet sin seksualetikk som utgruppe og Den norske kyrkja som inngruppe. Men om skulen hadde begynt å fremme ein etikk Den norske kyrkja hadde motsett seg, ville det vore nødvendig å bekrefte den sosiale identiteten gjennom å fremme seksualetikken slik som hjå dei to andre kyrkjene. Informantane frå Den katolske kyrkja var meir oppteken av å kunne fremme deira syn på seksualitet som ein motpol til elles i samfunnet og i skulen. Dette sidan dei oppfatta informasjonen på skulen som lite objektiv og som ideologisk og politisk forankra. Dette var også ein del av Yu og Lee (2018) si skildring av ein kristen vri på den omfattande seksualundervisninga. I tillegg til å gi generell seksualundervisning promoterer ein kristne verdiar samtidig som ein åtvarar mot moderne sexkultur. Informantane frå en katolske kyrkja hadde generelt eit inntrykk av at deira seksualundervisning var godt gjennomført. Dei var også mykje klarare på korleis dette føregjekk i konfirmasjonstida og kva retningslinjer dei følgde. I følgje sosial identitetsteori vert informantane frå Den katolske kyrkja sin seksualetikk enda meir prototypisk og skil seg sterkare frå seksualetikken til skulen og samfunnet elles som utgruppe. Difor vert seksualetikken ein måte å bekrefte sosial identitet i møte med den sekulære utgruppa. Informantane frå Metodistkyrkja var og positive til eiga seksualundervisning. Elsa hadde eit inntrykk av at denne var gjennomført på ein bra måte. Ørjan, som sjølve gjennomførte seksualundervisning, merka nokre utfordringar fordi ikkje alle unge kunne relatere seg til temaet enda. Men han såg framleis på det som viktig at kyrkja fremma sin seksualetikk. Dei metodistiske informantane poengterte i likskap med dei frå Den norske kyrkja at seksualundervisning ikkje var ei primær oppgåve, men fungerte meir som eit supplement. Seksualetikk var ikkje like identitetsbekreftande for informantane frå Metodistkyrkja som hjå dei katolske. Samtidig hadde dei ikkje same tillit til informasjonen i skulen som informantane frå Den norske kyrkja. Difor vert seksualundervisning i kyrkja og i heimen framleis viktig for informantane frå Metodistkyrkja. Difor er det og viktig for metodistane å bekrefte sin sosiale identitet gjennom seksualetikken sidan den skil seg frå den dei oppfattar presentert i offentlig undervisning. Både Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja er religiøse minoritetar i Norge. Som tidlegare nemnd legg både Bartz (2007) og Svendsen (2018) vekt på at religiøse minoritetar ikkje vert representert i seksualundervisninga. Og Dent og Maloney (2017)

konkluderte med at det likevel ikkje er eit ønske om ei normativ undervisning frå kristne foreldre fordi dei ikkje har tru på at dette vil reflektere verdiane deira (Dent & Maloney, 2017, s. 161). Etikken og ideologien informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja oppfattar som formidla i skulen skil seg som sagt frå den kunnskapen dei ønsker barna skal få. Difor vert det viktig for informantane frå dei kristne minoritetane å bekrefte sin sosiale identitet gjennom seksualundervisning i eigne samfunn.

Dei tre ulike kyrkjesamfunna har hatt ei utvikling innan synet på seksualitet. Den norske kyrkja har utvikla seg i takt med samfunnet på fleire punkt. Jo meir liberale nordmenn blir i samband med spørsmål rundt kvinner og seksuelle minoritetar sine rettar jo meir liberale vert og Den norske kyrkja som vist i bakgrunnskapittelet. Ulrik reflekterte særleg over utviklinga Den norske kyrkja har hatt når det kom til homofilt ekteskap. Alle informantane frå Den norske kyrkja hadde inntrykk av at kyrkja hadde gjort steg i «riktig» retning. Den norske kyrkja er det einaste kyrkjesamfunnet av desse tre som har stadfesta likekjønna viing. Dei er likevel opne om at det er usemje innan kyrkja på dette punktet (Kloster, 2020, s. 382-394). Det var kun Vilde som nemnde at hennar meinigheit deltok i Pride- toget i Bergen for å vise støtte til skeive både i kyrkja og i elles i samfunnet. Dette kan tyde på at hennar meinigheit og inngruppe sin seksualetikk er nesten heilt lik etikken reflektert i utgruppa, altså det øvrige samfunnet. Ved å delta i Pride fremmar ho seksualetikken hennar meinigheit og inngruppe står for og såleis bekreftar ho sin sosiale identitet. Vilde skildra ein blanda respons som er forventa i eit kyrkjesamfunn som er usamde rundt skeiv tematikk. Derimot viste resten av informantane frå Den norske kyrkja ingen motstand mot homofilt samliv. Informantane frå Den norske kyrkja og særleg Vilde inkluderer aksept av seksuelt mangfald under sin seksualetikk. Dette er også er uttrykt i LK20 (Utdanningsdirektoratet, 2022, s. 2). Utdanningsdirektoratet (2022) støttar også offisielt Pride som «en feiring av skeiv kjærlighet, mangfold, inkludering og retten til å elske hvem man vil» (Utdanningsdirektoratet, 2022, s. 1). Aksepten av LHBTQI samfunnet frå informantar frå Den norske kyrkja medfører at dei deler meir av seksualetikken med den offentlege skulen og det sekulære norske samfunnet. Dei minimerer slik ulikskapar mellom kyrkjesamfunnet som inngruppe og skulen som utgruppe. Metodistkyrkja er også ei kyrkje i utvikling. Ho har for eksempel opna for kvinnelege prestar. Som sjølvverklært brubyggarkyrkje har dei tett samarbeid med andre kyrkjesamfunn. Dette var særleg noko Ørjan var stolt over (Sødal, 2002, s. 206). Metodistkyrkja internasjonalt tek opp spørsmål om skeive sine rettar og drøftar i skrivande stund om dei skal tillate homofilt ekteskap. Dette er noko informantane frå Metodistkyrkja er imot. Dei fryktar dette kunne føre til at deira meinigheit kom til å splitte seg

frå kyrkjesamfunnet elles. Kristian viste særleg skuffelse over at Den norske kyrkja gjekk i ei «liberale» retning av å tillate samkjønna ekteskap. Dette fordi Den norske kyrkja er det mest synlege kyrkjesamfunnet i Norge. Alle informantane frå Metodistkyrkja ønsker altså å halde fast på fleire av dei heteronormative tradisjonane rundt ekteskap og samliv. Medan metodistane har utvikla nokre av deira syn på seksualitet og kjønn så held informantane mine framleis fast til eit heteronormativt syn på verda. Dette er då noko som står i motsetnad til budskapet i feministisk og skeiv teori. Den katolske kyrkja har halde fast ved fleire av sine eldre tradisjonar og aksepterer blant anna ikkje skilsmisse eller likekjønna ekteskap (Andvik, 2022, s. 12-13). Informantane frå Den katolske kyrkja hevdar det er fleire gode grunnar til desse tradisjonane. Her vert Kroppens Teologi drege inn som ei rasjonell forklaring på kyrkja sin eigen seksualetikk. Andvik (2022) si oversetting og skildring av Kroppens Teologi legg vekt på at formålet med kristen seksualetikk ikkje er for å undertrykke menneske, men for å bidra til å gjere menneske lykkelege (Andvik, 2022, s. 1-2). Teologien vert også skildra av informantane frå Den katolske kyrkja som ein forlenging av menneske sin naturlege fornuft og etikk. Andvik (2022) påpeiker også dette som ein del av Pave Johannes Paul II sin lærdom om at etikk og moral ikkje var noko som kom utanfrå men innanfrå med tanke på korleis vi er skapt (Andvik, 2022, s. 1). Å rasjonalisere og forklare samliv og- seksualetikken er også noko Tobias tykkjer er særleg viktig. Dette var noko av Pave Johannes Paul II sitt føremål med Kroppens Teologi. Han ønskte å gi unge menneske ei grunngeving på seksualetikken på ein måte som gav meining slik at dei kunne «se skjønnheten i Kirkens lære» (Andvik, 2022, s. 2). I tillegg til å bruke som nemnd biologisk grunngeving for deler av seksualetikken tek både Kroppens Teologi og informantane frå Den katolske kyrkje i bruk bibelvers. Kjetil nemner både Paulus si lære og det sjette bodet i bibelen som grunnlag for Den katolske kyrkja sin heteronormative seksualetikk. Andvik (2022) referer blant anna til Paulus sine brev til Efeserene: «Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp. Dette er eit stort mysterium; eg tenkjer på Kristus og kyrkja» (Ef 5, 31-32; Andvik, 2022, s. 4-5). Mann og kvinne er slik skildra som to binære motsetningar som skal foreinast i ekteskapet (Andvik, 2022, s. 5). Informantane frå Den katolske kyrkja argumenterer altså ikkje berre med seksualetikken på grunnlag av tradisjon. Dei rasjonaliserer tradisjonen både ved hjelp av naturvitskap, som gjerne er sett på som noko sekulært, og bibelsitat. Katolikkane brukar slik i følgje sosial identitetsteori to identitetsbekreftande mekanismar for kommunikasjon. Altså både gjennom rasjonalisering og bruk av bibelen. Kroppens Teologi og tradisjon er argument som er retta mot inngruppa. Ved hjelp av biologi og naturvitskap brukar dei argument retta mot utgruppa. Dette viser at dei katolske informantane har eit inntrykk av at dei treng å forsvare sin seksualetikk. Tidlegare har



samfunnet følgd heteronormative rammer som og seksualetikken til Den katolske kyrkja bygger på. Ei slik rasjonalisering har derfor ikkje vore nødvendig i same grad tidlegare. Men krefter som feministiske og skeive teoretikarar har jobba mot desse normene. Heteronormative strukturar er ikkje lenger sjølvsgatte. Difor har informantane frå Den katolske kyrkja hatt behov for å ta i bruk nye strategiar for å forsvare seksualetikken sin og å bekrefte identiteten sin gjennom den.

Informantane vik sjeldan frå kyrkjene sine offisielle utsegner. Derimot brukte informantane frå Den katolske kyrkja som nemnd mykje oftare Kroppens Teologi i forhold til dei andre informantane sin bruk av skrifter frå sine kyrkjer. Slik er dei også tydelegare på å stadfeste at dei har ein seksualetikk som er i tråd med deira sosiale inngruppe. Informantane frå Den norske kyrkja var spesielt opptekne av at dei presenterte eigne meiningar og oppfatningar. Ein kan sjå at desse oppfatningane reflekterte kyrkja si rettleiing. Sjølv om informantane frå Den norske kyrkja ikkje knyter alle meiningar om seksualetikk direkte til si sosiale gruppe og vidare til sin sosiale identitet kan mykje tyde på at dei framleis er påverka av den. Informantane frå Den norske kyrkja sin generelle tillit til både offentleg skule og læraren kan også som sagt vera påverka av Den norske kyrkja si historie med sterk kopling til det norske samfunnet. Den norske kyrkja er også ei kyrkje open for usemje mellom medlemmene. Ho aksepterer såleis eit todelt syn på seksualitet utanfor ekteskap og på likekjønna ekteskap. Difor vil heller ikkje det å ha tillit til den offentlege seksualundervisninga vere å motseie seg karakteristikane innan deira sosiale gruppe slik som for Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja,

#### **5.4 Oppsummering**

I dette kapittelet har eg både presentert mine informantar sine oppfatningar av seksualundervisninga og analysert desse i tråd med bakgrunn og teori. Eg vil argumentere for at alle informantane tykte ein alderstilpassa, heilskapleg seksualundervisning var viktig. Dette er og noko som har kome fram i tidlegare forskning. Informantane sine oppfatningar varierte ut frå kyrkjesamfunn. Informantar frå Den norske kyrkja skilde seg særleg frå dei to andre. Informantane sin sosiale identitet som norskluthersk, katolsk og metodistisk hadde slik særleg innverknad på deira personlege oppfatningar av seksualundervisninga.

Å drive seksualundervisning var viktig for informantane for å kunne gi dei unge eit sunt syn på seksualitet. Dette kunne motverke feilinformasjon dei kunne møte elles i samfunnet. Informantane frå Den norske kyrkja viste seg å ha relativ høg tillit til at skulen og lærarar gjennomførte seksualundervisninga på ein god måte. Her skil dei seg frå informantane frå både Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja som ikkje hadde same tilliten. Det var ikkje

nødvendigvis noko problem med kompetansemåla i læreplanen, men det var lite tru på at dette vart formidla objektivt med nok etisk refleksjon. Sjølv om det var informantane frå Den katolske kyrkja som la mest vekt på at skulen er for ideologisk, politisk og lite objektiv, var dette også ei oppfatning informantar frå Metodistkyrkja delte. Gjennom seksualundervisninga stadfestar og bekreftar informantane frå Metodistkyrkja og Den katolske kyrkja sin gruppeidentitet ved å maksimere sine prototypiske kjenneteikn angående seksualitet og seksualetikk, samanlikna med oppfatningar dei har av undervisninga i skulen. I argumentasjonen for deira seksualetikk bruker dei som inngruppe eit språk som dei oppfattar at den sekulære utgruppa kan forstå. Dei argumenterer med kva dei oppfattar som riktig i følgje naturvitskap og forankra i menneske sin biologi. Dette bidrar til ei binær forståing av kjønn og ekskluderer tankegangen om at kjønn kan vera ein sosial konstruksjon.

Alle informantane uttrykte ei form for heteronormativt syn på seksualitet. Derimot kritiserte fleire informantar frå ulike kyrkjer deler av det heteronormative blikket på samliv og seksualitet. Informantar frå alle kyrkjene nemnde for eksempel at det i dag var alt for rigide kjønnsroller i samfunnet. Dei meinte gutar og jenter skulle få lov til å gjera og interessere seg i kva dei ville utan å bli plassert i heteronormative boksar. Dette var noko særleg informantane frå Den katolske kyrkje la vekt på. Samtidig var informantane frå Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja klare på ei oppfatning av kjønn som noko binært. Dei knytte ikkje fridom av sosiale kjønnsroller til oppleving av kva kjønn ein høyrde til. Spørsmåla omkring biologisk og sosialt kjønn var ikkje noko informantane frå Den norske kyrkja løfta. Dei la kun vekt på at LHBTQI tematikk måtte inkluderas i ei seksualundervisning der alle skulle kjenne seg sett og representert.

## **6. Avslutning og vegen vidare**

I denne oppgåva har eg gjennomført fleire kvalitativt, semi-strukturerte intervju for å få religiøse leiarar i Den norske kyrkja, den romersk-katolske kyrkja og Metodistkyrkja i Bergen si oppfatning av seksualundervisning i Norge. Eg har innleiingsvis vist at seksualundervisning er noko som er debattert og diskutert blant kristne i Norge til tross for lite forskning på emnet. Difor har eg valt å løyse problemstillinga: «Kva oppfatningar har representantar frå Den norske kyrkja, Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja i Bergen av den offentlege seksualundervisninga i norsk skule, og kva er bakgrunnen til desse?». Eg følgde også opp med tre forskingsspørsmål for å gi oppgåva struktur: 1. «Kva oppfatning har informantane av seksualundervisninga i den offentlege skulen?». 2. «Korleis knyter informantane sine verdiar til samfunnet sine seksuelle normer?». 3. «Kva oppfatning har informantane av korleis dei som kyrkje formidlar sin

seksualetikk og verdiar knytt til seksualitet?». Eg har først presentert resultata mine kyrkjevis. Deretter har eg samanlikna, analysert og drøfta funna mine på tvers av kyrkjene. Dette har eg gjort i lys av relevant historisk og akademisk bakgrunn, sosial identitetsteori, feministisk teori og skeiv teori.

## **6.1 Funn i oppgåva**

Gjennom sosial identitetsteori har eg fokusert på korleis informantane formar sin sosiale gruppeidentitet ulikt på bakgrunn av kva kyrkjesamfunn dei har vore ein del av. Ved bakgrunn har eg blant anna vist korleis historia til desse kyrkjene i Norge har påverka måten informantane relaterer sin sosiale identitet til det norske samfunnet og seksualundervisninga. Den norske kyrkja er størst og har vore tett knytt til samfunnet som statskyrkje og folkekyrkje. Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja har vore minoritetar utan det same forholdet til den norske samfunnet. Dette var vidare med å påverke dei ulike gruppene sin sosiale identitet og intergrupperelasjonar. Den katolske kyrkja og Metodistkyrkja maksimerer difor forskjellane mellom deira kyrkjesamfunn som inngruppe og det norske samfunnet og vidare offentleg seksualundervisning som utgruppe.

Feministisk teori og skeiv teori undersøker blant anna korleis samfunnet sine heteronormative strukturar har forma kjønnsroller, kjønnsidentitetar og seksualitet. Ved samanlikning av informantane ser vi først og fremst fleire likskapar og der alle oppfatta seksualundervisning som særleg viktig. Dette er også noko som kjem fram ved tilnærma forskning av kristne og foreldre internasjonalt. Alle hadde syn på seksualitet og samliv som samsvarte med heteronormative strukturar. Derimot skilte informantane seg i kor opne dei var for kven som kunne ta del i desse strukturane. Den norske kyrkja er framleis einaste kyrkja som offisielt aksepterer likekjønna samliv og ekteskap.

Informantane frå dei ulike kyrkjene skilde seg med tanke på kor stor tiltru dei hadde til seksualundervisninga i skulen. Informantane frå Den norske kyrkja hadde høg tillit til at det vart gjennomført ei godt grunngjeve seksualundervisning i medhald av læreplanen. Medlemmene frå Metodistkyrkja og Den katolske kyrkja var på den andre sida bekymra over objektiviteten til lærar og skule. Dei hadde ei oppfatning av at det vart fremma ein politisk styrt ideologi. Dette gjaldt særleg emne rundt kjønn. I tillegg tykte dei det var manglande etisk refleksjon rundt fleire sårbare emne, blant anna rundt pornobruk og nakenbileter. Denne ulikskapen i oppfatning kan også vera påverka av kyrkjesamfunna sine forskjellige historier i det norske samfunnet og den offentlege skulen. Alle kyrkjesamfunna har reagert på utviklinga av dei seksuelle normene. Alle har også delteke i ein meir open og mindre tabulagt debatt rundt

seksualitet. Medan Den norske kyrkja offisielt har utvikla og liberalisert fleire av sine seksuelle normer, har Metodistkyrkja føreteke ei meir moderat utvikling med refleksjonar i Disiplinens bok. Den katolske kyrkja har lagt vekt på å forklare og legitimere seksualetikk og normer gjennom Pave Johannes Paul II si undervisning i «Kroppens Teologi». Dei skilte seg dermed ut i kor viktig det var at kyrkja sjølv hadde ei tydeleg og omfattande seksualundervisning og vidare eit sterkare behov for å bekrefte den sosiale identiteten gjennom seksualetikken sin.

## **6.2 Veggen vidare**

Funna i prosjektet kan gi ein peikepinn på oppfatningar kristne i Norge har av offentleg seksualundervisninga. Sidan eg berre intervjuar eit knippe informantar frå tre ulike kyrkjesamfunn i Bergen vert forskinga avgrensa til nokre få kristne leiarar sine oppfatningar og opplevingar i eit bestemt område. Religiøse leiarar er også meir prototypiske informantar enn det gjengse medlem av meinigheita. Difor vil nok deira oppfatningar og opplevingar kunne vera meir samstemde med kyrkja sine offisielle standpunkt. Det ville difor også vera interessant å undersøke vanlege medlemmer si oppfatning av seksualundervisninga, og samanlikne denne med synspunkta til leiarane.

Ein kan også forske på om oppfatningane informantane har av gjennomføringa av seksualundervisninga samsvarar med det som faktisk skjer i klasserommet. Informantane mine la blant anna vekt på at lærarar har eit stort ansvar for gjennomføring av undervisninga. Ein kan vidare undersøke korleis lærarar bruker dette ansvaret og få bekrefte eller avkrefta bekymringar angående objektivitet og fremming av politisk ideologi.

Det har også kome fram i både bakgrunn og teori at fremming av heteronormative verdiar og kritikk mot seksualundervisninga og dei seksuelle normene ikkje er ei unik kristen problemstilling. Difor ville det også vera interessant å samanlikne sekulære og ikkje-religiøse informantar sine oppfatningar av seksualundervisninga med deltakande kristne eller kristne leiarar. I tillegg eller i staden for ikkje-religiøse kan ein også samanlikne mot andre religiøse samfunn i Norge, slik som muslimar, hinduistar, buddhistar osv. Då kan ein finne ut kva som er ei unik kristen oppleving og kva som eventuelt kjem av andre faktorar i det norske samfunnet.

## Bibliografi

- Andvik, E. (2022). *Kroppens Teologi*. St. Rita Forlag.
- Andreassen, B. (2018). *Religionsdidaktikk: En innføring* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Anker, T. (2020). *Analyse i Praksis: En håndbok for masterstudenter*. Cappelen Damm Akademisk.
- Bakkevig, T. & Kristiansen, T. (2020). *Da Gud skiftet mening: Femti år som forandret kirken*. Cappelen Damm.
- Barbour, R. (2014). *Introducing Qualitative Research: A Student's Guide* (2. utg.). Sage.
- Bartz, T. (2007). Sex Education in Multicultural Norway. *Sex Education*, 7(1), 17-33.  
<https://doi.org/10.1080/14681810601134702>
- Berg, S.F. (2002). *Den unge Karl Evang og utvidelsen av helsebegrepet: En idéhistorisk fortelling om sosialmedisinens fremvekst i norsk mellomkrigstid*. Solum Forlag.
- Bernhardt, E. (1956). Grunnleggeren. I E. Bernhardt & A. Hardy (Red.), *Metodistkirken i Norge 100 år* (s. 13-23). Norsk Forlagsselskap.
- Borgen, P. (1993). Metodistkirken. I P. Borgen & B. Harladsø (Red.), *Kristne kirker og trossamfunn* (s. 229-242). Tapir Forlag.
- Bibelen. (2011). Bibelselskapet. <https://bibel.no/nettbibelen>
- Brodersen, D. A. (2008). Jubileumshilsen. I A. T. Hommedal & B. Sandberg, B (Red.), *Menighet St. Paul: 1858-2008* (s. 6-7). Efreml forlag.
- Brintnall, K. L. (2013). Queer Studies and Religion. *Critical Research on Religion*, 1(1), 51-61. <https://doi.org/10.1177/2050303213476111>
- Butler, J. (2017). Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity. I D. L. Boisvert & C. Daniel-Hughes (Red.), *The Bloomsbury Reader In Religion, Sexuality and Gender* (s. 184-186). Bloomsbury.

- Cameron, A., Smith, E., Mercer, N. & Sundstrom, B. (2019). 'It Is Our Duty: Understanding Parents' Perspectives on Reproductive and Sexual Health Education. *Sex Education*, 20(5), 535-551. <https://doi.org/10.1080/14681811.2019.1704720>
- Centralkirken. (2023). *Vår historie: Litt historie om Centralkirkens menighet*.  
<https://centralkirken.no/om-oss/historie>
- Cullen. S. (2005). *Religion and Gender*. Veritas Publication.
- de Lauretis, T. (1991). Queer Theory: Lesbian and Gay Sexualities: An Introduction. *Differences: A Journal of Feminist Cultural Studies*, 3(2), iii-xviii.  
<https://doi.org/10.1215/10407391-3-2-iii>
- Dent, L. & Maloney P. (2016). Evangelical Christian parents' Attitudes Towards Abstinence Based Sex Education: 'I Want My Kids to Have Great Sex!'. *Sex Education*, 17(2), 149-164. <https://doi.org/10.1080/14681811.2016.1256281>
- Den Norske Kirke. (2018). *UKM 05/18 Seksualundervisning i kyrkja: Vedtak*. Kirken.  
<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/ungdommens-kirkemote/2018/ukm-sak-5-18-seksualundervisning-i-kyrkja---vedtak.pdf>
- Den Norske Kirke. (2023a). *Råd utvalg: Møteinnkallinger og Protokoller*. Kirken.  
<https://www.kirken.no/nb-NO/fellesrad/Bergen/om-fellesradet/motedokumenter/>
- Den Norske Kirke. (2023b). *Om Bergen Kirkelige Fellesråd*. Kirken.  
<https://www.kirken.no/nb-NO/fellesrad/Bergen/om-fellesradet/>
- Den Norske Kirke. (2023c). *Medlemsstatistikk*. Kirken.  
<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/bakgrunn/kirkestatistikk/medlemsstatistikk/>
- Dokka, T. S. (2018). Den norske kirke – folkekirke mellom inklusivitet og eksklusivitet. O. Tjørhom (Red.), *Kirkesamfunn i Norge: Innføring i Kirkekunnskap* (s. 57-80). Cappelen Damm.
- Eidsvig, B. I. (2008). St. Paul menighet i Bergen: 1844-1987. I A. T. Hommedal & B. Sandberg (Red.), *Menighet St. Paul: 1858-2008* (s. 8-17). Efrem forlag.
- Ekeberg, A. (1956). Vekst og utvikling: Forberedende skritt for menighetsdannelse. I E. Bernhardt & A. Hardy (Red.), *Metodistkirken i Norge 100 år* (s. 24-39). Norsk Forlagsselskap.

- Elstad, H. (2005). *Nyere norsk kristendomshistorie*. Fagbokforlaget
- Endsjø, D. Ø. (2011). *Sex and Religion: Teachings and Taboos in the History of World Faiths*. Reaktion Books.
- Gedro, J. & Mizzi, R. C. (2014). Feminist Theory and Queer Theory: Implications for HRD Research and Practice. *Advances in developing human resources*, 16(4), 445-456.  
<https://doi.org/10.1177/1523422314543820>
- Goldschmidt-Gjerløw, B. (2022) Exploring Variation in Norwegian Social Science Teachers' Practice Concerning Sexuality Education: Who Teachers Are Matters and So Does School Culture. *Scandinavian Journal of Educational Research*, 66(1), 163-178.  
<https://doi.org/10.1080/00313831.2020.1869072>
- Haddal, I. (1977). *Vær fra vest: Fra Metodistkirkens historie i Norge*. Luther Forlag.
- Hadland, A. (2018). Den katolske kirke – sakramentalt liv og hierarkisk struktur. I O. Tjørhom (Red.), *Kirkesamfunn i Norge: Innføring i Kirkekunnskap* (s. 101-123). Cappelen Damm.
- Halvorsen, G., Lundevold, G., Waage, W. & Lien, O. (1990). *Centralkirkens menighet: Bergen 1890-1990*. Centralkirken menighet.
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2017). *Snakk om det! Strategi for seksuell helse (2017-2022)*. Regjeringen.  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/284e09615fd04338a817e1160f4b10a7/strategi\\_seksuell\\_helse.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/284e09615fd04338a817e1160f4b10a7/strategi_seksuell_helse.pdf)
- Herriot, P. (2007). *Religious Fundamentalism and Social Identity*. Routledge.
- Hines, S. (2022). *Er kjønn flytende? En innføring for det 21. århundre*. Mangschou.
- Hogg, M. A. (2016). Social Identity Theory. I S. McKeown, R. Haji, & N. Ferguson (Red.), *Understanding Peace and Conflict Through Social Identity Theory Contemporary Global Perspectives* (s. 3-17). Springer.

- Hogg, M. A. & Abrams, D. (1988). *Social Identifications: A Social Psychology of Intergroup Relations and Group Processes*. Routledge.
- Holst, C. (2017). *Hva er feminisme* (2. utg.) Universitetsforlaget.
- Høgh, G. (2008). St. Paul skole – 135 år i tjeneste og oppdrag. I Hommedal, A. T. & Sandberg, B. (Red.), *Menighet St. Paul: 1858-2008*. (s. 106-127). Efrem forlag.
- Jacobsen, M. H. & Jensen, S. Q. (2012). Kvalitative utfordringer: kvalitativ metode under forandring. I M. H. Jacobsen & S. Q. Jensen (Red.), *Kvalitative utfordringer*. (s. 11-24). Hans Reitzels Forlag.
- Jagger, G. (2008). *Judith Butler: Sexual Politics, Social Change and The Power of The Performative*. Routledge.
- Jagose, A. (1996). *Queer Theory: An Introduction*. Melbourne University Press.
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget.
- Johansen, E. B. (2021, 07. februar). Frykter undervisning om «flere kjønn» i skolen. *Vårt land, Kultur*. <https://www.vl.no/kultur/2023/02/07/frykter-undervisning-om-flere-kjonn-i-skolen/>
- Johnson, J. M. (2017). Is the Practice of Homosexuality Incompatible With Christian Teaching?. I D. L. J. Barnhart, R. K. Jordon, A. Joyner, & J. M. Johnson (Red.), *Living faithfully : Human Sexuality and the United Methodist Church* (s 10-22). Abingdon Press. <https://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=4947380>
- Juschka, D. M. (2016). Feminism and Gender Theory. I M. Stausberg & S. Engler (Red.), *The Oxford Handbook of the Study of Religion* (s. 137-149). Oxford University Press.
- Kloster, S. T. (2020). Kirkelig uenighetsfellesskap. *Kirke og Kultur*, 125(4), 381-396. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.1504-3002-2020-04-09#:~:text=https%3A//doi.org/10.18261/issn.1504%2D3002%2D2020%2D04%2D09>



- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordnet del*. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.  
<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>
- Kunnskapsdepartementet. (2019a). *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) (RLE01-03)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.  
<https://www.udir.no/lk20/rle01-03>
- Kunnskapsdepartementet. (2019b). *Læreplan i naturfag (NAT01-04)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nat01-04>.
- Kunnskapsdepartementet. (2019c). *Læreplan i Samfunnsfag (SAF01-04)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/saf01-04>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det Kvalitative Forskningsintervju* (3. utg.). (T. M. Anderssen & J. Rygge, Overs.). Gyldendal.
- Kyrkerådet. (2010). *Plan for trosopplæring: GUD GIR – VI DELER*. Ressursbanken.  
[https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/planer-visjonsdokument-og-strategier/plan\\_trosopplaering\\_2010\\_2013\\_nynorsk.pdf](https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/planer-visjonsdokument-og-strategier/plan_trosopplaering_2010_2013_nynorsk.pdf)
- Leer-Salvesen, P. (2002). Den romersk-katolske kirke. I H. Sødal (Red.). *Det kristne Norge: Innføring i konfeksjonskunnskap* (s. 35-77). Høyskoleforlaget.
- Lingaas, C. (2021). Religious Group Identities in Genocide: Social Identity Theory as a Tool for Dientangling Law and Religion. *Nordic Journal of Human Rights*, 39(4), 440-457. <https://doi.org/10.1080/18918131.2021.2015148>
- Metodistkirken i Norge. (2023a). *Spørsmål og svar*. Metodistkirken.  
<https://www.metodistkirken.no/sporsmal-og-svar>
- Metodistkirken i Norge. (2023b). *Metodistkirken og LHBTQ-personer*. Metodistkirken.  
<https://www.metodistkirken.no/metodistkirken-og-lhbtq-personer>
- Metodistkirken i Fyllingsdalen. (u.å.). *Første Metodistkirke - Metodistkirken i Fyllingsdalen*.

<https://fyllingsdalen.metodistkirken.no/omoss/>

Moi, T. (2002). *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp I feministisk teori* (2. utg.) (R. C. Granaas, Overs.). Gyldendal.

Müller, P. O. (2011). *Et streiftog gjennom Den katolske kirkes historie i Norge: fra den første misjonstid til nyere tid*. Eget forlag.

Newsheiser, D. (2015) Sexuality and Christian Tradition: Innovation and Fidelity, Ancient and Modern. *The Journal of Religious Ethics*, 43(1), 122-145.

<https://www.jstor.org/stable/24586178>

Nordberg, K. H. (2021). Frigjøring gjennom vitenskap: Karl Evang som seksualopplyser.

*Tidsskrift for Den norske legeforening*, 141(9), 868-874.

<https://doi.org/10.4045/tidsskr.20.0558>

Nilsen, K. (1993) Den norske kirke. I P. Borgen & B. Harladsø (Red.), *Kristne kirker og trossamfunn* (s. 127-142). Tapir Forlag.

Nilssen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier: Den skrivende forskeren*.

Universitetsforlaget.

NRK. (2023, 9. juni). Ber om fritak fra seksualundervisning. NRK.

<https://www.nrk.no/sorlandet/ber-om-fritak-fra-seksualundervisning-1.16440771> .

Oftestad, B.T. & Sødal, H. (2002). Evangelisk-lutherske kirkesamfunn i Norge. I Sødal, H.

(Red.): *Det kristne Norge: Innføring i konfesjonskunnskap*. (s. 97-154).

Høyskoleforlaget.

Oftestad, B.T. (2002). Lutherdommen. I H. Sødal (Red.). *Det kristne Norge: Innføring i*

*konfesjonskunnskap* (s. 79-96). Høyskoleforlaget.

Oxford. (2023). *Queer*. Oxford learner's Dictionaries,

